Masfjorden kommune

# Innkalling
# av
# Kommunestyret

**Møtedato:** 29.10.2015
**Møtestad:**
**Møtetid:** 10:45 - 15:00

Felles middag med det nye kommunestyret kl. 15:00

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395
eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.


| | | |
|---|---|---|
| 068/2015 | Godkjenning av innkalling og sakliste | s. 2 |
| 069/2015 | Godkjenning av møtebok | s. 3 |
| 004/2015 | Orientering frå rådmann | s. 4 |
| 070/2015 | Barnehagesatsar 2016 | s. 5 |
| 071/2015 | Auke i matpengane i barnehagane | s. 7 |
| 072/2015 | SFO-satsar 2016 | s. 9 |
| 073/2015 | Rammetimetal for skuleåret 2016-17 | s. 11 |
| 074/2015 | Elev- og lagsbetaling i kulturskulen | s. 20 |
| 075/2015 | Eigenbetaling pleie og omsorgstenester 2016 | s. 23 |
| 076/2015 | Kommunale avgifter 2015 - Masfjorden kommune | s. 26 |
| 077/2015 | Avgift Renovasjon 2016 | s. 31 |
| 078/2015 | Kommunale gebyr 2016 - Masfjorden kommune | s. 34 |
| 079/2015 | Elevbetaling idrettsskulen 2016 | s. 44 |
| 080/2015 | Kraftfondsbudsjettet for 2016 | s. 46 |
| 081/2015 | Revidert samarbeidsavtale for PPT | s. 51 |
| 082/2015 | Den kulturelle skulesekken - plan for perioden 2016-18 | s. 57 |
| 083/2015 | Samarbeid med Modalen kommune om 100% stilling som flyktningkonsulent | s. 69 |
| 084/2015 | Vertskommunesamarbeid - barnevernstenestene i Gulen og Masfjorden kommunar | s. 72 |
| 085/2015 | Framlegg til ny kriseplan for Masfjorden kommune | s. 81 |
| 086/2015 | Framlegg til overordna risiko og sårbarheitsanalyse for Masfjorden kommune | s. 100 |
| 087/2015 | Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Sandneskafeen | s. 178 |
| 088/2015 | Teknisk utval - tilbakemelding frå evalueringsgruppa | s. 183 |

| | | |
|---|---|---|
| 089/2015 | Finansrapportering pr. 2.tertial 2015 | s. 193 |
| 090/2015 | Økonomisk rapportering 2. tertial 2015 | s. 197 |
| 091/2015 | Kommunikasjonsplan - Nordhordlandsalternativet/kommunereform | s. 221 |
| 092/2015 | Referatsak | s. 228 |


22. oktober 2015

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire
Holmaas sekretær

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Maud Sleire Holmaas | | 15/869 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 068/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**Saksopplysningar:**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Maud Sleire Holmaas | | 15/869 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 069/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

## Godkjenning av møtebok

32T

Protokoll - Kommunestyret - 10.09.2015

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møtebok vert godkjend.

**Saksopplysningar:**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Maud Sleire Holmaas | | 15/869 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 004/2015 | Kommunestyret | | 28.10.2015 |

**Orientering frå rådmann**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Saksopplysningar:**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Alf Magnar Strand | | 15/778 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 104/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 070/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Barnehagesatsar 2016**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 3 % til kr 2395 pr. månad, gjeldande frå 1. april 2016. Syskenmoderasjonen vert samordna med SFO slik kommunestyret vedtok i sak 37/2015.**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn/Fakta/Vurdering**

Barnehagesatsane i Masfjorden vart auka med 3,5 % frå 1. april 2015. Ein heildagsplass kostar no kr 2325,- pr. mnd. Syskenmoderasjonen vart i kommunestyresak 37/2015 samordna med tilsvarande moderasjon i SFO. Vedtaket lyder: «Yngste barn betalar fullt ut, neste barn i barnehage/SFO får 30 % moderasjon, 3. barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon. Neste barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon.»

I budsjettarbeidet for 2016 legg ein til grunn ein inntektsvekst på 3 %. Masfjorden kommune har som mål at me skal ha full barnehagedekning og at satsane våre skal liggja under maksprisen. Maksprisen er frå 1. mai 2015 kr 2580,- pr. mnd. Rådmannen meiner at me bør halda oss under maksprisen også i 2016, sjølv om utgiftene til barnehagedrift er aukande og foreldrebetalinga berre dekkar ein mindre del av kostnadene.
Frå 1. mai i år er det gjort endringar i «Forskrift om foreldrebetaling i barnehage». Frå no av skal ingen hushaldningar betala meir enn 6 % av inntekta si på ein barnehageplass. Frå 1. august er det også innført gratis kjernetid for 4- og 5-åringar frå familiar med låg inntekt. Barna får tilbod om 20 t gratis barnehage pr veke dersom familien har ei inntekt på under 405000 kr. Me veit ikkje enno kva utslag dette vil gje på inntektene for barnehagane her hjå oss. Rådmannen går inn for å auka barnehagesatsane med kr 70 pr. mnd frå 1. april 2016. Det utgjer 3 % . For inntektssida i budsjettet vil det utgjera om lag kr 50000 for heile året.

**Konklusjon**

Barnehagesatsane vert auka til kr 2395 pr. mnd frå 1. april 2016. Syskenmoderasjonen vert uendra.

**Formannskapet - 104/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Endringsframlegg KrF

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 3 % til kr 2395 pr. månad, gjeldande frå 1. april 2016. Syskenmoderasjonen vart i kommunestyresak 37/2015 samordna med tilsvarande moderasjon i SFO. Vedtaket lyder: «Yngste barn betalar fullt ut, neste barn i barnehage/SFO får 30 % moderasjon, 3. barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon. Neste barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen med endringar frå KrF vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**
**Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 3 % til kr 2395 pr. månad, gjeldande frå 1. april 2016.** Syskenmoderasjonen vart i kommunestyresak 37/2015 samordna med tilsvarande moderasjon i SFO. Vedtaket lyder: «Yngste barn betalar fullt ut, neste barn i barnehage/SFO får 30 % moderasjon, 3. barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon. Neste barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Alf Magnar Strand | FA - B44 | 15/795 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 105/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 071/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Auke i matpengane i barnehagane**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Frå 1. april 2016 aukar matpengane i barnehagane til kr 270,- pr. mnd. Frå og med budsjettåret 2017 vil matpengane stiga med den satsen for generell prisauke som er lagt inn i budsjettet elles.**

**Saksopplysningar:**

Bakgrunn/Fakta/Vurdering/Konklusjon

Matpengane i barnehagen var sist oppe til politisk handsaming i kommunestyremøtet den 8/9 2011 som sak 62/11. Kommunestyret gjorde då følgjande samrøystes vedtak: «Frå 1. januar 2012 aukar matpengane i dei kommunale barnehagane i Masfjorden med kr 50 til kr 250 pr. månad pr. barn.»

Det er følgjande ordningar med mat i barnehagane våre:

I Indre Masfjorden er det smørjemåltid midt på dagen, 5 dagar i veka. I Sandnes og Nordbygda er det smørjemåltid 4 dagar og varmt måltid den femte dagen.
Til smørjemåltidet vert det kjøpt inn brød og pålegg. Borna får drikke til maten, anten vatn eller mjølk. I Sandnes og Nordbygda får borna òg tilbod om mjølk til frukosten. (Frukosten er niste som borna har med heimanfrå.)
I kvar barnehage er det òg eit fruktmåltid om ettermiddagen. I Indre Masfjorden barnehage får borna då 1 brødskive eller 1-2 knekkebrød i tillegg til frukt.
Nordbygda og Sandnes har varmt måltid ein gong i veka, Indre Masfjorden i gjennomsnitt ein gong annakvar veke. Det varme måltidet erstattar då smørjemåltidet den dagen.
Dei vaksne betalar kr 15,- i matpengar kvar dag. Dei må betala kaffi/te i tillegg.

Satsen for matpengar i barnehagane har vore uendra sidan 2012. Foreldra betalar kr 250 pr. månad pr. barn som betaling for to måltid, frukt og mjølk dagleg. Dette utgjer kr 12,50 pr. dag. Matvareprisane har auka med 7,8 % sidan 1.1. 2012, og styrarane ser no at ein ikkje kan oppretthalda dette tilbodet utan å auka matpengane.
Utgangspunktet er at foreldra skal betala det mat, mjølk og frukt til desse måltida kostar. Dersom me skal halda fram med dei gjeldande satsane, vil kommunen subsidiera maten for borna. Det vil då føra til mindre pengar til barnehagedrifta. Rådmannen meiner at

matpengane må aukast så mykje at betalinga frå foreldra dekkar utgiftene. Spørsmålet er om ein skal auka matpengane årleg ved å leggja til auken i matvareprisane t.d. frå 1. april kvart år på same måten som barnehagesatsane, eller om ein skal legga på satsane med ein litt større sum t.d. kvart tredje år.

Rådmannen går inn for å auka matpengane med kr 20 til kr 270 pr. månad pr. barn frå 1. april 2016. Dette er ein ganske stor auke, men når ein tek med i reknestykket at satsane ikkje har stige dei siste 4 åra, meiner rådmannen at auken ikkje er urimeleg. Dagsatsen vil frå då av bli kr 13,50 pr. dag. Frå og med budsjettåret 2017 vil rådmannen tilrå at matpengane i barnehagane årleg aukar med den same satsen som den generelle prisauken som ligg til grunn i budsjettet.

**Formannskapet - 105/2015**

**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Generell prisauke eller matprisutvikling.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**Frå 1. april 2016 aukar matpengane i barnehagane til kr 270,- pr. mnd. Frå og med budsjettåret 2017 vil matpengane stiga med den satsen for generell prisauke som er lagt inn i budsjettet elles.**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Alf Magnar Strand | FA - A22, FE - 233 | 15/780 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 103/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 072/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

## SFO-satsar 2016

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**SFO-satsane vert auka med 3 % frå 1. april 2016.**

**Dei nye satsane er:**
**T.o.m. 5,9 timar pr. veke: kr 520,- pr. mnd**
**6,0 – 9,9 timar pr. veke: kr 1035,- pr. mnd**
**10,0 – 13,9 timar pr. veke: kr 1430,- pr. mnd**
**14 timar og over pr. veke: kr 2080,- pr. mnd**

**Syskenmoderasjonen er slik han vart vedteken av kommunestyret i sak 37/2015.**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn/ Fakta/Vurdering**

SFO-satsane skal vedtakast av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga kvart år. Satsane vart sist endra med verknad frå 1. april 2015. Auken var på 3 % og førte til følgjande satsar:

T.o.m. 5,9 timar pr. veke: kr 505,- pr. mnd
6,0 – 9,9 timar pr. veke: kr 1005,- pr. mnd
10,0 – 13,9 timar pr. veke: kr 1390,- pr. mnd
14 timar og over pr. veke: kr 2020,- pr. mnd

Syskenmoderasjon var oppe som eiga sak i kommunestyret i sak 37/2015, sjå detaljane i sak om barnehagesatsane.
Rådmannen går inn for å auka satsane med 3 % med verknad frå 1. april 2016. Ein slik auke er i samsvar med den generelle inntektsauken som er lagt inn i budsjettet og vil styrka inntektssida i budsjettet med kr 20000,-.

**Konklusjon**

SFO-satsane vert auka med 3 % frå 1. april 2016.

**Formannskapet - 103/2015**

**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.
Saka vart drøfta.
Endringsframlegg KrF
Syskenmoderasjonen vart i kommunestyresak 37/2015 samordna med tilsvarande moderasjon i SFO. Vedtaket lyder: «Yngste barn betalar fullt ut, neste barn i barnehage/SFO får 30 % moderasjon, 3. barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon. Neste barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon.»
**Røysting:**
Framlegg til vedtak frå rådmannen med endringar frå KrF vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**SFO-satsane vert auka med 3 % frå1. april 2016.**
**Dei nye satsane er:**
**T.o.m. 5,9 timar pr. veke: kr 520,- pr. mnd**
**6,0 – 9,9 timar pr. veke: kr 1035,- pr. mnd**
**10,0 – 13,9 timar pr. veke: kr 1430,- pr. mnd**
**14 timar og over pr. veke: kr 2080,- pr. mnd**
**Syskenmoderasjonen vart i kommunestyresak 37/2015 samordna med tilsvarande moderasjon i SFO. Vedtaket lyder: «Yngste barn betalar fullt ut, neste barn i barnehage/SFO får 30 % moderasjon, 3. barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon. Neste barn i barnehage/SFO får 50% moderasjon.»**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Alf Magnar Strand | FA - B14 | 15/839 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 108/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 073/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Rammetimetal for skuleåret 2016-17**

32T

Oversyn over elev-, klasse- og timetal (23286)

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2016-17 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for
budsjettet 2016 til 753 t/v.

2 Timane skal dekka:
a) Timar etter fag- og timebyteplan
b) Delingstimar
c) Kontaktlærartenesta
d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i
Opplæringslova)
f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av
rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein
konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjettrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**
Rammetimetalet har vore gjennomarbeidd av rektorane i budsjettprosessen. Rektorane har sett opp framlegg til rammetimetal for eigen skule i samsvar med tildelt budsjettramme. Rådmannen har deretter handsama rammetimetalet med vekt på å få til ei likeverdig tildeling mellom skulane. For å få til eit budsjett i balanse, har rådmannen i samråd med rektorane måtta spara inn nokre timar på kvar skule.
Oversyn over rektorane sine framlegg og rådmannen sin gjennomgang ligg ved.
Lønsbudsjettet for kvar skule vil deretter bli sett opp med bakgrunn i vedteke rammetimetal.

**Fakta/Vurdering**
Utviklinga i rammetimetalet dei siste åra

| Skuleår | Rammetimetal | Elevtal |
|---|---|---|
| 2006-07 | 796,5 | 234 |
| 2007-08 | 796,5 | 225 |
| 2008-09 | 790 | 223 |
| 2009-10 | 768 | 225 |
| 2010-11 | 770 | 221 |
| 2011-12 | 760 | 208 |
| 2012-13 | 773 | 202 |
| 2013-14 | 773 | 202 |
| 2014-15 | 765 | 199 |
| 2015-16 | 768 | 197 |

Rådmannen legg i sitt framlegg opp til at rammetimetalet for skuleåret 2016-17 vert minka med 15 timar i høve til det skuleåret me no er inne i. Rådmannen har i sitt framlegg kutta litt i timetalet til både spesialundervisning og vanleg undervisning. Nordbygda skule får ein klasse mindre neste skuleår, for dei andre to skulane er det inga endring i klassetalet. Som det går fram av tabellen ovanfor, er elevtalet i kommunen ganske stabilt. Rådmannen prøver også komande år å leggja opp til å bruka forholdsvis mange timar i småskulen. Dette er i samsvar med den vekt sentrale styresmakter legg på tidleg tiltak og auka lærartettleik i småskulen, og rådmannen finn det rett å prioritera desse årsstega.
Rektorane kan elles, etter at kommunestyret har gjort vedtak, fordela delingstimane på dei klassestega dei meiner timane vil koma best til nytte.

**Konklusjon**
Rådmannen tilrår at framlegget til rammetimetal for skuleåret 2016-17 vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga.

**Formannskapet - 108/2015**

**FS - behandling:**

Oppvekstleiar Alf Strand møtte og orienterte om saka overfor formannskapet i forkant av møtet.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**1. Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2016-17 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2016 til 753 t/v.**

**2. Timane skal dekka:**
**a) Timar etter fag- og timebyteplan**
**b) Delingstimar**
**c) Kontaktlærartenesta**
**d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving**
**e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)**
**f) Spesialpedagogiske timar til vaksne**

**3. I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.**

**4. Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.**

**5. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.**

**6. Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjettrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.**

# Masfjorden kommune

Rådgjevargruppa

**Notat**

Til Formannskap/kommunestyre

Kopi til:

Sakshandsamar: Rådgjevargruppa/Alf Magnar Strand

Vår referanse: 15/839 - 15/4620 / FA - B14

Dato: 13.10.2015

---

**Emne: Oversyn over elev-, klasse- og timetal**

Vedlagt følgjer oversyn over elev-, klasse- og timetal ved skulane skuleåret 2016-17 som bakgrunnsmateriale for å vedta rammetimetalet.

Alf Strand
Oppvekstleiar

MATRE SKULE 2015-16 **MATRE SKULE 2016-17**

| Årssteg | Tal elevar | Tal klassar | **Årssteg** | **Tal elevar** | **Tal klassar** |
|---|---|---|---|---|---|
| 1./2 | 9 | 1 | **1./2** | **12** | **1** |
| 3./4 | 15 | 1 | **3./4** | **13** | **1** |
| 5. | 4 | 1 | **5/6** | **8** | **1** |
| 6/7 | 16 | 1 | **7** | **12** | **1** |
| 8./9 | 15 | 1 | **8./9** | **14** | **1** |
| 10 | 8 | 1 | **10.** | **6** | **1** |
| | | | | | |
| Sum | 67 | 6 | | **65** | **6** |

Matre skule har 67 elevar fordelt på 6 klassar 2015-16.
Matre skule får 65 elevar fordelt på 6 klassar 2016-17.

NORDBYGDA SKULE 2015-16 **NORDBYGDA SKULE 2016-17**

| Årssteg | Tal elevar | Tal klassar | **Årssteg** | **Tal elevar** | **Tal klassar** |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 8 | 1 | **1./2** | **14** | **1** |
| 2. | 11 | 1 | **3.** | **11** | **1** |
| 3. | 13 | 1 | **4.** | **13** | **1** |
| 4/5. | 12 | 1 | | | |
| 6 | 9 | 1 | **5/6** | **12** | **1** |
| 7. | 9 | 1 | **7** | **9** | **1** |
| 8/9. | 14 | 1 | **8/9.** | **14** | **1** |
| 10. | 5 | 1 | **10.** | **9** | **1** |
| Sum | 82 | 8 | | **82** | **7** |

Nordbygda skule har 82 elevar fordelt på 8 klassar 2014-15.
Nordbygda skule får 82 elevar fordelt på 7 klassar 2015-16.

SANDNES SKULE 2015-2016 **SANDNES SKULE 2016-17**

| Årssteg | Tal elevar | Tal klassar | **Årssteg** | **Tal elevar** | **Tal klassar** |
|---|---|---|---|---|---|
| 1./2 | 12 | 1 | **1./2** | **14** | **1** |
| 3./4 | 10 | 1 | **3./4** | **4** | **1** |
| 5./6/7 | 11 | 1 | **5./6/7** | **14** | **1** |
| | | | | | |
| 8./9 | 11 | 1 | **8/9** | **10** | **1** |
| 10. | 9 | 1 | **10** | **6** | **1** |
| | | | | | |
| | | | | | |
| Sum | 53 | 5 | | **48** | **5** |

Sandnes skule har 53 elevar fordelt på 5 klassar 2015-16.
Sandnes skule får 48 elevar fordelt på 5 klassar 2016-17.

1 TIMAR TIL VANLEG UNDERVISNING
Skulane har levert inn følgjande behov for timar:

A Matre skule

| Klasse | Elevtal | Basistimar | Delingstimar | Sum timar |
|---|---|---|---|---|
| 1./2 | 12 | 24 | 8 | 32 |
| 3./4 | 12 | 24 | 9 | 33 |
| 5./6 | 9 | 30 | 10 | 40 |
| 7 | 12 | 30 | 0 | 30 |
| 8./9 | 14 | 31 | 12 | 43 |
| 10. | 6 | 31 | | 31 |
| **Sum** | **65** | **170** | **39** | **209** |

Matre skule har 209 timar til vanleg undervisning skuleåret 2015-16.

B Nordbygda skule

| Klasse | Elevtal | Basistimar | Delingstimar | Sum timar |
|---|---|---|---|---|
| 1./2 | 14 | 24 | 12 | 36 |
| 3. | 11 | 24 | | 24 |
| 4. | 13 | 24 | | 24 |
| 5/6 | 12 | 30 | 12 | 42 |
| 7. | 9 | 30 | | 30 |
| 8/9 | 14 | 31 | 10 | 41 |
| 10. | 5 | 31 | 3 | 34 |
| **Sum** | **82** | **194** | **37** | **231** |

Nordbygda skule har 235 timar til vanleg undervisning skuleåret 2015-16.

**C Sandnes skule**

| Klasse | Elevtal | Basistimar | Delingstimar | Sum timar |
|---|---|---|---|---|
| 1./2. | 14 | 24 | 4 | 28 |
| 3./4 | 4 | 24 | 4 | 28 |
| 5./6/7 | 14 | 30 | 12 | 42 |
| 8./9 | 10 | 31 | 8 | 39 |
| 10 | 6 | 31 | 3 | 34 |
| **Sum** | **50** | **140** | **31** | **171** |
| | | | | |

Sandnes skule har 178 timar til vanleg undervisning skuleåret 2014-15.

**II Sosialpedagogiske tiltak på skulane**
Skulane har levert inn følgjande behov for timar til dette føremålet:

| Skule | Kontaktlærar | Rådgjevar/ sosiallærar | Elevråds-kontakt | IKT | **Sum** (2015-16) |
|---|---|---|---|---|---|
| Matre | 6 | 3 | 1 | 3 | **13** (15) |
| Nordbygda | 8 | 3 | 1 | 4 | **16** (17) |
| Sandnes | 5 | 3 | 1 | 4 | **13** (13) |

**III Tilleggsressursar til spesialundervisning**

Skulane har levert inn følgjande førebels behov for timar til spesialundervisning skuleåret 2016-17.

| | Timar | Byrdefull undervisning | Sum (2015-16) |
|---|---|---|---|
| Førskuletiltak | | | |
| Matre skule | 23 | 3 | **26** (30) |
| Nordbygda skule | 36 | 4 | **40** (40) |
| Sandnes skule | 35 | 4 | **39** (39) |
| Sum | 94 | 11 | **105** (109) |

**Rådmannen sitt framlegg til rammetimetal for skuleåret 2016-17**

I Timar til vanleg undervisning

A Matre skule

| **Klasse** | **Elevtal** | **Basistimar** | **Delingstimar** | **Sum timar** |
|---|---|---|---|---|
| 1./2 | 12 | 24 | 9 | 33 |
| 3./4 | 12 | 24 | 9 | 33 |
| 5/6 | 9 | 30 | 6 | 37 |
| 7. | 12 | 30 | | 30 |
| 8./9 | 14 | 31 | 11 | 43 |
| 10. | 6 | 31 | 3 | 34 |
| | 65 | 170 | 38 | 208 |

Dette er 1 t mindre enn rektor sitt framlegg.

B Nordbygda skule

| **Klasse** | **Elevtal** | **Basistimar** | **Delingstimar** | **Sum timar** |
|---|---|---|---|---|
| 1./2 | 12 | 24 | 10 | 34 |
| 3. | 11 | 24 | 0 | 24 |
| 4. | 13 | 24 | 0 | 24 |
| 5./6 | 12 | 30 | 9 | 39 |
| 7. | 9 | 30 | 0 | 30 |
| 8./9 | 14 | 31 | 11 | 42 |
| 10. | 9 | 31 | 3 | 34 |
| | 82 | 194 | 33 | 227 |

Dette er 4 timar mindre enn rektor sitt framlegg.

C Sandnes skule

| **Klasse** | **Elevtal** | **Basistimar** | **Delingstimar** | **Sum timar** |
|---|---|---|---|---|
| 1./2 | 14 | 24 | 10 | 34 |
| 3./4 | 4 | 24 | | 24 |
| 5/6/7 | 14 | 30 | 12 | 42 |
| 8./9 | 10 | 31 | 8 | 39 |
| 10. | 6 | 31 | 3 | 34 |
| | | | | |
| | 48 | 140 | 33 | 173 |

Dette er 2 timar meir enn rektor sitt framlegg.

**II Sosialpedagogiske tiltak på skulane**

Rådmannen går inn for slik tildeling av timar til dette føremålet:

| | Kontaktlærar | IKT | Rådgjevar/ sosiallærar | Elevråds-kontakt | Sum (2015-16) |
|---|---|---|---|---|---|
| Matre | 6 | 3 | 3 | 1 | 13 (15) |
| Nordbygda | 8 | 3 | 3 | 1 | 15 (17) |
| Sandnes | 5 | 3 | 3 | 1 | 12 (13) |
| Sum | 19 | 9 | 9 | 3 | 40 (45) |

**III Tilleggsressursar til spesialundervisning**

Rådmannen gjer slik innstilling:

| | Timar | Byrdefull undervisning | Sum (2015-16) |
|---|---|---|---|
| Førskuletiltak | 0 | | |
| Matre skule | 22 | 3 | 25 (27) |
| Nordbygda skule | 34 | 4 | 38 (33) |
| Sandnes skule | 33 | 3 | 36 (36) |
| Sum | 89 | 10 | 99 (96) |

**IV Rådmannen sitt framlegg til totalt rammetimetal**

| Skule | Basis | Deling | Sos.ped | Spes.ped | Byrdef | Sum | 2015-16 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Matre | 170 | 38 | 13 | 22 | 3 | 246 | 250 |
| Nordbygda | 194 | 33 | 15 | 34 | 4 | 280 | 285 |
| Sandnes | 140 | 33 | 12 | 33 | 3 | 221 | 227 |
| Sum | 504 | 104 | 40 | 89 | 10 | 747 | 762 |

Ressursar til disposisjon på kommunenivå:

| | |
|---|---|
| Spesialundervisning vaksne | 2 |
| Reserve | 4 |
| IKT | 0 |
| Sum | 6 |

Konklusjon:
Rådmannen vil fremja rammetimetalet for skuleåret 2016-17 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innafor vedteke budsjett 2016.

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2016-17 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2016 til 753 t/v.

2 Timane skal dekka:
a) Timar etter fag- og timebyteplan
b) Delingstimar
c) Kontaktlærartenesta
d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjettrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Alf Strand
Oppvekstleiar

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Frank Kvinge | FA - A30, FE - 233 | 15/807 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 107/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 074/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Elev- og lagsbetaling i kulturskulen**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Satsane for elevbetaling vert frå 01.08.16 auka med 3 % frå
**kr 2100 til kr 2163 frå 01.08.16**
**30 % søskenmoderasjon som før.**

Timesatsane for lagsbetaling vert frå 01.08.16 auka med 3 % frå
**kr. 275 til kr 283 for barne- og ungdomslag og frå**
**kr 375 til kr 386 for lag med vaksne medlemmer.**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

## Bakgrunn/ Fakta

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vart sist endra 01.08.14. Då vart satsane auka frå kr 2000 til 2100, om lag 5%.
Elevane si undervisningstid er mellom 20 og 60 minutt pr. veke.
Elevbetalinga utgjer for 2015 kr. 270 000

Samanlikna med nabokommunane ligg Masfjorden i nedre sjikt når det gjeld elevbetaling.
Masfjorden kr. 2100
Lindås kr. 3126
Meland kr. 3000
Austrheim kr. 2400
Radøy kr. 2800

Lagsbetalinga
Kor, korps og grupper kjøper dirigent- og instruktørtenester gjennom kulturskulen.
Ordninga sikrar ryddige tilsetjingstilhøve for dirigentar og instruktørar.
For skuleåret 2015-16 utgjer kjøpet om lag 0,88 årsverk.

Lagsbetalinga vart sist endra 01.08.14. Då vart timesatsane auka frå kr 250 til kr 275

for barne- og ungdomslag(10 % auke ) og kr 350 til kr 375 for lag med vaksne medlemmer.( 9% auke)
Lagsbetalinga utgjer for 2015 omlag 250 000. Utover dette dekkar laget reiseutgifter for dirigent/instruktør.

## Vurdering

Det er viktig å halda elevbetalinga på eit rimeleg nivå for å sikra ei god rekruttering til tilboda i kulturskulen. Kulturskuletilbodet når svært mange barn og unge i kommunen. Elevane i kulturskulen er viktige bidragsytarar i kulturelle samanhengar i bygdene våre, og dei er gode ambassadørar for kommunen.
Elevtalet er stabilt.

Det vert lagt opp til ein prosentvis auke av elevbetalinga på 3% gjeldande frå 01.08.16. Dette er i tråd med vedtak i rammesaka.

Laga er bærebjelken i det lokale kulturlivet, og for kommunen må det vera viktig å leggja best mogleg til rette for at laga har rammevilkår for utvikling.

Etter at timesatsane hadde stått uendra frå 01.08.11 vart satsane auka med kring 10% frå 01.08.14.
Fleire lag har ma pga lågare barnetal i kommunen hatt noko mindre rekruttering, noko som medfører at færre medlemmer må stå for innhenting av midlar til laget, og i neste omgang slitasje. Det vert frå lagshald kommentert at verken kommunale kulturmidlar eller kommunale VO-midlar har auka i takt med prisauken på kjøp av kommunale tenester gjennom kulturskulen. Sekken til kulturmidlar har faktisk vorte redusert dei siste åra.

Også her vert det i tråd med vedtak i rammesaka lagt opp til ein prosentvis auke av lagsbetalinga på 3% gjeldande frå 01.08.16.

## Konklusjon

Satsane for elevbetaling vert frå 01.08.16 auka med 3 % frå kr 2100 til kr 2163 frå 01.08.16
30 % søskenmoderasjon som før.

Timesatsane for lagsbetaling vert frå 01.08.16 auka med 3 % frå kr. 275 til kr 283 for barne- og ungdomslag og frå kr 375 til kr 386 for lag med vaksne medlemmer.

**Formannskapet - 107/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**
Satsane for elevbetaling vert frå 01.08.16 auka med 3 % frå
**kr 2100 til kr 2163 frå 01.08.16**
**30 % søskenmoderasjon som før.**

Timesatsane for lagsbetaling vert frå 01.08.16 auka med 3 % frå
**kr. 275 til kr 283 for barne- og ungdomslag og frå**
**kr 375 til kr 386 for lag med vaksne medlemmer.**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Helga Ellingsen | FE - 231 | 15/768 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 112/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 075/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Eigenbetaling pleie og omsorgstenester 2016**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**EIGENBETALING FOR PLEIE OG OMSORG, STØTTEKONTAKT OG HUSLEIGE I OMSORGSBUSTADER 2016**

1. **Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:**

| Grunnlag (1G = ) 90 068,- Pr 1. mai 2015 | Inntektsramme | Satsar pr/time | Pris pr. mnd. | Auke % |
|---|---|---|---|---|
| Inntil 2 G utgiftstak på | 0 – 180 136 | | 191,- | 3 |
| 2G - 3 G « | 180 136 – 270 199 | 64,- | 634,- | 3 |
| 3 G - 4 G « | 270 199 – 360 267 | 80,- | 801,- | 3 |
| 4 G - 5 G « | 360 267 – 450 335 | 119,- | 1.194,- | 3 |
| over 5 G « | 450 335 ---------- | 159,- | 1.591,- | 3 |

2. **Satsar for kortidsopphald institusjon:**

Her vil ein følgja staten sine satsar. Fastsetting av fribeløp og eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester vil verta gjort når ein mottar rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.(Rundskriv kjem i desember 2015)

3. **Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.852,- pr. mnd. (auke på 3 %)**

4. **Matombringing/sal av mat:**

Kr. 66,- pr. middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim
Kr. 77,- pr. middag m/ dessert, stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim
Kr. 36,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim
(satsane har vore uendra frå 2010 og 2011 og 2012, auke i 2013, uendra i 2014, auke 2015, auke i 2016)

5. **Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert kr. 269,- pr. mnd for 2016 (3% auke)**

(endra i 2014, uendra i 2015, endra i 2016)

Fritak for minstepensjonistar.

6. **Eigenbetaling for røykvarslar kopla til tryggleiksalarm vert kr. 28,- pr. mnd for 2016**

7. **Sats for støttekontakt / fritidskontakt vert kr. 174,50 pr. time.**
Sats for støttekontakt har ikkje vore justert på mange år og er pr. 2015 på kr. 140,- kr timen. Samanlikna med andre kommunar er denne satsen lav. Andre kommunar brukar assistent med 10 års ansiennitet som grunnlag for timeløn til støttekontakt, den er pr. i dag er på 174,50 pr. timen.

**Saksopplysningar:**

**Formannskapet - 112/2015**

**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Endringsframlegg frå AP:
Tilleggspunkt under pkt. 6: Fritak for minstepensjonistar.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen med endringsframlegg (AP) i tilleggspunkt, vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**EIGENBETALING FOR PLEIE OG OMSORG, STØTTEKONTAKT OG HUSLEIGE I OMSORGSBUSTADER 2016**

1. **Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:**

| Grunnlag (1G = ) 90 068,- Pr 1. mai 2015 | Inntektsramme | Satsar pr/time | Pris pr. mnd. | Auke % |
|---|---|---|---|---|
| Inntil 2 G utgiftstak på | 0 – 180 136 | | 191,- | 3 |
| 2G - 3 G « | 180 136 – 270 199 | 64,- | 634,- | 3 |
| 3 G - 4 G « | 270 199 – 360 267 | 80,- | 801,- | 3 |
| 4 G - 5 G « | 360 267 – 450 335 | 119,- | 1.194,- | 3 |
| over 5 G « | 450 335 ---------- | 159,- | 1.591,- | 3 |

2. **Satsar for kortidsopphald institusjon:**
Her vil ein følgja staten sine satsar. Fastsetting av fribeløp og eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester vil verta gjort når ein mottar rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.(Rundskriv kjem i desember 2015)

3. **Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.852,- pr. mnd. (auke på 3 %)**

4. **Matombringing/sal av mat:**
   Kr. 66,- pr. middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim
   Kr. 77,- pr. middag m/ dessert, stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim
   Kr. 36,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim
   (satsane har vore uendra frå 2010 og 2011 og 2012, auke i 2013, uendra i 2014, auke 2015, auke i 2016)

5. **Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert kr. 269,- pr. mnd for 2016 (3% auke)**
   (endra i 2014, uendra i 2015, endra i 2016)
   Fritak for minstepensjonistar.

6. **Eigenbetaling for røykvarslar kopla til tryggleiksalarm vert kr. 28,- pr. mnd for 2016**
   Fritak for minstepensjonistar.

7. **Sats for støttekontakt / fritidskontakt vert kr. 174,50 pr. time.**

Sats for støttekontakt har ikkje vore justert på mange år og er pr. 2015 på kr. 140,- kr timen. Samanlikna med andre kommunar er denne satsen lav. Andre kommunar brukar assistent med 10 års ansiennitet som grunnlag for timeløn til støttekontakt, den er pr. i dag er på 174,50 pr. timen.

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Roald Kvingedal | FE - 231 | 15/847 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 120/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 076/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Kommunale avgifter 2015 - Masfjorden kommune**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Gebyrsatsar (eks mva.) for vatn, avløp, feiing og slamtømming vert som følgjer i Masfjorden**

**kommune i 2016.**

| **Årsavgift vatn 2016** | Differensiering i prosent | Gebyr kr |
|---|---|---|
| Minimumsgebyr årsavgift | | 5000 |
| Bustadar og hytter | 100 % av minimumsgebyret | |
| Vatn inn i bygning, pris pr. m3 | | 12 |
| Fastavgift vassmålar | | 2 150 |
| **Tilknytingsavgift vatn 2015** | | 17 000 |
| Bustadar og hytter 0 - 70 m2 | 50 % av minimumsgebyret | |
| Bustader og hytter større enn 70 m2 100 % av minimumsgebyret | 100 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2 | 50 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2 | 100 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2 | 200% av minimumsgebyret | |
| **Årsavgift avlaup 2016** | | |
| Minimumsgebyr årsavgift | | 3000 |
| Bustadar og hytter | 100 % av minimumsgebyret | |
| Vatn ut av bygning, pris pr. m3 | | 14 |
| **Tilknytingsavgift avlaup 2016** | | 21 600 |
| Bustadar og hytter 0 - 70 m2 | 50 % av | |

| | | |
|---|---|---|
| | minimumsgebyret | |
| Bustader og hytter større enn 70 m2 | 100 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2 | 50 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2 | 100 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2 | 200% av minimumsgebyret | |
| **Slamgebyr private** | | 770 |
| **Slamgebyr pr. m3 frå kommunale avskiljarar** | | 310 |
| **Feiing/Branntilsyn** | | 470 |

**Heimel**

Forureiningslova §25, §34

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §3

Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn §7-5

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Dei kommunale avgiftene vert normalt justert årleg – og utgangspunktet er at kommunen skal søkje

ein balanse der avgifter dekkjer kostnader til investering, drift og vedlikehald av vassanlegg,

avløpsanlegg, slamtømming og feiing.

**Fakta**

Prisane i Masfjorden kommune er generelt høge samanlikna med våre nabokommunar. Det vert ingen justeringa på vassanlegg, slamtømming og feiing for 2016.

Tilknytingsavgift avløpsanlegg er det lagt inn med 3% stigning, dette gjeld og fastavgift vassmålar.

Slamgebyr pr. m3 frå kommunale avskiljarar har ikkje kommunen mottat noko frå NGIR for 2016, om det er endringar vert dette juster i budsjettsak i desember.

**Vurdering**

Det er naturleg at avgiftsnivået i Masfjorden kommune ligg nær gjennomsnittet for Nordhordland.

Samtidig er erfaringa at det er vanskeleg å finansiere dei aktuelle tenestene gjennom

sjølvkostprinsippet med det avgiftsnivået. Det betyr at tenestene delvis må finansierast på annan måte.

Det er reelt mogeleg å oppnå sjølvkost innafor feiing og avløp på sikt, men innafor vassforsyninga er

det truleg ikkje realistisk då investeringane er store i høve til talet på brukarar. Tilknytingsavgifta for

vatn og avløp bør ikkje stige for mykje då nivået allereie er høgt samanlikna med nabokommunane.

Det kan potensielt få konsekvensar for busetjinga i kommunen

**Konklusjon**
Administrasjonen si vurdering er at eit nivå på gebyr og avgifter som er gjennomsnittleg i forhold til

omliggjande kommunar – ikkje vil ha merkbare konsekvensar for busetnad og tilflytting til

kommunen. Skal nivået på gebyr/avgifter ha effekt i høve til busetnad og tilflytting må forskjellane

vera store.

**Formannskapet - 120/2015**

**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.
Saka vart drøfta.
**Endringsframlegg Høgre:**
Årsavgift vatn reduserer med 3% frå 5.000 til 4.850,-, vatn inn i bygning pris pr m3 reduserast frå 12 til 11.50.
**Røysting:**
Framlegg til vedtak frå rådmannen med endringsframlegg H vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**byrsatsar (eks mva.) for vatn, avløp, feiing og slamtømming vert som følgjer i Masfjorden**

**kommune i 2016.**

| **Årsavgift vatn 2016** | Differensiering i prosent | Gebyr kr |
|---|---|---|
| Minimumsgebyr årsavgift | | 4850 |
| Bustadar og hytter | 100 % av minimumsgebyret | |
| Vatn inn i bygning, pris pr. m3 | | 11,50 |
| Fastavgift vassmålar | | 2 150 |
| **Tilknytingsavgift vatn 2015** | | 17 000 |
| Bustadar og hytter 0 - 70 m2 | 50 % av minimumsgebyret | |
| Bustader og hytter større enn 70 m2 100 % av minimumsgebyret | 100 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2 | 50 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2 | 100 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2 | 200% av minimumsgebyret | |
| **Årsavgift avlaup 2016** | | |
| Minimumsgebyr årsavgift | | 3000 |
| Bustadar og hytter | 100 % av minimumsgebyret | |
| Vatn ut av bygning, pris pr. m3 | | 14 |
| **Tilknytingsavgift avlaup 2016** | | 21 600 |
| Bustadar og hytter 0 - 70 m2 | 50 % av minimumsgebyret | |
| Bustader og hytter større enn 70 m2 | 100 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2 | 50 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2 | 100 % av minimumsgebyret | |
| Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2 | 200% av minimumsgebyret | |
| **Slamgebyr private** | | 770 |
| **Slamgebyr pr. m3 frå kommunale avskiljarar** | | 310 |
| **Feiing/Branntilsyn** | | 470 |

**Heimel**

Forureiningslova §25, §34

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §3

Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn §7-5

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Roald Kvingedal | FE - 231 | 15/849 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 121/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 077/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Avgift Renovasjon 2016**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Renovasjonsgebyr for 2016 i Masfjorden kommune (eks.mva) vert som følgjer:**

| **Renovasjonsgebyr 2015** | **Rabatt/tillegg*** | **Utan heimek.** | **Med heimek.**** |
|---|---|---|---|
| Restavfall kvar 4. veke, 140 liter | kr 320,00 | kr 2 520,00 | kr 2 120,00 |
| Restavfall kvar 2. veke, 140 liter | Utgangspunkt | kr 2 840,00 | kr 2 440,00 |
| Restavfall kvar 2. veke, 240 liter | kr 320,00 | kr 3 160,00 | kr 2 760,00 |
| Hytterenovasjon | | kr 1 420,00 | |

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

**<u>Heimel</u>**

Ureiningslova §34.

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Masfjorden kommune har ikkje motteke gebyrvedtak av NGIR sitt representantskap for gebyrsatsar 2016. Dette er noko kommunen mottar i slutten av oktober. Kommunen skal

vurdere satsane i vedtaket og sjølv fatte sitt vedtak vedr. gebyrsatsane for 2016.

**Vurdering**

Masfjorden kommune har ikkje motteke gebyrvedtak av NGIR sitt representantskap for gebyrsatsar 2016. Om det er endringar frå NGIR må dette takast med i budsjettsak i desember.

**Konklusjon**
Rådmannen rår til at renovasjonsgebyret i Masfjorden kommune vert i samsvar med forslaget – der sjølvkost ligg til grunn for utrekna gebyr

**Formannskapet - 121/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**
**Renovasjonsgebyr for 2016 i Masfjorden kommune (eks.mva) vert som følgjer:**

| **Renovasjonsgebyr 2015** | **Rabatt/tillegg*** | **Utan heimek.** | **Med heimek.**** |
|---|---|---|---|
| Restavfall kvar 4. veke, 140 liter | kr 320,00 | kr 2 520,00 | kr 2 120,00 |
| Restavfall kvar 2. veke, 140 liter | Utgangspunkt | kr 2 840,00 | kr 2 440,00 |
| Restavfall kvar 2. veke, 240 liter | kr 320,00 | kr 3 160,00 | kr 2 760,00 |
| Hytterenovasjon | | kr 1 420,00 | |

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. =

kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

**Heimel**

Ureiningslova §34.

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Roald Kvingedal | FE - 231 | 15/848 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 122/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 078/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Kommunale gebyr 2016 - Masfjorden kommune**

32T

Gebyr_Samanlikning 2016

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2016 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.**

**Heimel**

Plan- og bygningslova,

Matrikkellova,

Lov om seksjonering,

Jordlov og konsesjonslov

**Saksopplysningar:**

## Bakgrunn

Masfjorden kommune har i dag eit generelt nivå på sine gebyr som ligg i underkant av gjennomsnittet for kommunane i regionen. Dei siste åra har gebyrsatsane i Masfjorden vorte meir normalisert i høve til nabokommunane. Gebyra vert juster kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

## Fakta

Realiteten i høve til sjølvkost er at det er svært utfordrande å oppnå ”sjølvkost” innafor byggesak, deling, oppmåling og plansaker. Årsakene til dette er at kommunen har relativt få søknade – og at kommunen samtidig ønskjer å påverke busetjinga positivt. Stigninga på gebyrsatsane vert på 2,46% i forhold til 2015.

**Vurdering**

Å oppnå sjølvkost innafor desse tenestene er difor urealistisk i Masfjorden kommune – isolert på grunn av liten saksmengde. Betalingssatsane bør likevel liggje gjennomsnittleg i høve til kommunane i Nordhordland elles - slik at underdekninga blir minst mogeleg. Eit nivå på gebyr og avgifter som er gjennomsnittleg i forhold til omliggjande kommunar - vil truleg ikkje ha merkbare konsekvensar for busetnad og tilflytting. Skal nivået på gebyr/avgifter ha effekt i høve til busetnad og tilflytting må forskjellane vera store.

**Konklusjon**
Rådmannen rår til at gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

**Formannskapet - 122/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**
**Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2016 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.**

**Heimel**

Plan- og bygningslova,

Matrikkellova,

Lov om seksjonering,

Jordlov og konsesjonslov

## 5 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

### 5.1 Timepris

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jfr pkt 4.3, skal ein bruke følgjande timesatsar:

| | | 2015. | 2016. | Meland | Osterøy | Radøy |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 5.1.1 | **Kontorarbeid** | 615 | **640** | 880 | 890 | 770 |
| 5.1.2 | **Feltarbeid** | 820 | **850** | 1 100 | 1 100 | 1 000 |

## 6 DIGITALT KARTGRUNLAG

Betaling for kartdata vert rekna ut i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart. Sjå www.statkart.no.

## 7 PLANSAK

### 7.1 Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12)

| | | 2015. | 2016. | Meland | Osterøy | Radøy |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 7.1.1 | **Obligatorisk oppstartsmøte** | 2050 | **2 100** | 6 500 | 10 500 | 5 600 |
| 7.1.2 | **Basisgebyr plansak** | 28 200 | **29 000** | 31 00 | 35 800 | 31 900 |
| 7.1.3 | **Fast tilleggsgebyr plansak**<br>a) Areal planområde over 25 da. Per 25 da:<br>Areal som styresmakt har kravd inn i planområdet skal ikkje reknast med. Kommunen avgjer kva areal som ikkje vert rekna med. | 5130 | **5 300** | 5 200 | 5 300 | 5 300 |
| | b) Byggeareal. Per 1000 kvm: | | **0** | 5 200 | 5 300 | 5 300 |
| | c) Sentrumsformål | | **0** | 15 500 | 15 800 | 15 800 |
| | d) Næringsformål | | **0** | 10 400 | 0 | 10 500 |
| | e) Tettstad | | **0** | 10 400 | 0 | 10 500 |
| | f) Vilkår i overordna plan | | **0** | 10 400 | Etter medgått tid | 10 500 |
| | g) Planforslag i strid med overordna plan | | **0** | 36 200 | 53 000 | 31 500 |
| 7.1.4 | **Tilleggsgebyr for kommunen sitt ekstra arbeid ved tilarbeiding av planforslag, etter medgått tid, minstegebyr:** | 2 050 | **2 100** | 7 000 | 7 200 | 7 700 |
| 7.1.5 | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1850 | **1 900** | 3 000 | 1 300 | 2 000 |
| 7.1.6 | **Avvist sak** | 1850 | **1 900** | 3 000 | 2 500 | 2 000 |
| 7.1.7 | **Godkjenning av konsekvensutgreiing (jf pbl kap 4)** | | **Etter medgått tid** | 3 000 | Etter medgått tid | Etter medgått tid |
| 7.1.8 | **Godkjenning av planprogram (jf pbl kap 4)** | | **Etter medgått tid** | 3 000 | 10 500 | Etter medgått tid |

### 7.2 Endring av reguleringsplan (pbl kap 12)

| | | 2015. | 2016. | Meland | Osterøy | Radøy |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 7.2.1 | **Små endringar i reguleringsplan (jf pbl § 12-14)** | 5 130 | **5 200** | 6 000 | 9 500 | 4 900 |
| 7.2.2 | **Mindre endring i reguleringsplan (jf pbl § 12-14)** | 10 250 | **10 500** | 12 400 | 24 700 | 9 900 |
| 7.2.3 | **Endringar som skal handsamast av kommunestyret, minstegebyr:** | 5130 | **5 200** | Som for ny sak | 35 800 | 31 900 |
| 7.2.4 | **Mangelfull sak m/ melding til søkjer** | 1850 | **1 900** | 3 000 | 1 300 | 2 000 |
| 7.2.5 | **Avvist sak** | 1850 | **1 900** | 3 000 | 2 500 | 2 000 |

## 8 UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18)

| | | 2015. | 2016. | Meland | Osterøy | Radøy |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 8.1.1 | **Utbyggingsavtale** | | **Etter medgått tid** | 3 000 | Etter medgått tid | Etter medgått tid |
| 8.1.2 | **Refusjonssak** | | **Etter medgått tid** | 3 000 | Etter medgått tid | Etter medgått tid |

## 9 DISPENSASJONSAK (pbl kap 19)

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 9.1.1 | **Dispensasjon som gjeld byggeforbod i strandsone, pbl § 1-8,** | 9200 | **9 500** | 10 500 | 14 700 | 9 700 |
| 9.1.2 | **og/eller dispensasjon som gjeld arealformål i plan** | | | 10 500 | 14 700 | 9 700 |
| 9.1.3 | **Dispensasjon som gjeld arealformål for <u>mindre tiltak</u> på bygd eigedom.**<br>Jf. definisjonen av mindre tiltak i pbl § 20-2, jf SAK § 3-1. | 4600 | **4 700** | 5 000 | 2 900 | 4 800 |
| 9.1.4 | **Dispensasjon som gjeld plankrav eller rekkefølgjekrav i plan** | 9200 | **9 500** | 6 000 | 7 700 | 9 700 |
| 9.1.5 | **Andre dispensasjonar frå plan, lov eller forskrift** | 5 100 | **5 200** | 6 000 | 7 700 | 7 700 |
| 9.1.6 | **Dispensasjonsvurdering i samband med søknad om tiltak, der det for mindre enn tre år sidan er gjeve dispensasjon for deling** | 5 100 | **5 200** | 5 750 | 5 600 | 4 800 |
| 9.1.7 | **Mellombels dispensasjon (reversibelt)** | 5 100 | **5 200** | 10 500 | 5 600 | 4 800 |
| 9.1.8 | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1 900 | **2 000** | 3 000 | 1 200 | 2 000 |
| 9.1.9 | **Avvist sak** | 1 900 | **2 000** | 3 000 | 2 400 | 2 000 |
| 9.1.10 | **Søknad om dispensasjon som vert trekt av søkjar** | 1 900 | **2 000** | 3 000 | Etter medgått tid | 2 000 |

## 10 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20)

**10.1** Førehandskonferanse

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10.1.1 | **Førehandskonferanse** | 0 | **0** | 3 000 | 2 900 | 0 |

**10.2** Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-1)

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10.2.1 | **Basisgebyr bygg for bustad / fritidsbustad**<br>Jf. pbl § 20-1 a-e og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning.<br>For tilleggseining i einebustad skal det betalast 50 % av basisgebyr.<br>I fleirmannsbustadar skal det betalast 100 % av basisgebyr frå om med bustadeining nr 1 til og med nr 4, 50 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 5 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med bustadeining nr 11. | 8 100 | **8 300** | 13 400 | 13 900 | 11 000 |
| 10.2.2 | **Basisgebyr bygg for industri / næring /tenesteyting landbruk/ publikum**<br>Jf. pbl § 20-1 a-e og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. | 8 100 | **8 300** | 15 400 | 13 900 | 11 000 |
| 10.2.3 | **Fast arealtillegg for bygg etter pkt 10.2.2** | kr. 0/m2 | **kr. 0/m²** | kr. 5/m² | kr. 0/m² | kr. 5/m² |
| 10.2.4 | **Basisgebyr fellesbygg**<br>Jf. pbl § 20-1 a-e og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. | 5000 | **5 100** | 6 000 | 8 500 | 5 600 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Felles naust, sjøbod, bod, parkering, o.l. Gjeld frittliggjande fellesanlegg og fellesanlegg i tilknyting til andre bygg (t.d i kjellar).<br>Gebyr pr eining/p-plass. 100 % av basisgebyr frå om med eining nr 1 til og med nr 5, 50 % av basisgebyr frå og med eining nr 6 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med eining nr 11. | | | 6 000 | 8 500 | 5 600 |
| **10.2.5** | **Basisgebyr konstruksjonar og anlegg**<br>Jf. pbl § 20-1 a-l.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning.<br>Veganlegg, parkeringsplass og landingsplass, VA-anlegg, jordtippar, massetak, terrenginngrep og planering, innhegning og støttemur, hamne- og kaianlegg | 8 100 | **8 300** | 13 900 | 8 500 | 17 600 |
| **10.2.6** | **Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg**<br>Oppføring av enkeltståande garasje/carport, naust, uthus/bod, terrasse og liknande.<br>Kai/flytebryggje/molo inn til 15 kvm. Basseng. Antenne/mast/skilt/pipe. Separat søknad om mindre anlegg/konstruksjonar og terrenginngrep på bygd eigedom. Separat søknad om enkle byggtekniske installasjonar.<br>Tilbygg som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning.<br>Fasadeendring og annan mindre endring/reparasjon som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning.<br>Riving av tiltak som nemnd i dette punktet.<br>Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining. | 5000 | **5 100** | 6 000 | 6 900 | 5 600 |
| **10.2.7** | **Basisgebyr bruksendring**<br>Gebyr vert rekna ut i frå det føremålet det vert endra til. | Som for ny sak | **Som for ny sak** | Som for ny sak | 13 900 | 11 000 |
| **10.2.8** | **Delt sakshandsaming**<br>T.d: Igangsetjingsløyve. Endringar i løyve. Mellombels buksløyve. | 1650 | **1 800** | 3 000 | 2 900 | 2 700 |
| **10.2.9** | **Godkjenning av ansvarsrett**<br>Gebyret kjem i tillegg til ordinært basisgebyr/gebyr for delt sakshandsaming. | 1650 | **1 800** | | | |
| | a) Pr føretak som har sentralgodkjenning | 0 | **0** | 0 | 0 | 0 |
| | b) Pr føretak som ikkje har sentralgodkjenning | 0 | **0** | 3 000 | 2 700 | 810 |
| | c) Personleg godkjenning (sjølvbygger) | 0 | **0** | 3 000 | 2 700 | 810 |
| **10.2.10** | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1 900 | **2 000** | 3 000 | 1 200 | 2 000 |
| **10.2.11** | **Avvist sak** | 1 900 | **2 000** | 3 000 | 2 400 | 2 000 |

## 10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-2)

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **10.3.1** | **Basisgebyr**<br>Jf. pbl § 20-2 og SAK10 §§ 3-1 og 3-2<br>Oppføring. Endring og reparasjon. Rivning.<br>Tilbygg < 50 kvm.<br>Frittliggjande uthus/garasje på bygd eigedom < 70 kvm.<br>Mindre skilt/reklame/antennesystem på bygd eigedom.<br>Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining.<br>Driftsbygning i landbruket < 1000 kvm<br>Tilbygg til driftsbygning i landbruket (totalareal < 1000 kvm) | 4 300 | **4 400** | 5 500 | 5 900 | 5 600 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Midlertidige bygningar/konstruksjonar/anlegg inn til 2 år | | | | | |
| 10.3.2 | **Basisgebyr for saker som ikkje krev oppdatering av kart/matrikkel**<br>T.d: Mindre murar. Fasadeendring. | 2 300 | **2 400** | 3 000 | 3300' | 2 700 |
| 10.3.3 | **Godkjenning av ansvarsrett (der tiltakshavar vel å ha ansvarleg føretak)**<br>Gebyret kjem i tillegg til ordinært basisgebyr/gebyr for delt sakshandsaming. | 1 650 | **1 700** | | | |
| | a) Pr føretak som har sentralgodkjenning | 0 | **0** | 0 | 0 | 810 |
| | b) Pr føretak som ikkje har sentralgodkjenning | 0 | **0** | 3 000 | 3 000 | 810 |
| 10.3.4 | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 540 | **5 50** | 3 000 | 1 200 | 560 |
| 10.3.5 | **Avvist sak** | 540 | **5 50** | 3 000 | 2 400 | 560 |

## 11 OPPRETTING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m)

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 11.1.1 | **Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan.** | 1 900 | **2 000** | 3 000 | 3 800 | 2 200 |
| 11.1.2 | **Deling i samsvar med arealformål, men:** | | | | | |
| | a) der grensene ikkje er fastsett i godkjent plan | 3 600 | **3 700** | 5 700 | 5 500 | 5 600 |
| | b) der området er uregulert | 3 600 | **3 700** | 5 700 | 5 500 | 5 600 |
| | c) der grensene ikkje er i samsvar med grenser i godkjent plan | 3 600 | **3 700** | 5 700 | 5 500 | 5 600 |
| 11.1.3 | **Deling som ikkje er i samsvar med arealformål** | 5 200 | **5 400** | 8 000 | 8 000 | 5 600 |
| 11.1.4 | **Oppretting av ny anleggseigedom** | Etter avtale | **Etter avtale** | Etter avtale | Etter avtale | Etter avtale |
| 11.1.5 | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1 850 | **2 000** | 3 000 | 1 200 | 2 000 |
| 11.1.6 | **Avvist sak** | 1 850 | **2 000** | 3 000 | 2 400 | 2 000 |

## 12 ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32)

### 12.1 Sakshandsaming

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 11.1.1 | **Avdekking/påvising av ulovleg tiltak**<br>Registrering. Gjennomgang av arkiv og kartgrunnlag. Synfaring. Kontakt med tiltakshavar. | 2 100 | **2 200** | 4 000 | 3 600 | 2 700 |
| 11.1.2 | **Vedtak med pålegg om retting eller stans (pbl § 32-3 og 32-4)**<br>Kostnader med tinglysing kjem i tillegg. | 5 200 | **5 400** | 6 000 | 3 600 | 2 700 |
| 11.1.3 | **Vedtak om tvangsmulkt (pbl § 32-5)** | 5 200 | **5 400** | 6 000 | 3 600 | 2 700 |
| 11.1.4 | **Utferding av førelegg (pbl § 32-6)** | 5 200 | **5 400** | 6 000 | 3 600 | 0 |
| 11.1.5 | **Kommunen sitt arbeid med tvangsfullbyrding (pbl § 32-7)**<br>Kostnader med faktisk tvangsfullbyrding kjem i tillegg, fastsett etter rekning. | 5 200 | **5 400** | 6 000 | 3 600 | 0 |

## 13 HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA

### 13.1 Etablering av ny matrikkeleining

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.1.1 | **Basisgebyr for etablering av grunneigedom, festegrunn og punktfeste** | 9 750 | **10 000** | 10 400 | 15 800 | 11 000 |
| 13.1.2 | **Fast arealtillegg** | | | | | |
| | a) Areal frå 201 til og med 3 000 $m^2$ | 8 100 | **8 300** | 13 000 | 11 900 | 14 500 |
| | b) Areal frå 3 001 til og med 20 000 $m^2$ | 14 800 | **15 300** | 18 500 | 27 300 | 20 400 |
| | c) Areal frå og med 20 001 $m^2$, medgått tid, minstetillegg: | 19 900 | **20 500** | 31 100 | 41 000 | 20 400 |
| 13.1.3 | **Tillegg for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning** | 2 500 | **2 600** | 3 300 | 3 200 | 1 900 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.1.4 | **Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn** | som for etablering | **Som for etablering** | Som for etablering | Som for etablering | Som for etablering |
| 13.1.5 | **Oppretting av matrikkeleining utan markarbeid** | 75% av aktuell sats | **75 % av aktuell sats** | 75 % av aktuell sats | 75 % av aktuell sats | 75 % av aktuell sats |
| 13.1.6 | **Oppretting av anleggseigedom** | Etter avtale | **Etter avtale** | Etter avtale | Etter avtale | Etter avtale |

## 13.2 Areal-/volumoverføring

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.2.1 | **Basisgebyr arealoverføring** | 9 750 | **9 900** | 10 400 | 21 000 | 11 000 |
| 13.2.2 | **Fast arealtillegg** | | | | | |
| | a) Areal frå og med 501 $m^2$ til og med 3 000 $m^2$ | 8 100 | **8 400** | 13 000 | 6 600 | 14 500 |
| | b) Areal frå og med 3 001 $m^2$ til og med 20 000 $m^2$ | 14 750 | **15 200** | 18 500 | 22 100 | 20 400 |
| | c) Areal frå og med 20 001 $m^2$, medgått tid, minsttillegg: | 19 900 | **20 500** | 31 100 | 35 700 | 20 400 |
| 13.2.3 | **Volumoverføring for anleggseigedom** | Etter avtale | **Etter avtale** | Etter avtale | Etter avtale | Etter avtale |

## 13.3 Justering av grense

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.3.1 | **Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige** | 4 900 | **5 100** | 8 300 | 13 200 | 10 600 |
| 13.3.2 | **Justering av grunn for anleggseigedom** | Etter avtale | **Etter avtale** | Etter avtale | Etter avtale | Etter avtale |

## 13.4 Klarlegging av eksisterande grense

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.4.1 | **Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense i samsvar med grense som er koordinatbestemt ved tidlegare oppmålingsforretning , eller tilsvarande forretning etter anna eller tidlegare lovgjeving.**<br>Inn til 4 punkt. Avvik inntil 10 cm, jf matrikkelforskrifta § 36, 2.ledd. | 3600 | **3 700** | 5 700 | 6 600 | 6 300 |
| 13.4.2 | **Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå og med punkt 5)** | 500 | **500** | 1 500 | 1 600 | 820 |
| 13.4.3 | **Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense der grense ikkje er i samsvar med det som tidlegare er koordinatbestemt eller ikkje er koordinatbestemt**<br>Inn til 4 punkt. | 5100 | **5 300** | 9 900 | 10 500 | 9 300 |
| 13.4.4 | **Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå om med punkt 5)** | 1 050 | **1 100** | 1 700 | 1 800 | 1 400 |
| 13.4.5 | **Basisgebyr ved uavklarte grensepunkt** | Gebyr som for etablering | **Gebyr som for etablering** | Gebyr som for etablering | Gebyr som for etablering | Gebyr som for etablering |

## 13.5 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.5.1 | **Klarlegging av rettar og servituttar, etter medgått tid, minstegebyr kr:** | 1 650 | **1 700** | 3 000 | 1 800 | 4 100 |
| 13.5.2 | **Matrikkelføring av privat avtale om grenser, etter medgått tid, minstegebyr:** | 1 650 | **1 700** | 3 000 | 1 800 | 3 000 |

## 13.6 Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.6.1 | **Basisgebyr** | | | | | |
| | a) Areal frå 0 til og med 50 $m^2$ | 5 650 | **6 000** | 10 400 | 7 700 | 9 600 |
| | b) Areal frå 51 til og med 250 $m^2$ | 7 500 | **8 000** | 13 900 | 11 000 | 11 600 |
| | c) Areal frå 251 til 2 000 $m^2$ | 9 450 | **9 800** | 17 300 | 150 400 | 13 900 |
| | d) Areal frå og med 2 001 $m^2$ , etter medgått tid, minstegebyr: | 11 200 | **11 500** | 19 700 | 21 000 | 13 900 |

## 13.7 Registrering av jordsameige

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.7.1 | **Registrering av eksisterande, uregistrert jordsameige** | Medgått tid | **Medgått tid** | 3 000 | 1 800 | Medgått tid |
| 13.7.2 | **Endring i registrert sameigefordeling** | Medgått tid | **Medgått tid** | 3 000 | 1 800 | Medgått tid |

### 13.8 Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr)

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.8.1 | Matrikkelbrev inntil 10 sider | 180 | **190** | 175 | 175 | 175 |
| 13.8.2 | Matrikkelbrev over 10 sider | 350 | **350** | 350 | 350 | 350 |

### 13 .9 Avbrot i rekvirert arbeid

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.9.1 | Avbrot forårsaka av rekvirent, medgått tid, minstegebyr: | 2 500 | **2 700** | 3 000 | 3 900 | 4 200 |
| 13.9.2 | Avvist sak, medgått tid, minstegebyr: | | **0** | 3 000 | 3 900 | 2 000 |
| 13.9.3 | Mangelfull sak m/ melding til søkjar, medgått tid, minstegebyr: | | **0** | 3 000 | 1 300 | 2 000 |

### 13.10 Oppmålingsforretning som vert utført av

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13.10.1 | Tilrettelegging av datagrunnlag (kommunen sitt ansvar) | 0 | **0** | 10% | 10% | 10% |
| 13.10.2 | Administrativ del av oppmålingsforretninga og tilhøyrande dokumentasjon | 0 | **0** | 40% | 40% | 40% |
| 13.10.3 | Teknisk arbeid og dokumentasjon | 0 | **0** | 15% | 15% | 15% |
| 13.10.4 | Kontroll av punkt 2 og 3, og matrikkelføring (kommunen sitt ansvar) | 0 | **0** | 35% | 35% | 35% |
| 13.10.5 | Ved mangelfull dokumentasjon, kommunen sin kontroll og påpeiking av manglar: etter medgått tid, minstegebyr | 0 | **0** | 3 000 | 1 200 | 0 |

## 14 HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2)

### 14.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 14.1.1 | Sak som krev synfaring | 5 rettsgebyr | **5 rettsgebyr** | 5 rettsgebyr | 5 rettsgebyr | 5 rettsgebyr |
| 14.1.2 | Sak som ikkje krev synfaring | 3 rettsgebyr | **3 rettsgebyr** | 3 rettsgebyr | 3 rettsgebyr | 3 rettsgebyr |
| 14.1.3 | Tilleggsgebyr for utarbeiding av matrikkelbrev for grunnareal som en del av ein seksjon | Gebyr etter reglane om tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon. | **Gebyr etter reglane om tildeling og endring av uteareal til** | Gebyr etter reglane om tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon. | Gebyr etter reglane om tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon. | Gebyr etter reglane om tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon. |

## 15 HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12)

### 15.1 Konsesjon

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 15.1.1 | Konsesjon (maksimumsgebyr) | 4 600 | **4 800** | 5 000 | 5 000 | 5 000 |
| 15.1.2 | Konsesjon (kjøpesum under kr 1 000 000) | 800 | **900** | 2 500 | 2 000 | |

### 15.2 Deling

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 15.2.1 | 12.2.2 Delingssamtykke etter jordlova § 12 maksimums-gebyr) | 800 | **900** | 2 000 | 2 000 | 2 000 |

## 16 HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSLOVA (kap 4 )

### 16.1 Sakshandsaming utført av kommunen

Til dekking av kommunen sine kostnader knytt til handsaming av
søknad om løyve etter lov av 17.april 2009, nr 19 om havner og

## 17 HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA

### 17.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2)

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **17.1.1** | **Etter medgått tid, minstegebyr kr:** | 3 100 | **3 200** | 3 000 | 2 300 | 4 000 |

### 17.2 Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12)

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **17.2.1** | **Utsleppsløyve** | | | | | |
| | a) For utsleppet kalkulert til inntil 15 PE | 3 100 | **3 300** | 5 100 | 5 300 | 4 500 |
| | b) For utsleppet kalkulert til mellom 15 og 100 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø | 5 250 | **5 500** | 7 000 | 9 600 | 6 400 |
| | c) For utsleppet kalkulert til mellom 101 og 1 000 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø | 8 000 | **8 300** | 11 600 | 14 200 | 9 600 |
| **17.2.2** | **Fornya søknad innan 3 månader og før anlegget er etablert** | 50% av ny søknad | **50 % av ny søknad** | 50 % av ny søknad | 50 % av ny søknad | 50 % av ny søknad |
| **17.2.3** | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1 850 | **1 900** | 3 000 | 1 200 | 700 |
| **17.2.4** | **Avvist sak** | 1 850 | **1 900** | 3 000 | 2 400 | 700 |

### 17.3 Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2 )

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **17.3.1** | **Kontroll** | | | | | |
| | a) Anlegg der utsleppet er < 15 PE | 2 500 | **2 700** | 2 800 | 2 900 | 3 900 |
| | b) Anlegg der utsleppet er mellom 15 og 100 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø | 6 100 | **6 100** | 4 500 | 4 700 | 6 400 |
| | c) Anlegg der utsleppet er mellom 101 og 1 000 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø | 11 300 | **11 600** | 7 100 | 8 800 | 11 400 |
| | Summert: | 415 055 | **425 530** | 685 555 | 915 115 | 648 475 |
| | | | **2.46% stigning frå 2015** | | | |

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Alf Magnar Strand | FA - B56, FE - 233 | 15/806 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 106/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 079/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Elevbetaling idrettsskulen 2016**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka til kr 460 pr. skuleår gjeldande frå hausten 2016.**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn/ Fakta**

Den gjeldande elevbetalinga i idrettsskulen er kr 450,- for eit skuleår. Vedtak vart gjort av kommunestyret 18.06.2015, sak 43/2015.

**Vurdering**

Idrettsskulen er eit billeg tilbod til elevane. For kr 450 pr. skuleåra får dei 2 timars undervisning og aktivitet kvar veke gjennom skuleåret. I rammesaka, vedteken i kommunestyremøtet juni, er det lagt inn ein auke i inntektene på 3 %. For idrettsskulen sind el vil det utgjera kr 13,50. For å få litt rundare summar, set me auken til kr 10,-.

**Konklusjon**

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka til kr 460 pr. skuleår gjeldande frå hausten 2016.

**Formannskapet - 106/2015**

**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka til kr 460 pr. skuleår gjeldande frå hausten 2016.**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Svein Helge Hofslundsengen | FE - 151 | 15/836 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 014/2015 | Kraftfondsstyret | PS | 20.10.2015 |
| 080/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Kraftfondsbudsjettet for 2016**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. **Årsbudsjettet for 2016 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;**

| | Budsjett 2016 |
|---|---|
| Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift | -2 800 000 |
| Avdrag og rente utlån frå kraftfondet | -90 000 |
| Renteinntekter, fondsmidlane | -10 000 |
| div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK | 0 |
| *Sum inntekter* | -2 900 000 |
| | |
| Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12 | 1 000 000 |
| LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2016 | 400 000 |
| Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div | 200 000 |
| Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen | 100 000 |
| Sertifikatordninga | 30 000 |
| Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504 | 50 000 |
| Tilrettelegging bustadføremål | 500 000 |
| Elevbedrift/grundercamp | 20 000 |
| mobil/breibandsdekning | 150 000 |
| Andre næringstiltak - (GMU med 250.000) | 250 000 |
| Etableringstilskot | 120 000 |
| Frie fondsmidlar til fordeling | 80 000 |
| *Sum utgifter* | 2 900 000 |

2. **Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Kraftfondsbudsjettet viser eit oversyn over forventa inntekter og plan for bruk av

midlane for 2016.

**Vurdering**
Kraftfondsbudsjettet blir årleg tilført konsesjonsavgift frå BKK produksjon som del av konsesjonsvilkåra, satsen vert justert kvart 5.år – sist justert i 2014 til kr. 2.812.613,-. Nedgang i sum utlån gjer at sum tilbakeført i form av avdrag og rente kraftfondet vert sett ned litt. Renteinntektene vert uendra.

**Fakta**
Postar under budsjettet til kraftfondet 2016;

1.Masfjordsambandet, avsetjing med 1 mill.kr. til eigenkapital Masfjordsambandet

Masfjordsambandet - løyving av eigne midlar til prosjektet
vedtak i Masfjorden kommunestyre den 31.05.2012.
KS-045/12 VEDTAK:

- Masfjorden kommune går inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel Masfjordsambandet.
- Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill.kr. frå kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.
- Restsum mellom 40 mill.kr. og oppsamla midlar i brufondet vert ved oppstart finansiert ved låneopptak, kor årleg avdrag og rente vert dekka av kraftfondet.

  Siste kulepunkt føreset at Hordaland fylkeskommune tek opp lån, og kor Masfjorden kommune går inn med rente- og avdragskompensasjon på lånet.

2. Det ligg i budsjettframlegget frå administrasjonen inne finansiering av tilskot for regionrådet (144.000), i 2014 tok ein omsyn til i budsjett ein del postar som før ikkje har vore budsjettert – men som kommunen har forplikta seg til som BRB tilskot, kompetanse, sekretariat kontrollutval, biosfæreprosjektet etc., utover postar til sjølve regionrådet/NUI, ligg her inne tilskot Hordaland olje og gass (10.000) og LVK for 2016 (ca. 100.000).

**Førebels fordeling for 2016 på kommunane - 29.09.15**

| Kommune | Medlems-kontingent | BRB kontigent | Kompetansprosjektet | Sekretariat kontroll-utvalet | Yrkes/utd | Biosfære | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1266 Masfjorden | 143 657 | 17 300 | 23 944 | 69 233 | 9 166 | 35 175 | **298 476** |

3. Ein foreslår å vidareføre siste års løyving/pott på inntil kr. 200.000,- til løpande annonsering av tomteareal, av kommunale arrangement (kraftspela – kr. 150.000) evt. kommunal støtte til privat arrangement som erstattar kraftspela, støtteannonsar, profileringstiltak og representasjon delegert til rådmann/ordførar i fellesskap.
Denne posten er og viktig med tanke på ekstra fokus folketalsutvikling og det er her kommunen sin finansieringsdel kring kraftspela vert finansiert. Tiltaket vert ført under konto 11403, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles.

4. Det ligg i budsjettframlegget inne midlar til næringsarbeid under rådmannskontoret med kr.
100.000. Teneste 12001 rådmannskontoret i kommunerekneskapen – rammeområde administrasjon. Dette er midlar som vert tilført driftsbudsjettet til kommunen.

5. Sertifikatordninga – vidareføring av ordninga. Tiltaket vert ført over teneste 18006 –
rammeområde felles – budsjett tilpassa reelt behov. Det er lagt opp til nye kurs etter behov,
slik at tilbodet vert vidareført i tråd med intensjonen.

6. Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter (fondsmidlar)
kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett. Tiltaket vert ført under konto
19006, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles

7. Ein har lagt inn ein post relatert til fleire forhold om medfinansiering av nye bustadføremål
som saman med etableringstilskot, kommunale avgifter og tilknytingsavgifter dannar grunnlag for realisering av ein del prosjekt. Dette er forhold som ligg i kommunen sitt investeringsbudsjett, som vert delfinansiert med bruk av fond. Det vert i tråd med kommunen sin økonomiplan 2015-18 sett av kr. 500.000 i 2016 budsjettet til føremålet.

8. Det ligg inne midlar til elevbedrift/grundercamp – kr. 20.000. Tiltaket vert ført over teneste
18006 – rammeområde felles

9. Kraftfondstyret har vedteke ei ordning med tilskot mjølkekvotar – omfanget av kjøp har
svinga, med gradvis minka. Stor løyving i 2013. Reknar ikkje med at det dukkar opp så mange søknader i 2016, 1 sak hittil i 2015 som gjekk på sal av kvote, og ikkje kjøp. Tiltaket vert ført under teneste 32504 i kommunerekneskapen –rammeområde felles. Ein har ein unytta pott/fond landbrukssaker som evt. kan nyttast i 2016 til føremålet

10. Andre næringstiltak, gjeld løyving til GMU med kr. 250.000 for 2016.

11. Det er sett av ein pott til ordning med etableringstilskot – ut i frå pågang og førespurnader siste åra, har ein lagt inn 3 tilskot. (samt at tilskotet kan knytast til pkt. 4 medfinansiering nye bustadfelt).

12. Utvida rutetilbod for kabelferja Masfjordnes – Duesund, kommunal finansieringsdel,
tidsavgrensa og ein legg til grunn at kommunal finansieringsdel ute i 2015 (løyving tidlegare
på omlag 37.000).

13. Kommunal medfinansiering fiberutbygging/breiband – delfinansiering gjennom kraftfondet – 1.del i 2016. sett av 150.000 til føremålet.

14. Søknad om støtte (lån & tilskot) gjennom kraftfondet frå næringslivet har svinga mykje,
potten utgjorde 400.000 i 2015, medan potten var nede i kr. 80.000 for 2014 budsjettet, og for å priotere inn fellestiltak som m.a. breiband/fiberutbygging tilrår ein at denne potten vert sett til kr. 80.000,- i 2016 budsjettet.

Tabellen under summerer opp tekstdel under pkt. 1-14 for 20165, og med referanse budsjett 2014 & 2015, og siste års avlagde rekneskap;

| | Budsjett 2016 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2014 | Budsjett 2014 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift | -2 800 000 | -2 600 000 | -2 812 668 | -2 600 000 | -2 601 612 | -2 599 156 | -2 599 156 |
| Avdrag og rente utlån frå kraftfondet | -90 000 | -140 000 | -131 899 | -140 000 | -214 801 | -944 624 | -175 642 |
| Renteinntekter, fondsmidlane | -10 000 | -10 000 | -19 197 | -10 000 | -35 255 | -65 094 | -21 295 |
| div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK | 0 | 0 | -900 | 0 | -2 560 | -417 | -1 346 |
| ***Sum inntekter*** | -2 900 000 | -2 750 000 | -2 964 664 | -2 750 000 | -2 854 228 | -3 609 291 | -2 797 439 |
| | | | | | | | |
| Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | |
| LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2016 | 400 000 | 400 000 | 326 000 | 350 000 | 355 000 | 370 014 | 324 482 |
| Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div | 200 000 | 200 000 | 532 696 | 200 000 | 438 073 | 429 463 | 485 682 |
| Informasjon/heimesida/Masfjordingen | 0 | 0 | 24 300 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Sertifikatordninga | 30 000 | 30 000 | 15 000 | 30 000 | 57 000 | 15 875 | 45 000 |
| Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504 | 50 000 | 50 000 | 0 | 50 000 | 5 260 | 114 771 | 50 000 |
| Tilrettelegging bustadføremål | 500 000 | 150 000 | 0 | 150 000 | 318 000 | 0 | 300 000 |
| Elevbedrift/grundercamp | 20 000 | 20 000 | 1 000 | 20 000 | 20 000 | 0 | 0 |
| mobil/breibandsdekning | 150 000 | 0 | | 400 000 | | 0 | 221 902 |
| Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning | 0 | 0 | 82 669 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Landbrukstiltak | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre næringstiltak - (GMU med 250.000) | 250 000 | 250 000 | 250 000 | 250 000 | 250 000 | 280 000 | 310 000 |
| Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod | 0 | 0 | 34 731 | 0 | 34 768 | 34 768 | 33 934 |
| Etableringstilskot | 120 000 | 150 000 | 80 000 | 120 000 | 190 000 | 70 000 | 160 000 |
| Frie fondsmidlar til fordeling | 80 000 | 400 000 | 30 000 | 80 000 | 160 870 | 20 000 | 70 000 |
| ***Sum utgifter*** | 2 900 000 | 2 750 000 | 2 476 396 | 2 750 000 | 2 928 971 | 2 434 891 | 2 101 000 |

**Konklusjon**
Det vert lagt fram eit balansert 2016 budsjett for kraftfondet, som tek høgde for storsatsinga
kring Masfjordsambandet, med løyving på 1 mill.kr, og elles vidareføring av etablerte ordningar og satsinga.

## Kraftfondsstyret - 014/2015

### KRFT - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka + fibersatsinga.
Rådmann orienterte om budsjettet, justert konsesjonsavgift og innhaldet i nokre postar.
Saka vart drøfta. Mange synspunkt og vurdering av postane.
Fibersatsing – statstilskot 3,5 mill.kr., men kommunal medverknad / tilskot 1,2 mill.kr., og føresetnader eigeninnsats/finansiering private.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**KRFT - vedtak:**

1. **Årsbudsjettet for 2016 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;**

| | | Budsjett 2016 |
|---|---|---|
| Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift | | -2 800 000 |
| Avdrag og rente utlån frå kraftfondet | | -90 000 |
| Renteinntekter, fondsmidlane | | -10 000 |
| div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK | | 0 |
| ***Sum inntekter*** | | -2 900 000 |
| | | |
| Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12 | | 1 000 000 |
| LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2016 | | 400 000 |
| Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div | | 200 000 |
| Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen | | 100 000 |
| Sertifikatordninga | | 30 000 |
| Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504 | | 50 000 |
| Tilrettelegging bustadføremål | | 500 000 |
| Elevbedrift/grundercamp | | 20 000 |
| mobil/breibandsdekning | | 150 000 |
| Andre næringstiltak - (GMU med 250.000) | | 250 000 |
| Etableringstilskot | | 120 000 |
| Frie fondsmidlar til fordeling | | 80 000 |
| ***Sum utgifter*** | | 2 900 000 |

2. **Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Alf Magnar Strand | FA - B01, HistSak - 13/97 | 14/175 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 110/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 081/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Revidert samarbeidsavtale for PPT**

32T

Framlegg til sam (L)(19924)

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Revidert samarbeidsavtale for Ytre Sogn og –Sunnfjord vert vedteken. Avtalen skal gjelda frå 1. august 2015.**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn/ Fakta/ Vurdering**

Fagrådet for PPT i Ytre Sogn og – Sunnfjord har i møte 24.06.15 handsama framlegg til revidert samarbeidsavtale mellom samarbeidskommunane for tenesta. Endringane i høve gjeldande avtale er i store trekk at Fjaler kommune leiger inn fagpersonar frå samarbeidskommunar for å dekke trongen for fagkompetanse.

Fordelinga av utgiftene mellom kommunane er forenkla i høve gjeldande avtale. Fordeling av løns- og driftsutgifter mellom samarbeidskommunane vert utrekna med grunnlag i samla barnetal i skule og barnehage kvart år.
Fylkeskommunen er unnateke dette sidan dei ikkje ønskjer å vidareføre fylkeskommunal finansiering av styrkingsstillingane og spesiallærarstillingane, noko som utgjer 1,23 fagstilling. Dei ønskjer også å redusere sin del av kontorstillinga. Etter forhandlingar har fylkeskommunen komme med tilbod om at stillingsreduksjonane kan takast over perioden 01.08.15 - 01.01.17. Fylkeskommunen sine krav er tatt til etterretning i framlegget til ny avtale. Følgjene av dette er at PPT- tilsette vil føre timar over den tenesta fylkeskommunen får, slik at tenesta som blir gitt står i høve til dei stillingane dei betaler for.
På grunn av at vakante stillingar ikkje vert lyst ut på nytt, er samla stillingar i PPT redusert frå 11,95 fagstillingar i gjeldande avtale, til 11,2 stillingar i framlegget til ny avtale. Dette betyr at stillingsreduksjonen som fylkeskommunen har bede om, er inndekt til utgangen av 2016. Elles skal stillingsrammene for tenesta evaluerast årleg.

**Konklusjon**

Den reviderte avtalen vert vedteken slik han ligg føre.

**Formannskapet - 110/2015**

**FS - behandling:**
Alf Strand stilte i forkant og orienterte om saka/avtalen – samt oppfølging spørsmål frå sist formannskapetom oppfølging av KS vedtak PPT april 2015
Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**
**Revidert samarbeidsavtale for Ytre Sogn og –Sunnfjord vert vedteken. Avtalen skal gjelda frå 1. august 2015.**

# Avtale om pedagogisk-psykologisk teneste mellom kommunane Fjaler, Askvoll, Balestrand, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Masfjorden, Solund og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

1. **Namn og formål.**

Namnet på kontoret skal vere PPT for Ytre Sogn og – Sunnfjord.
Formålet med samarbeidet om pedagogisk-psykologisk teneste er å oppfylle krava i Opplæringslova § 5-6.

2. **Driftsansvarleg.**

Fjaler kommune eig og driv PPT for Ytre Sogn og –Sunnfjord. Kommunen har ansvaret for å drive tenesta. For å dekke trongen for fagkompetanse, leiger kommunen inn fagpersonar frå samarbeidskommunar.

3. **Kjøp av tenester.**

Dei samarbeidande kommunane og fylkeskommunen kjøper tenester av Fjaler kommune til sjølvkost.

4. **Administrasjon.**

PPT er administrativt underlagt rådmannen i Fjaler kommune. Det administrative ansvaret for dei tilsette ved PPT-kontoret i Dale, ligg til leiaren ved kontoret. Det administrative ansvaret for dei tilsette i dei andre kommunane, ligg til rådmannen i den einskilde kommune. Det faglege ansvaret for alle tilsette og disponering av fagressursane i samsvar med stillingsprosenten, ligg til leiinga ved PPT-kontoret.

5. **Bemanning.**

PPT- i ytre Sogn og Sunnfjord har pr. 01.08.15 ei stillingsramme på 11.2 stillingar. Stillingsramma vert evaluert årleg.
Fjaler kommune har 4,8 fagstilling. Fjaler kommune kjøper desse fagstillingane: Askvoll kommune 0,6 fagstilling, Balestrand kommune 1,0 fagstilling, Gulen kommune 1 fagstilling, Høyanger kommune 2, 5 fagstilling, Hyllestad kommune 0 stilling, Masfjorden kommune 1 fagstilling og Solund kommune 0,3 stilling, Sogn og Fjordane fylkeskommune 0 stilling..

Det vert ikkje sett inn vikar i stillingar som er vakante over eit avgrensa tidsrom, eller i stillingar der ein ikkje får kvalifiserte søkjarar. Andre tilsette i tenesta vil i slike tilfelle utføre dei nødvendige oppgåvene.

Ein av dei tilsette i fagstillingane er samstundes kontorleiar, og ein annan er nestleiar. Det skal settast av tid til leiing.

## 6. Kompetanse.

Kontoret skal ha spesialpedagogisk, psykologisk og sosialfagleg kompetanse og kompetanse på systemarbeid. Kontoret skal yte teneste til alle som har rett til pedagogisk-psykologisk teneste etter Opplæringslova.

Kontorleiar saman med fagrådet vurderer kva kompetanse kontoret til ei kvar tid treng innafor vedtekne stillingsheimlar.

## 7. Administrativt fagråd for PPT for Ytre Sogn og –Sunnfjord.

Kontoret skal ha eit administrativt fagråd samansett slik:
Kontorleiaren
1 representant frå Fjaler kommune
1 representant frå Askvoll kommune
1 representant frå Balestrand kommune
1 representant frå Gulen kommune
1 representant frå Hyllestad kommune
1 representant frå Høyanger kommune
1 representant frå Masfjorden kommune
1 representant frå Solund kommune
Rektor ved ein av dei to vidaregåande skulane.

Kommunane og fylkeskommunen vel kvar sine medlem. Fagrådet vel sjølv leiar.
PPT-kontoret har sekretariatsansvar for fagrådet.

Fagrådet skal ha møte minimum to gonger i året.
Kontorleiar har ansvar for å utarbeide handlingsplan/årsplan for kontoret.

Fagrådet skal mellom anna:

- Drøfte og gje innspel til handlingsplan/årsplan og årsmelding for kontoret.
- Tilrå budsjett innafor budsjettramma
- Drøfte PPT si rolle i grunnopplæringa
- Vurdere fagsamansettinga ved kontoret
- Tilrå eventuelle endringar av tenesta

## 8. Fordelinga av årsverk og driftsutgifter.

Fordeling av løns- og driftsutgifter mellom samarbeidskommunane vert utrekna med grunnlag i samla barnetal i skule og barnehage kvart år. Fylkeskommunen er unnateke dette.
Fylkeskommunen sine lønskostnader med tenesta vert rekna ut frå gjennomsnittsløna for dei tilsette som ansvaret for å yte teneste til dei vidaregåande skulane og vil utgjere slik stilling:
Frå 01.08.15 : 1,6 fagstilling
Frå 01.01.16: 1,1 fagstilling
Frå 01.01.17: 0,6 fagstilling og 0,1 kontorstilling

Driftsutgifter fordelt i høve den stillingsstorleiken fylkeskommunen kjøper, kjem i tillegg.

Kommunane forskotterer sin del av utgiftene kvart halvår; 1. januar og 1.juli.

Kommunane leverer sine rekneskapstal for dei fagpersonane Fjaler leiger til Fjaler kommune innan 15.januar kvart år.
Årsrapport og budsjett/rekneskap for året før skal sendast til samarbeidskommunane når dette er ferdig handsama. Avrekning i høve rekneskap skjer i samband med årsoppgjeret.

Ny fordeling av utgiftene vert gjort gjeldande frå 01.08.15.

**9. Samarbeid.**

Samarbeidet om pedagogisk-psykologisk teneste i Ytre Sogn og –Sunnfjord vil innebere sams fagleg leiing og koordinering.

Leiar og nestleiar ved kontoret vil saman med fagrådet arbeide ut nærare retningsliner for samarbeidet. Desse vil mellom anna omhandle:

- Deling av regionen i høvelege inntaksområde.
- Utpeiking av PP-kontaktpersonar for alle skular og barnehagar.
- Retningsliner for arkivhald.
- Retningsliner for deling av saksansvar mellom dei tilsette og dei innleigde fagpersonane.

PPT-kontoret skal samarbeide med dei andre PPT-kontora i Sogn og Fjordane. Samarbeidet vert organisert av eit leiarforum i fylket og skal mellom anna omfatte følgjande område:

- Utveksling og kjøp av tenester mellom kontora.
- Felles kompetanseheving.
- Lærande nettverk.

Utviklingsplanen for PPT i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane regulerer i tillegg samarbeidsområda for den fylkeskommunale delen av tenesta.

**10. Avtalevilkår.**

Avtalen gjeld i fire år frå 01.08.2015.
Avtalen kan seiast opp av kvar av partane med eitt års skriftleg varsel. Før oppseiing av avtalen skal det førast tingingar mellom partane.

Dato:
Fjaler kommune

Dato:
Askvoll kommune

Dato:
Balestrand kommune

Dato:
Gulen kommune

Dato:
Hyllestad kommune

Dato:
Høyanger kommune

Dato:
Masfjorden kommune

Dato:
Solund kommune

Dato:
Sogn og Fjordane fylkeskommune

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Alf Magnar Strand | FA - B50 | 15/116 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 109/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 082/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Den kulturelle skulesekken - plan for perioden 2016-18**

32T

Plan for den kulturelle skulesekken 2016-2018 (L)(23308)

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Plan for den kulturelle skulesekken for perioden 2016-18 vert godkjend slik han ligg føre.**

**Saksopplysningar:**

### Bakgrunn

Den førre planen for Den kulturelle skulesekken (DKS) vart vedteken av kommunestyret 21. februar 2012 og galdt for perioden 2012-2015. Det må difor no lagast ein ny plan. Ein kommunal plan er ein føresetnad for å få fylkeskommunale midlar til kulturelle tiltak for elevane i grunnskulen. Dei siste åra har Masfjorden fått om lag kr 44000 årleg av Hordaland fylkeskommune til Den kulturelle skulesekken

### Fakta/Vurdering

Den kulturelle skulesekken har gjennom dei åra ordninga har eksistert, vore eit tiltak som elevane våre har hatt stor glede av. Kvart år kjem ulike framsyningar på turné til skulane. I tillegg har me brukt midlar til å la klassar reisa på teater, filmframsyningar eller andre kulturarrangement i Bergen. T.d er det mange av elevane våre som slik har fått besøkt VilVite-senteret. På skulane er det difor stor interesse for at arbeidet må halda fram. Dersom me framleis skal få midlar frå Den kulturelle skulesekken, må det lagast ein ny 3-årsplan. Den vedlagde planen byggjer i store trekk på den planen som vart vedteken i 2012, men han er oppdatert og tilpassa den praksis ein no har.
Det er ikkje lenger eit krav at den kommunale planen for Den kulturelle skulesekken skal vedtakast av kommunestyret. Rådmannen vel likevel å leggja planen fram til politisk handsaming, slik at kommunestyret skal få god orientering om kulturarbeidet i skulen.

### Høyring

Utkast til ny plan vart drøfta på møte i styringsgruppa for DKS 24. april 2015. Styringsgruppa er samansett av oppvekstleiar, kulturskulerektor, biblioteksjef og ein kulturkontakt frå kvar

skule. Utkastet har vore ute på høyring på skulane fram til 1. oktober. Det har ikkje kome vesentlege merknader i høyringsperioden. Dei fåe innspela som er komne, er arbeidde inn i utkastet til plan.

**Konklusjon**
Rådmannen tilrår at den framlagde planen for Den kulturelle skulesekken for perioden 2016-18 vert vedteken slik han ligg føre.

**Formannskapet - 109/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**
**Plan for den kulturelle skulesekken for perioden 2016-18 vert godkjend slik han ligg føre.**

# Masfjorden kommune

Rådgjevargruppa

# Notat

| | |
|---|---|
| Til | Formannskap/kommunestyre |
| Kopi til: | |
| Sakshandsamar: | Rådgjevargruppa/Alf Magnar Strand |
| Vår referanse: | 15/116 - 15/4631 / FA - B50 |
| Dato: | 13.10.2015 |

---

**Emne: Plan for den kulturelle skulesekken 2016-2018**

# Masfjorden kommune






# Den kulturelle skulesekken

## 2015 - 2018

# 1.0 Innleiing

***Kommunale føresetnader for arbeidet med den kulturelle skulesekken***
*Masfjorden kommune har, trass i eit folketal på berre 1700, eit rikt kulturliv med mange og varierte tilbod for ulike aldersgrupper. Kommunen har hatt kulturskule (tidlegare musikkskule) i over 30 år, og denne har heile tida hatt svært god oppslutnad. Samla elevtal i kommunen har dei siste åra lege på rundt 200, og over 60 % av desse har kvart år fått tilbod i kulturskulen. Dette er såleis langt over den statlege målsettinga om at 1/3 av grunnskulelevane bør nyttiggjere seg tilbod i dei kommunale kulturskulane.*

*Masfjorden kommune er delt i tre bygdelag med kvart sitt oppvekstsenter. I kvart av sentra finn ein barnehage og 1-10 skule med skulefritidsordning. Oppvekstsentra har stått sentralt når det gjeld å formidle kultur i nærmiljøet, ikkje berre til eigne brukarar, men og i utoverretta verksemd.*

*Offentlege instansar og frivillige lag og organisasjonar har hatt eit godt samarbeid, det same gjeld næringslivet ved BKK og Masfjorden Næringsforum. Det har òg vore eit godt og nært samarbeid mellom kulturskulen og grunnskulen, m.a. når det gjeld bruk av lærarkrefter.*

**Kommunal satsing i relasjon til nasjonal og fylkesvis satsing.**
Masfjorden har heilt sidan ordninga vart oppretta abonnert på Rikskonsertane sitt tilbod til skulane, ei ordning ein ynskjer å halde fram med.

### *1.1 Bakgrunn/historikk*

*Den førre planen vart vedteken av kommunestyret 21. februar 2012 og galdt for perioden 2012-2015. Det må difor lagast ein ny plan som er oppdatert etter dagens situasjon og slik at me framleis kan få fylkeskommunale midlar til kulturelle tiltak for elevane i grunnskulen.*

### *1.2. Målsettingar*

***Overordna målsettingar for Den kulturelle skulesekken:***

- *å medverke til at elevar i grunnskulen får eit profesjonelt kulturtilbod*
    - *å leggje til rette for at elevar i grunnskulen skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag*
    - *å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål*
    - *å gje elevane høve til å få reisa ut og få oppleva kunstnarlege uttrykk*

***Målsetting for kultursatsinga i Masfjord-skulane:***

**Elevane i Masfjorden skal**

- *få møte og samarbeide med profesjonelle kunst- og kulturutøvarar*
- *få formidla kunst av dyktige profesjonelle utøvarar*
    - *få profesjonell hjelp til å utvikle og forbetre kvaliteten på eigne kunst- og kulturuttrykk*
    - *bli betre kjende med og lære å verdsetje lokale kunst- og kulturutrykk i fortid og notid, både i kommunen og regionen elles*
- *lære å sjå kulturaktivitetar som ein verdiskapar i eit lokalmiljø*
- *få høve til å reisa ut og oppleva kunstnarlege uttrykk*

*Gjennom eit samarbeid med profesjonelle kulturarbeidarar og via dei same turnetilboda som elevane får ta del i, får lærarane i Masfjorden*

- *hjelp og inspirasjon til å ta kunst- og kulturuttrykk inn som ein viktig del av alle fag*
- *nye impulsar på sentrale område innanfor kunst og kultur*
- *felles kulturopplevingar saman med elevane*

# 2.0 Treårig handlingsplan

***2.1 Innhald***
*I samsvar med intensjonane i Kunnskapsløftet 2006 vil ein arbeide for at kunst- og kulturutrykk vert ein naturleg del av undervisninga i flest mogleg fag på alle klassesteg*

***Grovskisse for satsingsfelta i ein 3-årsperiode:***

| **ÅR** | **SMÅSKULESTEGET** | **MELLOMSTEGET** | **UNGDOMSSTEGET** |
|---|---|---|---|
| **15/16** | *Teater/drama<br><br>*Forfattarbesøk<br><br>* Film | ***Biletkunst<br><br>*Lokalhistorie<br><br>* Forfattarbesøk | *Dans/musikk<br><br>*Arkitektur/design<br><br>* Forfattarbesøk |
| **16/17** | *Musikk<br><br>*Dans | *Musikk/dans<br><br>*Teater/drama<br><br>* Film | *Film<br><br>*Forfattarbesøk |
| **17/18** | *Biletkunst | *Forfattarbesøk | *Teater/drama<br><br>*Biletbehandling/digitale uttrykk |

### *2.2. Eksisterande tiltak*

**Kommentar:** Ein har her berre teke med større, årlege tiltak. Nokre av desse er godt innarbeidde over tid, andre er slike som ein no kan gjennomføra/vidareutvikla ved hjelp av DKS-midlar.

| **Tittel/prosjekt** | **Innhald** | **Samarbeidspartnarar og utøvarar** | **Målgruppe** | **Tidsrom** |
|---|---|---|---|---|
| ***Kunstdagar** | Kunstoppleving/ biletskaping/ utstilling og presentasjon for andre. Fokus på ein kjent kunstnar | Lærarar i kunst og handverk, kontaktlærarar, eventuelt i samarbeid med lokale kunstnarar | Småskulesteget Ungdomssteget | I samsvar med lokale årsplanar |
| *»Kultur i juni» | Kulturtiltak med elevar i grunn- og kulturskulen | Kraftspel-komiteen | Grunnskulen og kulturskulen | Juni |
| *Teateroppsetjingar/ kulturkveldar | Revyar, musikalar, kabaretar osb. | Ungdomslag, danseinstruktørar, lokale revyforfattarar, foreldre | Dei ulike hovudstega | Haust/vår |
| *Dans | Opplæring og vidareutvikling av dansekunnskap | Helselaga og MOT | Dei ulike hovudstega | Vår |
| *Litteratur og lesestimulering | Forfattarbesøk<br><br>Leseprosjekt<br>Møte med biblioteket<br>Bokbåten | Norsk forfattarsentrum<br>Biblioteksjef<br>Biblioteksjef<br>Skulebibliotekar<br><br>Lærarar i grunnskulen og kulturskulen | Mellom- og ungdomssteget<br>Alle steg<br>Småskulen<br><br>Alle steg | Årleg<br><br>Årleg<br>Årleg<br><br>November og februar |
| *Kulturskulekonsertar | To konsertar pr. skule med | | Alle hovudstega | November og februar |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | framføring av kulturskuleelevar<br>Avslutnings-konsert | | | <br><br>Juni |
| *Kyrkjebesøk | Møte med den lokale kyrkja: Bygg, inventar, symbol, liturgiske fargar, høgtider, salmar | Prest, diakoni- og undervisningsleiar | Småskulesteget | Vår |

### *2.3. Planlagde prosjekt/tiltak*

Tabellen syner planlagde prosjekt/tiltak berre for skuleåret 2015/16. Sjølv om Masfjorden har eit rikt og variert kulturliv, er ein svært avhengig av samarbeid med andre når det gjeld breidde og profesjonalitet i tilbodet.

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| *Teater/drama | Oppleve profesjonelt teater/ få inspirasjon til eiga oppsetting<br>Reisa ut for å oppleva og få inspirasjon | Turnetilbod frå DKS.<br><br>Profesjonelt teater | Småskulesteget<br><br><br>Mellom-/ungdomssteg | |
| *Litteratur og tekstskaping | Møte med kjend barnebokforfattar<br>Møte med kjend ungdomsbokforfattar<br><br>Eiga tekstskaping<br>Å lage eigne tekstar | Profesjonell forfattar<br><br><br><br>Bibliotekar (Norsklærarar) | Småskulesteget<br>Mellomsteget<br>Ungdomssteget<br><br><br>Ungdomssteget | |
| *»Kultur i juni» | Samarbeid med profesjonell kunst/kulturutøvar i høve eitt av satsingsfelta for mellomtrinnet. | Profesjonelle kunstnarar | Mellomsteget | Juni |
| *Kulturell dag i Bergen | Vitje museum, samlingar, Grieghallen, gå på teater m.m.<br>Besøk på VilVite | | Mellomsteget | Vår |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| *Dans/musikk | Oppleve profesjonell dans/samspel<br><br>Musikk/dans<br>lære internasjonale folkedansar<br><br>Dans<br><br>Musikk | Turnetilbod via DKS/ samarbeid med profesjonelle dansarar<br>Ungdomslag/ idrettslag innvandrarar i regionen<br>UWC<br><br>Opplæring og vidareutvikling av dans<br>Samarbeid med helselaga og MOT<br><br>MOT-konsert | 1.-10. klasse<br><br>5.-10.klasse | <br><br>Vår |
| *Arkitektur/ design | Studere og dokumentere lokal byggeskikk<br>Møte arkitektar, designarar og byggmeistrar<br><br>Arkitektur heime og ute | Arkitektar og designarar<br>via tilbod frå DKS<br>lokale byggmeistrar<br>Kunsthøgskulen<br>Studietur | Ungdomssteget<br><br>10. klasse | |

## *2.4. Samarbeidsrelasjonar og partnarar*

| Namn | Verksemd | Postadresse/e-postadresse | Tlf. |
|---|---|---|---|
| Frank Kvinge | Masfjorden kulturskule | Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes<br>Frank.Kvinge@masfjorden.kommune.no | 56 16 6246 |
| Svein-Helge Hofslundsengen | Rådmann i Masfjorden | Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes<br>Svein-Helge.Hofslundsengen @masfjorden.kommune.no | 56 16 6200<br>56 16 6215 |
| Kjellaug Bolset Strand | Biblioteksjef i Masfjorden | Masfjorden folkebibliotek, Fensfjordvegen 494, 5986 Hosteland<br>Kjellaug.Strand@masfjorden.kommune.no | 56 16 6420 |
| Alf Strand | Rådgjevar for oppvekst og kultur | Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes<br>Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no | 56 16 6241 |
| Marta Midtbø | MOT-koordinator | Fensfjordvegen 490, 5986 Hosteland<br>Marta.midtbo@masfjorden.kommune.no | 56 16 6313 |

## 3.0. Organisering

*3.1. Organisering av arbeidet med Den kulturelle skulesekken*

Rådgjevar for oppvekst og kultur er kommunal kontaktperson med ansvar for lokal satsing og tilrettelegging. På kvar skule er det ein kulturkontakt med ansvar for DKS. Kommunal kontaktperson og kulturkontakten på skulane møtest minst ein gong årleg.

*3.2. Oversyn over dei medverkande i arbeidet med DKS i kommunen*

| **DKS-kontaktperson i kommunen** | **Ansvarsområde** | **Postadresse/ Straumpostadresse** | **Tlf. arbeid Mobil** |
|---|---|---|---|
| Alf Strand | Leiar og sekretær for arbeidsgruppa, Rådgjevar for oppvekst og kultur | 5981 Masfjordnes Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no | 56166241 41610978 |

Andre interne samarbeidspartnarar: Sjå tabellen under 2.4.

*3.3. Kulturkontaktordninga ved skulane*

| **Skule/skulestad** | **Kulturkontakt** | **Tlf.arbeid /mobil** | **Postadresse/ Straumpostadresse** |
|---|---|---|---|
| Matre skule, Matredal | Liv Brekken | 56 16 61 62 | 5984 Matredal liv.brekken@masfjorden.kommune.no |
| Sandnes skule, Masfjordnes | Terje Rasdal | 56 16 63 63 | 5981 Masfjordnes terje.rasdal@masfjorden.kommune.no |
| Nordbygda skule, Hosteland | Endre Tynning Nystrand | 56 16 64 00/ 91524405 | 5986 Hosteland endre.nystrand@masfjorden.kommune.no |

Adresse til Den kulturelle skulesekken i Hordaland: **www.dks-hordaland.no**

## 4.0. Økonomiplan

### *4.1 Planar for kommunale avsetningar til Den kulturelle skulesekken*

Ut frå planlagde satsingar og bruk av midlar føregåande år, set Masfjorden kommune av slike summar til arbeidet med DKS komande år:

| | |
|---|---|
| 2016: | kr. 75.000,- |
| 2017: | kr. 75.000,- |
| 2018: | kr. 75.000,- |
| **Samla:** | **kr 225.000** |

## *4.2. Stipulert budsjett for ein 3-årig periode for eksisterande og planlagde tiltak*

| **Tiltak** | **Kva skal midlane nyttast til** | **Eigne midlar** | **Tildelte midlar frå DKS** |
|---|---|---|---|
| Turnetilbod frå DKS | Kommunale midlar:<br>Eigenbetaling for turnetilboda (kr. 9, pr. elev pr. tilbod)<br>-skyssutgifter internt<br>-noko materiellutgifter<br>-utgifter til utstillingar<br>Frå fylkeskomm.:<br>Finansiering av turnetilboda | Kr. 60.000,- | Kr. 62.000,- |
| Kulturdag i Bergen<br><br>Forfattarbesøk | Eigne midlar:<br>-subsidiering skyss<br>-eigendel tilboda i Bergen<br><br>Honorar | Kr. 40.000,-<br><br>Kr 50.000 | Kr 10.000<br><br>Kr 20.000 |
| "Kultur i juni" | Eigne midlar:<br>-skyssutgifter elevar<br>-finansiering honorar til kulturoperatørar i arbeid med skuleklassar<br>-div. materiellutgifter m.m. | Kr. 50.000,- | Kr. 22.000,- |
| Andre lokale tiltak | | Kr 25.000,- | Kr 16.000,- |

Samla løyving frå fylkeskommunen (DKS-midlar): Kr. 130.000,-

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Helga Ellingsen | FA - F30 | 14/121 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 113/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 083/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Samarbeid med Modalen kommune om 100% stilling som flyktningkonsulent**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. **Masfjorden kommune aukar ressursen til flyktningarbeid i kommunen med 50% stilling.**

2. **Masfjorden kommune inngår eit vertskommunesamarbeid med Modalen kommune i høve flyktningkonsulent.**

3. **Masfjorden kommune lyser ut 100% stilling som flyktningkonsulent med arbeidsområde 50/50 i Masfjorden og Modalen kommune.**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Masfjorden kommune har i kommunestyrevedtak 057/2014 vedtok kommunen blant anna å opprette; *«…stilling som flyktningkonsulent i minimun 50% stilling. Stillinga kan vurderast i samarbeid med nabo kommunar.»*

I kommunestyrevedtak 057/2015 har Masfjorden vedteke å halde fast på kommunestyrevedtak 057/2014 om busetting av 10 flyktningnar i 2015, men viss det er mogleg kan kommunen busette inntil 17 flyktningar i 2015, og tar sikte på å busette 14 flyktningnar i 2016 og 10 flyktningar i 2017.

Masfjorden kommune har pr. i dag tilsett flyktningkonsulent i 50% stilling. Kommune har i september 2015 busett 12 flyktningar på Matre, noko som krev mykje organisering og planlegging.

Modalen kommune har vedteke å busette 10 flyktningar i 2015, og har kontakta Masfjorden for å vurdere eit samarbeid når det gjeld busetting av flyktningar. Modalen planlegg å starte opp med ein 50 % stilling som flyktningkonsulent, og ynskte å samarbeide om stilling slik at kommunane kan tilby ein 100% stilling til saman.

**Vurdering**

**Arbeidsoppgåver og stillingsprosent:**

I fyrste fase fram til busetting av flyktningar, har arbeidsoppgåvene til flyktningkonsulent vore innanfor ei ramme på 50%. I denne fasen har flyktningkonsulent kunne planlegge og organisere mottak av flyktningane, utan andre omsyn.

I september 2015 busette kommunen 12 flyktningnar på Matre. Det har vore eit krevjande arbeid, med alt frå å organisere opplæring, kurs, møblere hus, mottak og henting av flyktningane, innkjøp av nødvendig kle og utstyr, organisering av transport til butikk, samarbeid med frivillige, introdusering på skule og barnehage, planlegging og organisering av introduksjonsprogrammet for dei vaksne, helse kontroll, kartlegging og mykje meir. Dette arbeidet har kravd langt meir enn 50 % stilling for å gjennomføre. I fyrste busettinga av flyktningar så var ikkje introduksjonsprogrammet starta opp, slik at flyktningkonsulent fekk god hjelp av lærar i introduksjonsprogrammet. Denne hjelpa vil ikkje vere tilgjengeleg ved seinare busetting. I tillegg har det vore nytta mange andre personar frå pleie og omsorg til dette arbeidet.

Utifrå dei erfaringar kommunen har gjort så langt, er det ikkje tilstrekkeleg og forsvarleg med 50% stilling som flyktningkonsulent. Målet er at flyktningane etter kvart skal ha behov for mindre bistand og hjelp frå flyktningkonsulent, men det vil ta tid. Skal kommunen klare å planlegge og organisere busetting av fleire flyktningar i 2016, er det behov for å auke ressursen innanfor flyktningarbeidet.

I dag er det kun ein person som arbeidar med busetting av flyktningar i Masfjorden kommune, noko som kan gjere tenesta sårbar ved sjukefråvær, ferie, m.m.

**Samarbeid med Modalen kommune:**

Modalen har kontakta Masfjorden for å vurdere om kommunen og flyktningkonsulent i Masfjorden ville samarbeide, slik at flyktningkonsulent kunne få ei 100 % stilling til saman. Dette er vurdert saman med flyktningkonsulent, men slik arbeidsoppgåvene er i dag, vil ikkje ei slik løysning fungere. Ei utfordringa er at både Masfjorden og Modalen kan få flyktningar på same tidsrom. Ein flyktningkonsulent kan ikkje klare å fylgje opp busetting av flyktningar i to kommunar, som i tillegg har utfordringa når det gjeld avstand og geografi.

Modalen har planlagt å starte med ein 50% stilling som flyktningkonsulent, slik som Masfjorden har gjort. Dei ynskjer å samarbeide med Masfjorden for å kunne tilby 100% stilling. Etter drøftingar med flyktningkonsulent er ein kome til at den beste løysing i fyrste omgang er å lyse ut ei ny 100% stilling som flyktningkonsulent, i tillegg til den 50% stilling som Masfjorden alt har. På den måten vil ein få to personar som kan samarbeide innan flyktningarbeidet, og det vil bidra til ei meir stabil og styrkja teneste i begge kommunane.

**Fakta**

Masfjorden kommune har tilsette 50% stilling som flyktningkonsulent i 2015. Med den ressursen Masfjorden kommune har pr. i dag på flyktningtenesta, vil ikkje kommunen klare å busette fleire flyktningnar i 2015. Det vil og bli utfordrande å busette 14 flyktningar i 2016 jf K-vedtak 057/2015. Skal kommunen klare å busette og integrere fleire flyktningar i 2016, er det nødvendig å auke ressursane til flyktningarbeidet.

Modalen kommune skal tilsette flyktningkonsulent i 50 % stilling i 2015 og ynskjer å samarbeide med Masfjorden om denne stillinga, slik at ein kan lyse ut ei 100 % stilling. Modalen ynskjer eit samarbeid med Masfjorden kommune, der Masfjorden er vertskommune for samarbeidet.

**Konklusjon**
1. Masfjorden kommune aukar ressursen til flyktningarbeid i kommunen med 50% stilling.

2. Masfjorden kommune inngår eit samarbeid med Modalen kommune i høve flyktningkonsulent. Samarbeidet blir eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28b, der Masfjorden er vertskommune. Rådmann får ansvar for å utarbeide ein avtale med Modalen kommune.

3. Masfjorden kommune lyser ut 100% stilling som flyktningkonsulent med arbeidsområde 50/50 i Masfjorden og Modalen kommune.

**Formannskapet - 113/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**
**1. Masfjorden kommune aukar ressursen til flyktningarbeid i kommunen med 50% stilling.**

**2. Masfjorden kommune inngår eit vertskommunesamarbeid med Modalen kommune i høve flyktningkonsulent.**

**3. Masfjorden kommune lyser ut 100% stilling som flyktningkonsulent med arbeidsområde 50/50 i Masfjorden og Modalen kommune.**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Svein Helge Hofslundsengen | FA - F47 | 15/843 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 111/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 084/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Vertskommunesamarbeid - barnevernstenestene i Gulen og Masfjorden kommunar**

32T

Samarbeidet mell

Avtaledokument

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Avtale om vertskommunesamarbeid mellom Gulen og Masfjorden kommunar om felles barnevern vert godkjent.

Masfjorden kommune delegerer til Gulen kommune å utføre dei oppgåver som er lagt til kommunen i barnevernsaker.

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

KS-054/13 Vedtak :

4. **Seinast innan 2015 skal kommunane ha utgreidd om det er grunnlag for å inngå vertskommunesamarbeid etter kommunelova. Til dette arbeidet tilrår kommunestyret at det vert oversendt søknad om tilskot til utgreiing av interkommunalt samarbeid.**

**FS - 142/2014 VEDTAK:**

1. **Barnevernet for kommunane Gulen og Masfjorden vert samlokalisert i tidlegare NAV lokala på Hosteland.**
2. **Det vert inngått ein husleigeavtale på inntil 5 år. Ein prøver å avgrense leigeperioden prøveår 2015 + opsjon 2+2 år. Masfjorden kommune vert avtalepart med utleigar. Begge kommunane forpliktar seg til å dekke sin del av leigekostnadene jf. inngått leigeavtale (og jf. pkt. 5)**
3. **Samlokaliseringa gjeld i første omgang for perioden til og med 31.12.2015, men kommunane har som intensjon at dette skal bli ei permanent løysing for barnevernet.**
4. **Gulen kommune er vertskommune for felles stilling (50% kvar av kommunane med statleg finansiering) jf. Kommunestyresak 54/13, kor ein og vedtok at seinast innan 2015 skal kommunane ha utgreidd om det er grunnlag for å inngå vertskommunesamarbeid etter kommunelova. Til dette arbeidet tilrår kommunestyret at det vert oversendt søknad om tilskot til utgreiing av interkommunalt samarbeid.**
5. **Husleigekostnadene og andre felles kostnader elles vert fordelt likt mellom kommunane. Direkte kostnader som gjeld aktuelle kommune, vert dekka fullt ut av aktuelle kommune.**
6. **Innafor rammene for driftsbudsjettet for 2015 vert ei stilling innan barnevernet auka opp med 10%. Barnevernsleiar i Gulen får eit samla leiaransvar for i alt 5 stillingar i barnevernet Gulen & Masfjorden.**

**Vurdering**
Rådmannen meiner at samarbeidet må formaliserast og lovmessig forankrast betre enn det som har vore og er no-situasjonen.
Interkommunale samarbeid mellom kommunale barneverntenester har gitt erfaringar om at dei tilsette opplever ei styrking av fagmiljøa og at det fører til meir stabile tenester (Telemarksforskning). I følgje Prop. 106 L (2012-2013) om Endringer i barnevernet har Barnevernpanelet føreslege ei bemanningsnorm på minimum 5 tilsette i ei barneverntenste, for å kunne kompensere mot den sårbarheita som ei mindre teneste vil kunne ha. Med minimum fem tilsette vil ein kunne unngå inhabilitet, og eit sterkare fagmiljø vil gjere det lettare å ta tak i tunge og vanskelege saker.
Gulen og Masfjorden barneverntenester har allereie samarbeidd i lengre tid. Det starta med at kommunane var settekommunar for kvarandre, dette utvikla seg til kollegarettleiing og felles fagdagar og opplæring. Felles opplæring har styrka samarbeidet mellom kommunane. Samarbeidet vart vidareutvikla ved å utarbeide felles Rutinehandbok for tenestene.

Samarbeid mellom barnevernstenestene i Gulen og Masfjorden er initiert av barnevernstenestene sjølve. Det i seg sjølv er eit godt utgangspunkt for å få til ein felles prosess, og ei god vurdering i høve om ein skal slå saman barnevernstenestene.
I eit notat som gjekk til formannskap og kommunestyret (04.09.14) orienterte barnevernstenesta om deira tankar rundt prosess og deira planar rundt eit prøveprosjekt med samlokalisering i felles kontor på Hosteland i Masfjorden.
Leiar for barnevernet i Masfjorden slutta hausten 2014, og leiar i Gulen overtok fag- og personalansvaret frå same tid.
Evalueringa som no ligg føre oppsummerer situasjonen etter 6 mnd. med felles kontor og under felles leiar. Erfaringane er gode og barnevernstenestene ynskjer å fortsetje arbeidet gjennom eit formalisert samarbeid.
Det er i fellesskap mellom kommuanenv/rådmenne og leiar for barnevernstenesta utarbeidd eit framlegg til avtale om vertskommunesamarbeid.
I avtalen er det lagt til grunn eit prinsipp der ein fordeler det økonomiske etter folketal når det gjeld løpande, administrative utgifter (t.d. løn, kontor..), medan ein knyter utgifter til faktiske tiltak i og utanfor heimen direkte til den kommunen som

born/familie er heimehøyrande i.

**Fakta**
Det er eit mål frå statleg hald at alle barneverntenester skal vere robuste og kompetente for å kunne løyse særs krevjande oppgåver. I Prop. 106 L (2012-2013) om Endringer i barnevernet vektlegg barne og likestillingsdepartementet målet om å styrke barnet sin posisjon i barnevernsaker, gje betre rettssikkerheit og auke kvaliteten i barnevernet sitt arbeid. Samarbeid på tvers av kommunegrenser vil vere tenleg for å få eit meir robust barnevern, med nødvendig kompetanse, ressursar og tiltak for å kunne løyse dei barnevernfaglege oppgåvene.

Heimelen for vertskommunesamarbeid følgjer av Kommunelova § 28

**§ 28-1 b. *Administrativt vertskommunesamarbeid***

1. En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune)[1] at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjørelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.

2. Bestemmelsen i nr. 1 gjelder tilsvarende for vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner.

3. Delegasjon av myndighet som nevnt i nr. 1 skjer ved at kommunestyret eller fylkestinget selv gir instruks til egen administrasjonssjef om delegasjon til administrasjonssjefen i vertskommunen.

4. Folkevalgte organer i vertskommunen har ikke instruksjons- eller omgjøringsmyndighet der delegasjon er skjedd i samsvar med nr. 3.

5. En samarbeidskommune kan gi vertskommunen instruks om utøvelsen av den delegerte myndighet i saker som alene gjelder samarbeidskommunen eller berørte innbyggere.

6. For vedtak vertskommunen treffer etter delegasjon fra en samarbeidskommune, har samarbeidskommunen samme omgjøringsmyndighet som etter forvaltningsloven[2] § 35 første ledd.

**Konklusjon**
Rådmannen meiner prosessen med felles barnevernskontor har vore god, og at kommunane med denne løysinga får eit funksjonelt og fagleg sterkt barnevern. Rådmannen vil difor rå til at avtalen om vertskommunesamarbeid vert godkjent.

**<u>Formannskapet - 111/2015</u>**

**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Endringsframlegg til sjølve avtalen

V, hadde endringsframlegg i høve sjølve avtalen. Leiar for barnevernet rapporterer til rådmannen i vertskommunen og medlemskommunen.

**<u>Røysting:</u>**

Framlegg til vedtak frå rådmannen med endringsframlegg frå Venstre i høve avtalen, vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**Avtale om vertskommunesamarbeid mellom Gulen og Masfjorden kommunar om felles barnevern vert godkjent.**

**Masfjorden kommune delegerer til Gulen kommune å utføre dei oppgåver som er lagt til kommunen i barnevernsaker.**
**Avtalen mellom kommunane må sikre rapportering og til medlemskommunen; Leiar for barnevernet rapporterer til rådmannen i vertskommunen og medlemskommunen.**

**Samarbeidet som har vore mellom barnevernstenestene i Gulen og Masfjorden.**

Barnevernet i Gulen flytta inn i lokala på Hosteland november 2014, og Masfjorden flytta inn i januar 2015.

Vårt motto er: Barneverntenesta i Gulen og Masfjorden, med barn i fokus!

Vegen fram til der vi står i dag, 24. juni 2015:

- Det har vore ein prosess som starta 2009 med at Barnevernet i dei to kommunane var sette kommunar for kvarandre, tok saker for kvarandre og jobba i felles sak.
- I 2010 hadde ein felles kurs og kompetanseheving, PMTO. Dette er ei foreldrerettleiingsprogram. Opplæringa gjekk over 2 år, i Fjaler. Her var barnevernet i begge kommunane og helsesyster i Masfjorden med.
- 2011 starta ein opp med felles fagdagar ein gong i månaden.
- 2012: Kompetansehevingsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, der barnevernet og helsesyster i Gulen og barnevernet i Masfjorden var med på felles opplæring i bruk av COS, som er ein foreldrerettleiingsmetode; Tryggleikssirkelen.
- 2013: Nye retningslinjer frå BLD, krav om minimum 5 stillingar for å vere ei barnevernteneste.
- Barnevernsleiarane i kommunane ville søkje om felles kompetansestilling.
- Rådmann i begge kommunar var positive, og det vart laga sak til kommunestyra som vedtok likelydande vedtak om å søkje om felles kompetanse stilling for kommunane
- Vi fekk midlar frå Fylkesmenna i begge fylka. Desse lønsmidla må rapporterast på kvart halvår til begge Fylkesmenna.
- 01.01.2014 begynte ny medarbeidar i stillinga, 50 % i Masfjorden, og 50 % i Gulen.
- Gulen er vertskommune for stillinga
- I 2014 hadde vi 3 teamutviklingsdagar, der vi vart kjent med kvarandre sine faglege- og personlege styrker og utfordringar.
- Behovet for å ha felles lokalar tvinga seg fram, og vi såg at det var svært viktig for å kunne samarbeide som eit team, og kunne nytte kvarandre sine styrker til det beste for tenestene i begge kommunane.
- Barnevernsleiarane var i møte med rådmenna om samlokalisering, og vart einig om å ha eit prøveår.

Hausten 2014:

- Det vart skrive leigekontrakt mellom utleigar på Hosteland og Masfjorden kommune, i lokala som NAV tidlegare hadde leigd.
- Barnevernsleiar i Masfjorden slutta i stillinga si 1.oktober, og leiar i Gulen barneverntenesta overtok leiaransvaret for barneverntenesta i Masfjorden. Det vart tilsett ny barnevernskonsulent 17.september.
- Barnevernstenestene rydda og arkiverte kvar for seg.

- Informasjon ut til innbyggarane i begge kommunane
- Felles kurs
- Internt fagseminar
- Innarbeiding av rutinar
- Felles barnevernsleiar

## Vår evaluering:

**Barneverntenesta i Gulen og Masfjorden er einige om fylgjande:**

- Styrkingsstillinga som vi fekk frå fylkesmenna har gjort samarbeidet mellom kommunane betre, og gjorde at vi fekk større fokus og framdrift på samlokaliseringsprosessen.
- Vi har fått veleigna og fine kontor
- Vi må bli ei felles barneverntenste slik at vi alle kan jobbe på tvers av kommunane, og bruka kvarandre sin fagkompetanse på best mogleg måte. Barna vil bli registrert og arkivert i heimehøyrande kommune.

- Vi opplever at samlokaliseringa har styrka barneverntenesta på følgjande måte:
    1. Vi har eit større fagmiljø.
    2. Høgare samla kompetanse lokalt for å løyse oppgåvene
    3. Betre rutinar på gjennomgang av melding og undersøking
    4. Gode rutinar på barnesamtale, som 2. samtale i oppstart av ei sak
    5. Grundigare observasjonar i barnehage, skule og heim
    6. Større moglegheit til saksrettleiing på kontoret
    7. Felles oppmøteplass gjev større kollegialt fellesskap, som gjev tryggleik og moglegheit til debrifing på saker
    8. Når vi er fleire treng vi ikkje gå inn i saker som vert for nære for både sakshandsamar og klient. (Dette er ei styrke, som vi kan kalle «robustheit»).
    9. Vi har godt samarbeid og godvilje frå begge fylkesmenna, og kan hente det beste frå begge fylka
    10. Vi har formalisert samarbeidet mellom barnevern, helse, ppt og politi
    11. Vi har formaliserte samarbeidsmøter med helsesystrene i begge kommunane ein gong i månaden. Der vert det utveksla erfaringar, og forventningar til roller/samarbeid. Vi har drøfta/rettleia kvarandre i forhold til anonyme «case». Barneverntenesta har invitert helsesystrene med på ulike kurs. PPT og legane i begge kommunane har blitt invitert med på desse månadlege samlingane.
    12. Barneverntenesta og politi har avtale om møte ein gong i halvåret.
    13. Barneverntenesta har invitert NAV og flyktningekonsulentane i begge kommunane. Dette har vi ikkje fått realisert enno.
    14. «Klaff» i Gulen kommune og «Oppvekstteam» i Masfjorden kommune fungerer som tidlegare, det same gjeld kriseteam i Gulen og tverrfagleg støtteteam i Masfjorden.
    15. Jane Hesjedal møter på leiarmøter i Gulen, Kristin Midtgård møter på leiarmøter i Masfjorden

Kva treng barnevernstenesta no:

- Formelle avtalar på korleis organiseringa mellom kommunane skal vere
- Kven skal vere vertskommune?
- Vi treng ein avklart leiarfunksjon, og kor stor stillingsprosent denne funksjonen skal ha
- Eitt felles fagprogram, Familia , som er eit barnevernsfagleg program som 84 % av kommunane i Noreg brukar. Gulen brukar dette programmet i dag. Masfjorden kan nytte seg av den same.
- Finne ei funksjonell telefonløysing

• Uavhengig av kommunesamanslåing eller ikkje…. Barnevernet treng eit felles fagsystem NO, vi treng moglegheit til å arbeide på tvers av kommunegrensene NO, men åtskilt arkivsystem slik som i dag.

24.juni 2015

Jane Hesjedal

Anne Marit Oppedal

Kristin Midtgård

Ingeborg Boge

Ina Austgulen

Ann Helen Engesæter

Arkivsak Gulen 15/1272

**AVTALEDOKUMENT – BARNEVERNSTENESTA I GULEN OG MASFJORDEN**

Det er inngått avtale om felles barnevernsteneste i Gulen og Masfjorden på fyljande vilkår:

**Vertskommunesamarbeid**
Felles barnevern er oppretta som vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28b, mellom kommunane Gulen og Masfjorden. Namnet skal vera *Barneverntenesta i Gulen og Masfjorden*. Gulen kommune er vertskommune og Masfjorden er medlemskommune.
**Foremålet med samarbeidet**
Føremålet med samarbeidet er å få eit større fagmiljø, og kunne løyse oppgåvene til barnevernstenesta med høgare samla kompetanse.
Barnevernstenesta vil arbeide under mottoet: Barneverntenesta i Gulen og Masfjorden, med barn i fokus!

**Val av vertskommune**
Vertskommune er Gulen kommune. Masfjorden kommune er medlemskommune.

**Ansvar og myndigheit**
Barnevernet v/ leiar er ansvarleg for å utøve kommunane sine oppgåver i tråd med barnevernlova § 2.

Leiar for barnevernet rapporterer til rådmannen i vertskommunen.

Kommunestyra i Gulen og Masfjorden (via Gulen) har delegert til leiar dei fullmakter som er tillete delegert etter barnevernslova.

**Organisering, dimensjonering og lokalisering.**

Ved oppstart av vertskommunesamarbeid er stillingsressurs definert til 1,8 stillingar Masfjorden og 2 stillingar Gulen.
I tillegg har kommunane 1 felles kompetansestilling, finansiert med eigne styrkingsmidlar frå Fylkesmannen.

Leiar for barnevernet har ansvar for økonomisk styring og dagleg leiing av barnevernskontoret. Alle ved barnevernskontoret vert tilsett i Gulen kommune som då har arbeidsgjevaransvaret for dei.

Kontorstad p.t. er Hosteland i Masfjorden kommune. Kontorstad er vald i høve praktiske årsaker.

**Økonomi**

Barnevernsleiar pliktar å utarbeida driftsbudsjett, og har ansvar for at desse vert gjennomførte.
Budsjettet lyt utarbeidast innan 01.09 kvart år og sendast kommunane.

Alle kostnadar knytt til den administrative delen av tenestene (tilsette, kontorutgifter, husleige, reiser, kurs m.m.) skal delast etter folketal. Fordeling av kostnader, skal vera basert på folketalet pr. 01.01 i budsjettåret.

Alle utgifter knytt til tiltak i og utanfor heime (ref. Kostra inndeling) skal belastast den kommunen der tiltaket oppstår.

Gulen kommune fakturerer Masfjorden for kostnader knytt til samarbeidet.
Budsjettet skal stå i forhold til den, til ei kvar tid, gjeldande situasjon som kommunane står over for. Driftsrekneskapet for samarbeidet skal førast særskild med eige ansvar i kommunerekneskapet.

Utstyr og anleggsmiddel, herunder køyretøy og IT skal eigast og driftast av vertskommunen. Investeringar i nytt utstyr av relativt stor verdi skal avklarast i begge kommunar gjennom normal budsjettprosess.

Overskot ved sal av tenester, skal godskrivast driftsbudsjettet.

**Informasjon**
Saker som er av spesiell karakter skal takast opp på rådmannsnivå. Det skal haldast faste møter mellom barnevernet og leiinga i dei to kommunane. Leiar for barnevernstenesta kallar inn til slikt møte to gongar i året.

**Sal av tenester**
Barnevernet skal ha mynde til å selja tenester. Det kan t.d. vere bistand til nabokommunar.

**Avvikling / oppseiing av avtalen**
Avtalen gjeld frå 01.01.16 og til ho vert sagt opp. Kvar av kommunane kan seia opp avtalen med 1 års varsel frå 31.12 det aktuelle året.

**Tvisteløysing**
Dersom det oppstår tvist eller anna usemje, og ein ikkje når fram med tingingar, skal det oppnemnast ei nemnd der kvar kommune har representant og ein felles nøytral domsrnann.

Hosteland, ________

______________________ ____________________________
Gulen kommune, rådmann Masfjorden kommune, rådmann

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Sveinung Toft | FA - X26 | 15/199 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 117/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 085/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

## Framlegg til ny kriseplan for Masfjorden kommune

32T

Framlegg til kriseplan Masfjorden kommune 13.10..2015_Utan varslingsliste (3)

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kriseplan for Masfjorden kommune dagsett 13.10,2015 vert godkjent.

Rådmannen får fullmakt til å revidera planen ved behov, jf. § 15 i Lov om kommunal beredskapsplikt.

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn og fakta:**

Alle kommunar skal ha ein kriseplan (beredskapsplan) i medhald av lov om

kommunal beredskapsplikt (Sivilbeskyttelsesloven) og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Kriseplanen skal skildra eit sett med oppgåver for kriseleiinga, og kven som har ansvar for kva.

Planen skal og innehalda plan for evakuering og ressursoversyn.

Det skal og vera ei oppdatert varslingsliste med i plandokumentet.

I § 4 i forskrift om kommunal beredskapsplikt står det m.a. at kommunen med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen skal utarbeide ein overordna beredskapsplan som samordnar og integrerer andre beredskapsplanar i kommunen.

Kriseplanen skal som eit minimum innehalda:
a)ein plan for kommunen si kriseleiing som gjev opplysningar om kven som utgjer kriseleiinga til kommunen og leiinga sitt ansvar, roller og fullmakter, samt kven som har

fullmakt til å avgjera om/når kriseleiinga skal samlast.

b)ei varslingsliste over aktørar som har ei rolle i kommunen si krisehandtering. Kommunen skal informera alle som står på varslingslista om deira rolle i krisehandteringa.

c)ein ressursoversikt som skal innehalda opplysningar om kva ressursar kommunen sjølv har til rådvelde, og kva ressursar som er tilgjengelege hjå andre aktørar ved uønska hendingar. Kommunen bør på førehand inngå avtalar med relevante aktørar om bistand under kriser.

d)evakueringsplan og plan for varsling til innbyggjarane basert på den heilskaplege risiko- og sårbaranalysen.

e)plan for krisekommunikasjon med innbyggjarane, media og egne tilsette.

Krav til innhald og oppdatering/revisjon av kriseplanen går fram av forskrift om kommunal beredskapsplikt sin § 6, 2. ledd: *Kommunen sin kriseplan skal til ei kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast ein gong pr. år.*

Etter tilsyn den 10. mars kom Fylkesmannen i Hordaland med tilråding om at Masfjorden kommune utarbeider ein heilt ny overordna beredskapsplan frå botnen av med ei tredeling: administrativ del, operativ del og vedleggsdel. Vidare meinte Fylkesmannen at planen bør vera funksjonsorientert, slik at ein får på plass naudsynte avklaringar knytt til roller og ansvar.

## Vurdering:

Rådmannen meiner at framlegget til ny kriseplan dagsett 13.10.2015 no skal vera i samsvar med krava gjeve i lov om kommunal beredskapsplikt sin § 15 og etter forskrift om kommunal beredskapsplikt. Framlegget til ny kriseplan skildrar både oppgåver for kriseleiinga, og kven som har ansvar for kva. Den inneheld og plan for evakuering og ressursoversyn, samt ei oppdatert varslingsliste. Vidare vil ein vise til at administrasjonen samstundes har jobba med ny overordna risiko og sårbarsanalyse for Masfjorden kommune, og at begge desse dokumenta i eige møte den 22.09.2015 er vorte drøfta i beredskapsrådet til kommunen.

### Konklusjon:

Rådmannen meiner at kommunestyret i medhald av lov om beredskapsplikt sin § 15 kan godkjenna framlegg til ny kriseplan for Masfjorden kommune, og at dokumentet vil vera teneleg om ei uønska hending skulle skje. Det er viktig at plandokumentet vert redigert/ revidert med jamne mellomrom, slik at det til ei kvar tid skal vera oppdatert med rette personar og oppdatert i høve kommuneorganisasjonen og når andre endringar skjer.

**Konklusjon**

**Formannskapet - 117/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Kriseplan var ikkje utsendt-presentasjon/gjennomgang av Sveinung Toft i møte.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

- Kriseplan for Masfjorden kommune dagsett 13.10,2015 vert godkjent.
- Rådmannen får fullmakt til å revidera planen ved behov, jf. § 15 i Lov om kommunal beredskapsplikt.

# KRISEPLAN

## for
## Masfjorden kommune




Vedteken av
Masfjorden kommunestyre
2015

- **Revidert 13.10.2015** -

# Innhald:


| | | |
|---|---|---|
| 1. | Mål for samfunnstryggleik og beredskap i Masfjorden | s. 3 |
| 2. | Kriseplanar som er utarbeidd i tenestene | s. 4-5 |
| 3. | Kriseleiinga i Masfjorden kommune | s. 6-7 |
| 4. | Kriseleiinga sine oppgåver | s. 8 |
| 5. | Kriseleiinga sine fullmakter | s. 9 |
| 6. | Varslingsplan og instruks for etablering av kriseleiinga | s. 10-11 |
| 7. | Operasjonslokale og alternative operasjonslokale | s. 12 |
| 8. | Informasjon | s. 13 |
| 9. | Evakueringsplan | s. 14 |
| 10. | Beredskapsrådet i Masfjorden | s. 15 |
| 11. | Viktige telefonnr | s. |
| 12. | Ressursoversikt | s. |
| 13. | Fordelingsliste, kriseplan | s. 16 |

# Kap. 1

## MÅL FOR SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP I MASFJORDEN

**Overordna mål for beredskapsarbeidet**:

**Masfjorden kommune skal vera ein trygg og god kommune å arbeida, bu og opphalda seg i.**

**Definisjon**: *Systematisk beredskaps og samfunnstryggleiksarbeid er tiltak for å førebyggja og effektivt kunna handtera hendingar som truar liv, helse, miljø og viktige samfunnsverdiar og krev ekstraordinær innsats. Effektiv innsats ved ulukker og kriser skal gjera at ein snarast råd er attende i normalsituasjon.*

Lovverket pålegg kommunane å ivareta tryggleik og beredskap for m a

- Beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga etter PLB-lova
- Helsemessig og sosial beredskap
- Beredskap mot akutt forureining
- Brann og eksplosjonsvern
- Sikkert drikkevatn
- Informasjon

For å møta desse utfordringane, har Masfjorden kommune følgjande delmål:

**Delmål 1:**
**Masfjorden kommune skal fokusera på effektiv førebygging av uønskte hendingar.**

**Delmål 2**
**Masfjorden kommune skal ha ein handlingsdyktig brann og beredskapsorganisasjon**

**Delmål 3**
**Vårt kommunale beredskapsarbeid skal fokusera på reduserte skadeverknader av uønskte hendingar.**

Masfjorden kommune skal gå gjennom og revidera heile beredskapsplanverket kvar valperiode. Planstrategien som skal vedtakast av kommunestyret innan eit år i ny valperiode, jfr PBL §  skal synleggjera plan og prioritering for dette arbeidet.
Arbeidet med brann og beredskap skal ha kompetanseutvikling som hovudstrategi
Masfjorden kommune skal ha tenleg redningsutstyr, og plan for innkjøp på dette feltet skal arbeidast inn i økonomiplanen.

# Kap. 2

## KRISEPLANAR SOM ER UTARBEIDD I TENESTENE

**Denne kriseplanen er ein beredskapsplan for kriseleiinga i Masfjorden kommune. For å førebyggja og effektivt møta uønskte hendingar og kriser, har Masfjorden kommune kriseleiing og kriseteam med gode og oppdaterte planar og fullmakter. Det tverretatlege støtteteamet er kommunen sitt kriseteam. Alle avdelingar i Masfjorden kommune har eigne planar for å handtera kriser som kan oppstå på kvar eining. ( t d ulukker, straumbortfall, dødsfall hjå tilsette, barnehagebarn eller elevar) og eigne rutinar for å følgja opp sin del av den kommunale beredskapen. Masfjorden kommune legg vekt på at leiarane for og tilsette i dei ulike tenestene/avdelingane har dei beste føresetnadene for rask respons og full innsats så tidleg som mogleg når uønskte hendingar oppstår og for å leia og skapa tryggleik i krisesituasjonar.**

**Ansvaret som leiarane har for å gjera ROS-analyser og utarbeida kriseplanar gjev kunnskap og kompetanse som styrkjer det førebyggjande arbeidet. Masfjorden kommune skal ha førebygging, tryggleik og beredskap som vurderingstema i all planlegging, sakshandsaming og tenesteyting.**

**Definisjon:** ***Ein kriseplan er førebudde handlingar for å møta ulukker og andre påkjenningar som i art og omfang går utover det som reknast som normal-risiko og normalbelastning i fredstid og ved omlegging til ein krigssituasjon.***

**Dei kommunale beredskapsplanane skal avklara ansvar, arbeidsoppgåver, roller og fullmakter. Masfjorden kommune har følgjande kommunale krise- og beredskapsplanar:**.

| | | |
|---|---|---|
| **Overordna ROS-analyse** | Under arbeid. Masfjorden vil satsa på førebygging av kriser og alvorleg svikt i samfunns-kritiske funksjonar i tråd med funna i ROS-analysen. Dette kan gje grunnlag for /revisjon av eksisterande beredskapsplanar | Koordinator og arbeidsgruppe må etablerast |
| **Beredskapsanalyse for brann og redningstenesta** | Basert på ROS analyse for brann og redningstenesta i Gulen og Masfjorden | |
| **Smittevernplan** | ROS-analyse nasjonalt | |
| **Pandemiplan** | ROS-analyse nasjonalt | |
| **Beredskapsplan for helse-og sosialtenesta og einingane i oppvekstsektoren i Masfjorden kommune** | Beredskapsplanane for kommunen sitt kriseteam må vera sentrale ved revisjon av desse planane. | |
| **Plan for atomberedskap** | ROS-analyse nasjonalt | |
| **Plan for situasjonar med bortfall av straum** | Under arbeid | |
| **Etablering for rutinar ved ekstremver samferdselsutfordringar informasjon** | Drøfting er starta, øvingar dei seinare åra viser at dette må vera eit fokusområde for vår kommune. | |

# ANSVAR

**Alle leiarar og tilsette skal med ein gang, når han eller ho vert kjend med ei krise, gjennomføra naudsynte strakstiltak for å redusera/avgrensa skaden. Varsla lege, politi, brann, etablera førstehjelp, tilkalla kollegahjelp/nabohjelp m.v.**

**Alle tilsette i Masfjorden kommune skal, når det vert kjent at ei krise har oppstått, varsle sin næraste overordna eller rådmann.**

**Alle leiarar i Masfjorden kommune skal, når det vert kjent at ei krise har oppstått, varsle rådmann.**

**Kap. 3**

## 3.1. KRISELEIINGA I MASFJORDEN KOMMUNE

| | Rolle i KKL |
|---|---|
| Rådmann, Svein Helge Hofslundsengen | **leiar** |
| Ass. Rådmann, Sveinung Toft | Nestleiar |
| Ordførar, Karstein Totland | Mediekontakt |
| Varaordførar, | |
| Beredskapsleiar, Sveinung Toft | Koordinering / forpleining |
| Brannsjef, Sigvald Kvinge | Fagleg bistand brann / redning |
| Teknisk sjef, Terje Kallekleiv | |
| Lensmann, Ivar Holmaas | Fagleg bistand orden |
| Kommunelege 1, Rolf Martin Tande | Fagleg bistand helse |
| Leiar helse, omsorg og sosial, Helga Ellingsen | Fagleg bistand PLOMS |
| Leiar for oppvekst og kultur, Alf Strand | Fagleg bistand skule / barnehage |

**Rådmann og/eller ordførar** får fullmakt til å kalla inn kriseleiinga.
Dersom begge overnemnte personar er fråverande, går fullmakta tilsvarande til ass. rådmann og varaordførar.

## 3.2. KRISETEAM

**Tverrfagleg støttegruppe er kommunen sitt kriseteam.**
**Følgjande personar/etatar er med no:**

| | | |
|---|---|---|
| Lensmann | Ivar Holmaas | Vara: Roar Brudevoll |
| Kommunelege | Rolf M. Tande | Vara: Rolf Sleire |
| Sokneprest | Jens Linde | |
| Leiar oppvekst | Alf Strand | |
| Leiar, helse, omsorg og sosial | Helga Ellingsen | |
| NAV | Wenche Midthun | |
| Helsesøster | Marta Midtbø | |
| Psykiatrisk sjukepleiar | Dag Haarklau | |
| Barnevernet | Kristin Midtgård | |

Ved behov kan teamet utvidast med andre personar

**Målsetjing**

1. Organisera og koordinera ressursar i ei **sorg/krise, ulykke** eller **katastrofesituasjon**
2. Arbeide målretta for å førebyggja skadelege seinvirkningar i samband ulike hendingar
3. Kome saman for å vurdere og iverksetja nødvendige tiltak

**Varsling**
Den i teamet som opplever eller vert kjent med hendingar som heile eller delar av teamet bør involverast i, kontaktar aktuelle i teamet for å avklare omfang/behov for støtte. Ved større alvorlege hendingar skal heile temaet koma saman. Politi eller lege kallar då inn temaet.

**Rolle**
Ved større alvorlege hendingar, som medfører at **det kommunale krisetemaet "offisielt" vert etablert,** skal dette avklarast med rådmann eller ordførar. I slike situasjonar bør leiar av legevaktsentralen orienterast og dei ulike represententar i krisetemaet i tillegg til eigen etat.

**Presse**
Politiet skal informerer pressa. Andre kan gje uttale innanfor eigen profesjon.

**Pårørande**
Politiet har ansvar for å informera dei pårørande. Ved alvorlege hendingar skal det utpeikast ein person frå teamet med ansvar for å ta seg av dei pårørande og deira behov. Stikkord er: Pårørandetelefon, samlepunkt/lokale, informasjon, mat/overnatting, psykososial støtte: Minnestund/befaring på åstaden, m.m.  Dette er spesifikt omtalt under pkt 8.5 på side 13.

**Debriefing**
Politi, lege eller prest har ansvar for å samle innsatspersonell før dei går av vakt. Vidare skal det påfølgande dag drøftast behov for oppfølging av ofre, pårørande og innsatspersonell.

**Evaluering**
Når heile eller delar av temaet har vore i funksjon ved ei krise eller ulykke, skal teamet evaluera/oppsummera hendinga. Politi eller lege kallar inn dei aktuelle i teamet.

**Kap 4**

**KRISELEIINGA SINE OPPGÅVER:**

1. Innhenta opplysningar og skaffa seg oversikt over situasjonen.
2. Vurdera opplysningane.
3. Avklare med lensmann/politi om ansvarsdeling.
4. Ta avgjerd om å sette i verk tiltak for å hindra skader på personar og materielle verdiar.
5. Sikra god oppfølging og støtte til menneske som er råka av krisa gjennom aktiv samhandling med kriseteamet.
6. Prioritera og omdisponera bruk av kommunen sine ressursar, og gje fullmakter til dei kommunale leiarane som er på staden.
7. Opprette/halda kontakt med leiinga på skadestaden.
8. Arbeida ut og senda informasjon, både til innbyggjarane og media.
9. Gje (attende) melding om situasjonen i kommunen til Fylkesmannen.
10. Samarbeida med andre off. myndigheiter, bedrifter, frivillige org. osb for å få best mogleg utnytting av ressursane.

**Kap. 5**

**KRISELEIINGA SINE FULLMAKTER**

**<u>Kommunestyret</u>** har med grunnlag i denne plan vedteke ein fullmaktinstruks for kriseleiinga.

Når krisesituasjon(ar) oppstår har **leiar og nestleiar**(også fungerande i stillingane) fylgjande fullmakter:

- Å disponera samla **inntil** 3.0 mill. kroner til:
  Naudsynt hjelp til kriseramma til forpleiing, oppfølging m v.
  Skadeavgrensing og naudsynte sikringstiltak for å verna liv, verdiar og miljø.
  Hjelp ved akutt behov for opprydding og utbetring av materielle skader og funksjonsforstyrringar.

- Å overskrida det disponible beløpet på 3.0 mill. kroner ved påtrengjande behov når det ikkje er tid eller høve til å kalla inn folkevalt organ.

- Å omdisponera kommunalt personell, kommunale bygg og maskiner/utstyr til naudsynte hjelpetiltak, og yta kommunale tenester i samsvar med situasjonen.

- Å dirigera, i samråd med kriseleiinga, den kommunale ressurs- og redningsinnsatsen slik at den til einkvar tid vert best ivareteke.

- Å beordra/påleggja overtid/ekstraarbeid.

**Rådmann og ordførar** skal leggja fram for kommunestyret eit oversyn over nytta midlar, så snart som råd er når krisesituasjonen er over.

**Kap. 6**

## VARSLINGSPLAN OG INSTRUKS FOR ETABLERING AV KRISELEIINGA

### 6.1 Intern varsling

**Rådmannen** og i denne sitt fråvær **assisterande rådmann**, har ved ei omfattande ulykke eller katastrofe fullmakt til **straks** å etablere kriseleiinga og til å setja i verk naudsynte tiltak i samsvar med gjeldande fullmakter og lovverk. Kriseleiinga skal straks møte ved varsling. Dersom begge overnemnte personar er fråverande, har ordførar og varaordførar denne fullmakta.

Ved alvorlege hendingar der helsetenesta, brannvernet eller helse/sosial får førstevarsel, skal dei informera rådmann/ordførar/ass.rådmann eller varaordførar snarast råd.

Ved etablering av kriseleiinga skal Fylkesmannen, politi/lensmann og andre aktuelle myndigheiter varslast.

**Ansvar**: Rådmann/ansv.leiar

### 6.2 Ekstern varsling

Ekstern varsling kjem i hovudsak frå Fylkesmannen. Men også andre kanalar kan/vil verta nytta, som t d melding på kommunen sin beredskapstelefon (945 00303), over radio/TV, via politi/ lensmann. **Ved slik varsling skal også kriseleiinga etablerast og varslingsprosedyren skal fylgjast.**

### 6.3 Frammøtestad: Kommunehuset på Sandnes (dersom anna ikkje vert opplyst)

Dersom ein ikkje oppnår kontakt med dei ein skal varsla, skal ein halda fram med varslinga undervegs til frammøte i operasjonslokalet. Leiar avgjer når dette ansvaret opphøyrer/vert overført til andre.

Side 11 er **ikkje offentleg**

# VARSLINGSLISTE

**Kommunal krisetelefon (24/7): 945 00303**

| **Namn:** | **Telefonnr. (jobb/mobil/heime):** | **Varslar:** |
|---|---|---|
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

**Kap. 7**

**OPERASJONSLOKALE OG ALTERNATIVE LOKALE**

Som hovudbase for kriseleiinga vert kontoret til brannsjefen nytta. Ved ei eventuell krise, disponerer kriseleiinga alle møterom, kontor og fellesareal på kommunehuset i tråd med dei behova som oppstår.

**Samband**

| Telefonnummer i hovudbasen: | Telefaxnummer i hovudbasen: |
|---|---|
| 56 16 62 00 (sentralbord)<br>56 16 61 80 (hovudbase) | 56 16 62 01 |

**E – post adresse:**
**post@masfjorden.kommune.no**

**Mobiltelefon: Kommunen har ein mobiltelefon for kriseleiinga med døgnberedskap, dette er 945 003 03**

**Andre mobilnr: Sjå varslingsliste**

| | | |
|---|---|---|
| **Direktenummer inn/ut:** | **56 36 73 72** | **(Står på veggen på TML)** |
| | **56 16 62 06** | **(i heisen)** |

(dette er analoge linjer, uavhengig av sentralbord)

**ALTERNATIVE LOKALE**
**Kriseleiinga** kan, dersom det vert vurdert som meir teneleg, etablera seg i andre lokalar i andre deler av kommunen. Desse lokala skal på *førehand* vera godkjent av leiar og lagt tilrette på lik line som for hovudbasen.
Telefonliste/faxnummer m v vert gjort kjend så snart kriseleiinga er etablert på alternativ stad.

**Aktuelle alternative lokalar:**
Masfjorden sjukeheim, Hosteland
Matre skule, Matredal

**Kap 8.**

**INFORMASJON**

8.1 Informasjon i krise skal gjevast hurtig og korrekt til;

- Leiar KKL
- kommunale og statlege instansar
- ramma og direkte involverte i krisa (skadde/overlevande/evakuerte)
- pårørande/einskildpersonar
- innbyggjarane generelt
- media

8.2 Overordna informasjons og rapporteringsprinsipp ved krisehandtering
Informasjon er eit leiaransvar. Den som leier krisehandteringa er ansvarleg for at informasjon vert gjeven – korrekt, raskt og målretta.
Informasjon skal gjevast samordna frå alle ledd og framstå som konsistent og forståeleg for mottakaren.
- Rapportering til kriseleiing
Informasjon skal koma aktivt frå den som har ansvaret.
Informasjon skal fylgja vanlege kommandolinjer i organisasjonen.
Informasjon skal byggja på dialog med omverda.

8.3 Informasjonsansvar ved krisehandtering
Det er leiar av kriseleiinga som har det overordna informasjonsansvaret. Kriseleiinga skal halda seg orientert om krisa si utvikling og opprette informasjonskanalar slik at informasjon vert gjeve målretta, korrekt og einsarta. I kriseleiinga er det plassert ein eigen informasjonsansvarleg som etter behov vert delegert ansvar til å handtera det praktiske informasjonsarbeidet.

8.4 Oppretting av informasjonskontor
Ved større kriser kan det vera behov for å etablera informasjonssenter. Informasjonssenter skal etablerast i kommunestyresalen på kommunehuset.
Informasjonsareal for presse vert etablert ved tenestetorget.

8.5 Handtering av pårørande
TML (Teknisk, miljø og landbruk) sine lokale vert nytta til møteplass og informasjonssenter for pårørande og andre involverte. Lokalet vert avsett og skjerma for uvedkomande og presse.

8.6 Informasjonskanalar
Telefonnummer, sjå kriseplan ovanfor under varslingsliste
Heimesida Masfjorden kommune
Lokalavisene Nh og Strilen
NRK lokal – radio
NRK – Vestlandsrevyen
Intern  e-postsystem

**Kap. 9**

**EVAKUERINGSPLAN**

**Ved behov for evakuering skal fyljande plan følgjast:**

| **Stad /område som skal evakuerast frå** | **Stad som innbyggjarar kan evakuerast til** | **Merknad** |
|---|---|---|
| Sandnes skulekrins | • Masfjorden sjukeheim, Hosteland<br>• «Granneheimen», Kvingo<br>• «Vidsyn», Sløvåg | Tiltak ut frå type hending. |
| Nordbygda skulekrins | • Masfjorden sjukeheim, Hosteland<br>• Brekkestranda fjordhotell<br>• «Vidsyn», Sløvåg | Tiltak ut frå type hending. |
| Matre skulekrins | • Masfjorden sjukeheim, Hosteland<br>• Dyrkolbotn leirskule<br>• Fjon fjellkyrkje<br>• Stordalen fjellstove<br>• Brekkestranda fjordhotell | Tiltak ut frå type hending. |

**Tilgjengelege personell for bruk i samband med evakuering er:**

- **Gulen og Masfjorden brann og redning**
- **Sivilforsvaret**
- **Røde kors**
- **Eigne tilsette**

**Kap. 10**

## BEREDSKAPSRÅDET I MASFJORDEN KOMMUNE

| | | |
|---|---|---|
| • Ordførar | Karstein Totland | **leiar** |
| • Varaordførar | Marit Steinestø | |
| • Rådmann | Svein H. Hofslundsengen | **nestleiar** |
| • Ass. rådm. /beredskapsansvarleg | Sveinung Toft | |
| • Brannsjef | Sigvald Kvinge | |
| • Teknisk sjef | Terje Kallekleiv | |
| • Lensmann | Ivar Holmaas | |
| • Kommuneoverlege | Rolf Martin Tande | |
| • BKK produksjon, stasjonsleiar | Frode Langhelle | |
| • BKK nett, distriktsleiar | Gjert Rune Daae | |
| • Hordaland sivilforsvarsdistrikt | Eivind Hovden | |
| • Røde Kors (Nordhordland) | Odd Harald Dommersnes | |
| • Statens vegvesen | Jarle Solibakke | |
| • Områdesjef HV 09201 | Thor Arne Adiego | |
| • Repr. frå helselaga Masfjorden | Liv Dyregrov | |

**Kap. 13**

## FORDELINGSLISTE

**Oppdatert kriseplan ligg på heimesida til Masfjorden kommune**

**www.masfjorden.kommune.no**

**I tillegg vert papirversjonar av kriseplanen distribuert slik:**

Rådmannen
Ass. rådmann
Personalsjef
Landbrukskontoret
Brannsjef
Arkivet
Einingsleiarar
Lensmannen i Masfjorden
Kommunelege 1
Sokneprest
Fylkesmannen
Sivilforsvaret
Hordaland politidistrikt
Lensmannen i Nordhordland
Nordhordaland legevakt
Helse Bergen / Førde
Nobina
BKK
Områdesjef HV
Repr.for helselaga

Ansvarleg for oppdatering/distribuering: Sigvald Kvinge, Masfjorden kommune

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Sveinung Toft | FA - X26 | 15/199 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 116/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 086/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Framlegg til overordna risiko og sårbarheitsanalyse for Masfjorden kommune**

32T

Framlegg til R

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til overordna risiko og sårbarheitsanalyse for Masfjorden kommune dagsett 14.10.2015 vert godkjent.

Det vert vist til Lov om kommunal beredskapsplikt og forskrift om kommunal beredskapsplikt sin § 2.

Ny overordna ROS for Masfjorden skal liggja føre innan 01.11.2017.

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn og fakta:**

Alle kommunar skal etter lov om kommunal beredskapsplikt (Sivilbeskyttelsesloven) og etter forskrift om kommunal beredskapsplikt sin § 2 gjennomføra ein heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), der ein også kartlegg, systematiserer og vurderer sannsynet for uønska hendingar som kan inntreffa kommunen, og korleis desse hendingane kan påverka kommunen. I paragraf 2 står det følgjande:

«§ 2.*Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse*

Kommunen skal gjennomføre en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse, herunder kartlegge, systematisere og vurdere sannsynligheten for uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen og hvordan disse kan påvirke kommunen.

Den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen skal forankres i kommunestyret.

Analysen skal som et minimum omfatte:

a) eksisterende og fremtidige risiko- og sårbarhetsfaktorer i kommunen.

b) risiko og sårbarhet utenfor kommunens geografiske område som kan ha betydning for

kommunen.

c) hvordan ulike risiko- og sårbarhetsfaktorer kan påvirke hverandre.

d) særlige utfordringer knyttet til kritiske samfunnsfunksjoner og tap av kritisk infrastruktur.

e) kommunens evne til å opprettholde sin virksomhet når den utsettes for en uønsket hendelse og evnen til å gjenoppta sin virksomhet etter at hendelsen har inntruffet.

f) behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

Kommunen skal påse at relevante offentlige og private aktører inviteres med i arbeidet med utarbeidelse av risiko- og sårbarhetsanalysen.

Der det avdekkes behov for videre detaljanalyser skal kommunen foreta ytterligere analyser eller oppfordre andre relevante aktører til å gjennomføre disse. Kommunen skal stimulere relevante aktører til å iverksette forebyggende og skadebegrensende tiltak.»

Masfjorden kommune fekk tilsyn frå Fylkesmannen i Hordaland den 10. mars 2015, og tilsynsrapporten som vart sendt over i brev av 27.03.2015 viste at kommunen hadde ein stor jobb å gjera med å få ferdig ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for heile kommunen. Administrasjonen byrja opp dette arbeidet før tilsynet. Etter fleire møter internt i administrasjonen og etter møter med andre regionale og statlege etatar har arbeidsgruppa lagd framlegg til overordna ROS for Masfjorden kommune. Analysearbeidet baserer seg på ein metode som Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap har laga til, og som i oktober 2014 vart sendt ut i ein eigen vegleiar til alle kommunane.

**Vurdering**

Rådmannen vil visa til at det er eit stort arbeid å laga ein heilskapeleg ROS-analyse for ein kommune, og at dokumentet som no ligg føre er eit produkt som er laga etter lang tid med arbeid både internt i administrasjonen, men og etter samhandling med regionale aktørar, BKK, statlege etatar m.fl. Dokumentet vart og drøfta i beredskapsrådet sitt møte den 22.09.2015 på kommunehuset. Dokumentet skal etter rådmannen si vurdering dekka dei viktigaste områda som Masfjorden kommune kan verta råka av uønska hendingar med.

Rådmannen meiner at dokumentet som no ligg føre difor vil verta det viktigaste grunnlagsdokumentet for det vidare samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen. Sidan det er den første ROS-analysen på overordna nivå som er laga i Masfjorden, er det ønskjeleg at dokumentet kan reviderast av rådmannen ved behov, og at kommunestyret om to år skal få ein revidert analyse opp til ny handsaming igjen.

**Konklusjon**

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner framlegg til overordna risiko – og sårbarheitsanalyse for Masfjorden kommune dagsett 14.10.2015.

**Formannskapet - 116/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka og ROS analysen vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

- Framlegg til overordna risiko og sårbarheitsanalyse for Masfjorden kommune dagsett 14.10.2015 vert godkjent.
- Det vert vist til Lov om kommunal beredskapsplikt og forskrift om kommunal beredskapsplikt sin § 2.
- Ny overordna ROS for Masfjorden skal liggja føre innan 01.11.2017.



Overordna

# ROS

for

# Masfjorden kommune

2015

Overordna risiko og sårbarheitsanalyse

# Forord

Masfjorden kommune er ein liten kommune i nasjonalt perspektiv. Den ligg landleg til, og risikobiletet vert gjerne noko annleis enn i kommunar der storsamfunnet raskt kan koma til unnsetning om dei store krisene oppstår.

I ein utkantkommune som Masfjorden er det fleire risikoar som gjerne representerer eit mindre sannsyn enn dei vil gjera i meir urbane strøk, men konsekvensane ville vore større om hendinga inntraff her. Dette medfører at ein må finna lokale løysingar som er tilpassa vår kommune.

I Masfjorden kommune har det ikkje vore hendingar som, etter våre akseptkriteriar, kan definerast som katastrofale, sidan forliset av D/S Masfjord under førre verdskrigen. At marginane har vore i vår favør, fritek oss ikkje frå å vera budde på å handtera alt det som kan råka oss om uheller er ute.

Dette er ein overordna plan som skal vera eit styrande dokument for alt beredskapsarbeid i kommunen. Når dette dokumentet er ferdigstilt og politisk forankra, startar arbeidet med det underordna planverket. Nokre planar er allereie på plass, medan det er fleire planar som må på plass som eit resultat av denne analysen.

Masfjorden 14. oktober 2015

| | |
|---|---|
| Karstein Totland | Svein Helge Hofslundsengen |
| Ordførar | Rådmann |

Framsidebilete: Redningsmannskap i arbeid under skredet på E-39, 1. mars 2015

(Foto: Yngve Garen Svardal, Nordhordland avis)

# Samandrag

Risikobiletet som denne analysen avdekker, viser at Masfjorden kommune er ein typisk vestlandskommune. Nærleiken til fjell og fjord samt ein trafikkert riksveg gjennom kommunen gjev oss krav om å ha ein god operativ beredskap på plass. Det er også sentrale krav om at kommunen er forplikta til å vera organisert og dimensjonert til å handtera alt av uønska hendingar som kan oppstå i eigen kommune, samt hendingar i nabokommunar som kan gje konsekvensar i eigen kommune.

Analysen viser at den største risikoen i kommunen er knytt til E-39. Det er kjent at trafikkbelastninga (ÅDT) er utslagsgjevande for kva prioritet vegen får i ulike samanhengar. Analysen har avdekka at ein i etterkant av mange fergeanløp i Oppedal har eit risikobilete langs vegen som er noko annleis enn det gjennomsnittstala tilseier. Nye framlegg til avbøtande tiltak er at ferjemannskapet heldt igjen tyngre køyretøy på ferjekaien i Oppedal, samt at Statens Vegvesen tek i bruk ny teknologi som kan informera trafikantane om vær og føretilhøve langs vegen. Begge deler for å redusera ulukkeshendingar på E39 mellom Oppedal og Knarvik. Det må og gjerast mykje for å gjera tunnelane langs E39 tryggare for trafikkantane.

Med eit aukande tal ferie og fritidsbåtar og fare for småbåtulukker, er det og behov for å få ut informasjon om kor viktig det er å ivareta tryggleiken for turistar og andre som skal nytta sjøen til rekreasjonsføremål.

Brann i omsorgsbustader er også ein risiko i kommunen. Gode avbøtande tiltak som brannalarmanlegg med direktevarsling til 110 og sprinkling har medført at dei branntilløpa som har vore har vorte handtert så tidleg at dei ikkje har fått utvikla seg. Det er difor heilt avgjerande at kommunen har ein god brannberedskap med kort responstid.

*Masfjorden kommune må og oppretthalda og stabilisera sin eigen beredskap som er i stand til å handtera det heilskapelege risikobiletet. Ser me på dei siste års hendingar, stormen «Nina», raset på E-39 og andre større hendingar, viser desse oss at regionen rundt har for lang responstid, og ofte har nok med sine eigne utfordringar. Når slikt skjer vil dei ha manglande kapasitet til å hjelpa Masfjorden i den akutte og tidskritiske fasen. Dette underbygger behovet for å ha eigne lokale naudetatar med lokal forankring, noko som er viktig å ta med seg i alle pågåande prosessar som handlar om sentralisering og større einingar.*

***«Ei avdeling er ikkje sterkare enn det svakaste ledd», heiter det. Det største suksesskriteriet for å avgrensa skader, redda liv og verdiar, er førebyggjande tiltak, ei tidleg varsling, gode planar for handtering av uønska hendingar, samt ein tidleg og effektiv innsats frå tilgjengeleg og kompetent personell, som har lokalkunnskap og god evne til samhandling med lokalmiljøet.***

# Innhald

**1. Innleiing ... 6**
**2. Oversikt over mest kritiske hendingar med framlegg til nye avbøtande tiltak. ... 8**
2.1 Oversikt over hendingar som krev avbøtande tiltak ... 8
(kategori raud) i rekkefølgje etter risiko ... 8
2.2 Oversikt over hendingar som krev avbøtande tiltak ... 9
(kategori gul) i rekkefølgje etter risiko ... 9
2.3 Framlegg til nye avbøtande tiltak for risiko som kjem ... 9
under kategori raud i henhold til akseptkriteria ... 9
2.4 Framlegg til nye avbøtande tiltak for risiko som kjem under kategori gul i henhold til akseptkriteria: ... 13
**3. Metodeval og akseptkriteriar ... 17**
**4. Vedlegg 1 - Oversikt over kartlagt risiko ... 20**
4.1 Naturskapte hendingar ... 20
*4.1.1 - Ekstremvær* ... 20
4.1.2 - Flaum ... 22
4.1.3 - Skred ... 22
4.1.4 - Epidemi ... 23
4.1.5 - Brann i skog og utmark ... 23
4.2 Store ulukker ... 24
4.2.1 - Veg ... 24
4.2.2 - Sjø ... 25
4.2.3 - Næringsverksemd / industri ... 26
4.2.4 - Andre hendingar ... 27
4.3 Tilsikta hendingar ... 30
4.3.1 – Kriminelle handlingar ... 30
4.3.2 - Digitale rom ... 30
**5. Vedlegg 2 - Risikovurdering av kartlagt risiko ... 32**
**6. Vedlegg 3 - Vurderinga av kartlagt risiko opp mot beslutta akseptkriteriar ... 70**

# 1. Innleiing

Kravet til risiko og sårbarheitsanalyse er heimla i lov av 25. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret.

Arbeidet med ROS analysen har vorte gjennomført av ei arbeidsgruppe og ei ressursgruppe. Arbeidet har, med få unntak, vore gjennomført ved at ein representant frå arbeidsgruppa har hatt møter og samtalar med dei einskilde i ressursgruppa. Dette har skjedd i fleire rundar der dei einskilde har fått anledning til å koma med innspel undervegs i prosessen.

Masfjorden kommune har frå før ein ROS-analyse frå 1998. Store endringar i risikobiletet spesielt, men også samfunnet generelt, gjorde at det var på tide med ein revisjon.

I dette arbeidet har det vore ei arbeidsgruppe beståande av:

- Assisterande Rådmann Sveinung Toft
- Brannsjef Sigvald Kvinge

Ei ressursgruppe beståande av:

- Lensmann Ivar Holmaas
- Kommuneoverlege Rolf Martin Tande
- Rådgjevar Alf Strand
- Rådgjevar Helga Irene Ellingsen
- Konst. Leiar TML Roald Kvingedal
- Bkk produksjon Frode Langhelle
- Havforskningsinstituttet i Bergen ved Øyvind Torslett
- IKTNH ved Nils Ingvald Halle
- Mattilsynet ved Odd Tøsdal
- Marin Harvest Kvingo ved Kjetil Fjellby
- Eide fjordbruk ved produksjonsleiar Arne Staveland
- Statens vegvesen ved Jarle Solibakke
- Kystverket ved Arvid Kråkenes
- IUA Bergen region ved rådgiver Alf Halsen
- Mongstadbase AS ved QHMS leiar Yngve Kvamme
- Wergeland AS (kabelferga «K/F Fjon – M») ved førar Frode Kvamme




Målsettinga med denne analysen har vore å avdekka dei risiki som er i Masfjorden kommune. Dette er grunnleggande for å sjå korleis me er budde på uønska hendingar, samt å avdekke behov for å få på plass nye avbøtande tiltak, både førebyggjande og konsekvensreduserande.

Det kviler eit ansvar på kommunen for å ivareta samfunntryggleiken for sine innbyggjarar, dei som er på besøk og også dei som reiser gjennom kommunen.

<u>Definisjon av samfunnstryggleik</u> :

*Samfunnets evne til å hindret uønskte hendelser, redusere skadevirkningene når de skjer, og evne til å komme tilbake til ønsket normaltilstand så snart som mulig etter at de har skjedd.*

For arbeidsgruppa

Sigvald Kvinge

# 2. Oversikt over mest kritiske hendingar med framlegg til nye avbøtande tiltak.

## 2.1 Oversikt over hendingar som krev avbøtande tiltak (kategori raud) i rekkefølgje etter risiko

| Nr | Hending | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 4.2.1.4 | Fergetrafikk på E–39 (Pulsbelastning) | 20 | RAUD |
| 4.2.2.3 | Småbåtulukker | 16 | RAUD |
| 4.2.4.2 | Brann i omsorgsbustader | 16 | RAUD |
| 4.1.3.2 | Snøskred / sørpeskred | 16 | RAUD |
| 4.2.1.1 | Større trafikkulukker | 15 | RAUD |
| 4.2.1.2 | Tunellulukke med mange involverte | 15 | RAUD |
| 4.2.4.8 | Langvarig bortfall av telefoni / IKT | 15 | RAUD |
| 4.2.1.3 | Trafikkulukke med farleg gods | 12 | RAUD |
| 4.1.1.1 | Storm og orkan | 12 | RAUD |
| 4.1.4.1 | Epidemi | 12 | RAUD |
| 4.1.4.2 | Pandemi | 12 | RAUD |
| 4.2.4.9 | Langvarig bortfall av drikkevassforsyning grunna leidningsbrot | 12 | RAUD |
| 4.3.1.2 | PLIVO (Pågåande livstruande vald) | 12 | RAUD |
| 4.1.5.1 | Skogbrann | 12 | RAUD |
| 4.2.2.2 | Ferjeulukke | 12 | RAUD |
| 4.2.3.3 | Rømming av fisk frå oppdrettsanlegg | 12 | RAUD |
| 4.2.4.7 | Langvarig bortfall av energiforsyning | 12 | RAUD |
| 4.2.5.1 | Brann på campingplass | 12 | RAUD |
| 4.2.2.1 | Tankskipulukke / større akutt forureining på sjø | 10 | RAUD |
| 4.2.4.3 | Storbrann ved større verksemder | 10 | RAUD |

## 2.2 Oversikt over hendingar som krev avbøtande tiltak (kategori gul) i rekkefølgje etter risiko

| Nr | Hending | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 4.1.1.2 | Ekstremnedbør | 9 | GUL |
| 4.1.3.1 | Steinsprang | 9 | GUL |
| 4.1.5.2 | Brann i gras og kratt | 9 | GUL |
| 4.1.1.4 | Høg vasstand / stormflo | 9 | GUL |
| 4.3.2.1 | Utanforståande som fysisk kjem seg på innsida av brannmuren vår | 9 | GUL |
| 4.2.3.5 | Brann i kraftverk / trafoeksplosjon | 8 | GUL |
| 4.2.3.4 | Brann / eksplosjon i farlege gassar | 8 | GUL |
| 4.2.4.1 | Brann på sjukeheimen | 8 | GUL |
| 4.2.4.4 | Hendingar i nabokommunar som kan få konsekvensar i Masfjorden | 8 | GUL |
| 4.2.4.5 | Dammbrot | 8 | GUL |
| 4.2.5.0 | Akutt forureining av drikkevasskjelde | 8 | GUL |
| 4.1.1.3 | Lange turkeperiodar | 8 | GUL |
| 4.1.2.1 | Flaum grunna mykje nedbør | 6 | GUL |
| 4.2.3.1 | Forureining frå diesellager (entreprenørar / bønder ) | 6 | GUL |
| 4.3.1.1 | Utru tenar | 6 | GUL |

## 2.3 Framlegg til nye avbøtande tiltak for risiko som kjem under kategori raud i henhold til akseptkriteria

| 4.2.1.4. Fergetrafikk på E-39 (Pulsbelastning) | Analyse Side |
|---|---|
| - Naudnett i alle tunellar (høg ÅDT etter kvart fergeanløp)<br>- Kreva at alle tyngre køyretøy vert haldne att på ferjekaien på Oppedal til småbilane har fått køyrt vidare først. | 47 |

| 4.2.2.3 Småbåtulukker | Analyse Side |
|---|---|
| - Haldningsskapande arbeid i lokalsamfunna.<br>- Meir kontrollar på sjøen i regi av politiet.<br>- Sende ut brev til alle reiselivsbedrifter om korleis dei skal informera turistar om båtbruk og båtvett m.v. | 51 |

| ***4.2.4.2 Brann i omsorgsbustader*** | ***Analyse Side*** |
|---|---|
| - Vurdere utvida bruk av elektroniske hjelpemiddel knytt til komfyrar og anna elektrisk utstyr.<br>- Gode rutinar og øving for tilsette knytt til enkel brannslokking og evakuering. | 58 |

| ***4.1.3.2 Snøskred/ sørpeskred*** | ***Analyse Side*** |
|---|---|
| - Gode rutinar knytt til sakshandsaming knytt til reguleringsplanar og til byggjesak.<br>- Ha klart redningsutstyr og søkestenger på Matre brannstasjon.<br>- Ved omkøyring på fylkesvegane ved stengt E39, må ein vurdera styrt trafikkavvikling i regi av Statens Vegvesen. | 39 |

| ***4.2.1.1 Større trafikkulukker*** | ***Analyse Side*** |
|---|---|
| - Sikring med rekkverk / ordne sideterreng/ midtdelar<br>- Ta i bruk moderne teknologi for å informera om usikre føretilhøve. | 44 |

| ***4.2.1.2. Tunnelulukke med mange involverte*** | ***Analyse Side*** |
|---|---|
| - Tunneloppgraderingsprosjektet ( Kommunikasjon, sikring av PE-skum, oppgradering av ventilasjon)<br>- Få tyngre køyretøy til å vente på ferjekaien ved Oppedal, slik at andre bilar får køyre først inn på E39. | 46 |

| ***4.2.4.8 Langvarig bortfall av telefoni / nødnett /IKT*** | ***Analyse Side*** |
|---|---|
| - 72 timars reservestraumforsyning på sentrale naudnett – basestasjoner (UPS/aggregat på både naudnett og mobilmaster). | 63 |

| *4.2.1.3 Trafikkulukke med farleg gods* | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Trafikkontrollar med spesiell fokus på ADR (farleg gods)<br>- Betre regulering av transport med farleg gods (natt)<br>- Styring av trailertrafikk frå ferga på Oppedal (halde dei att til slutt)<br>- Fotoboksar for å redusere farten på E39.<br>- Midtdelar og rumlefelt på E39 for å unngå møteulykker. | 46 |

| *4.1.1.1 Storm og orkan* | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Iverksette tiltak med hogst av skog langs vegar i dialog med grunneigarar og Statens Vegvesen.<br>- Oppmoda sterkt innbyggjarane om å halda seg inne før stormar kjem og til dei er over. Bruka heimesidene og NRK. | 33 |

| *4.1.4.1 Epidemi* | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Befolkningsvarsling / informasjon via media<br>- Følgje opp nasjonalt og lokalt planverk | 40 |

| *4.1.4.2 Pandemi* | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Befolkningsvarsling / informasjon via media<br>- Følgje opp nasjonalt og pandemiplanen til Masfjorden kommune | 41 |

| 4.2.4.9 Langvarig bortfall av drikkevassforsyning grunna leidningsbrot | Analyse Side |
|---|---|
| - *Plan for distribusjon av drikkevatn ved større leidningsbrot.*<br>- Planleggje reservevasskjelder for alle kommunale vassverk. | 64 |

| 4.3.1.2 PLIVO (Pågåande livstruande vald) | Analyse Side |
|---|---|
| - *Samtrening i henhold til nasjonal prosedyre*<br>- Følgje opp Masfjorden kommune sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar. | 67 |

| 4.1.5.1 Skogbrann | Analyse Side |
|---|---|
| - Meir ressursar til øving og utstyr og halda oversikt over ressursar til slukking m.v. | 42 |

| 4.2.2.2 Ferjeulukke | Analyse Side |
|---|---|
| - Samøving med brannvesenet og rederi / fartøy / naudetatar)<br>- Båt til bistand frå land (naudetatar) | 50 |

| 4.2.4.7 Langvarig bortfall av energiforsyning | Analyse Side |
|---|---|
| - Installasjon av aggregatvender med apparatinntak på omsorgsbustader<br>- Aggregatet på sjukeheimen må driftast og haldast vedlike.<br>- Stimulera til nedgraving av kablar i staden for luftspenn. | 62 |

| 4.2.5.1 Brann på campingplass | Analyse Side |
|---|---|
| - Utarbeida lokale forskrifter for campingplassar<br>- Utarbeida plan for eventuelle endringar knytt til avvik i forhold til lokale forskrifter og følgje opp med branntilsyn. | 65 |

| 4.2.2.1 Tankskipulukke / større akutt forurensing på sjø | Analyse Side |
|---|---|
| - Meir øving og samvirke med andre aktørar/etatar (IUA/kystverket, etc.)<br>- Vurdere totalberedskapen rundt Fensfjordbassenget | 49 |

| 4.2.4.3 Storbrann ved større verksemder | Analyse Side |
|---|---|
| - Objektsyn (Befaring på verksemda med brannvesenet)<br>- Vurdere å registrere verksemdene som særskilde brannobjekt | 58 |

## 2.4 Framlegg til nye avbøtande tiltak for risiko som kjem under kategori gul i henhold til akseptkriteria:

| 4.1.1.2 Ekstremnedbør | Analyse Side |
|---|---|
| - Strengare krav til overvasshandtering i planarbeidet.<br>- Ha mannskap ute på kritiske stader når ekstremnedbør er meldt. | 34 |

| 4.1.3.1 Steinsprang | Analyse Side |
|---|---|
| - Oppdatere planverk for usikre områder /omkøyringsvegar. | 38 |

| ***4.1.5.2 Brann i gras og kratt*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Lågare terskel for å innføra forbod mot open eld. Informere gjennom heimesida og NRK. | 43 |

| ***4.1.1.4 Høg vasstand / stormflo*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Ingen tiltak | 35 |

| ***4.3.2.1 Utanforståande som fysisk kjem seg på innsida av brannmuren vår*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Tilgangskontrollsystem, og rutinar for å følgje opp dette.<br>- Kameraovervaking<br>- Rutinar for å følgje opp IKT – reglementet til Masfjorden kommune. | 68 |

| ***4.2.3.3 Rømming av fisk frå oppdrettsanlegg*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Kvalifisert personell på anlegga og krav til utstyr og rutinar. | 54 |

| ***4.2.3.5 Brann i kraftverk / trafoeksplosjon*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Øving på varsling og prosedyrar i samband med hending (saman med naudetatane) | 56 |

| ***4.2.3.4 Brann / eksplosjon i farlege gassar*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Ha oversikt og kunnskap om potensielle område der dette kan skje | 55 |

| ***4.2.4.1 Brann på sjukeheimen*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Tiltakskort for varsel av brann på natt (for nattevaktene)<br>- Tiltakskort for innsats ved brann på natt for Masfjorden sjukeheim (for GMBR)<br>- Øvingar for tilsette knytt til enkel brannslokking og evakuering av pasientar | 57 |

| ***4.2.4.4 Hendingar i nabokommunar som kan få konsekvensar i Masfjorden*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Utarbeida betre planverk for varsling ved hending<br>- Vidareutvikle samarbeidet mellom kommunalt brannvesen og industrien i Gulen industrihamn m.fl. | 59 |

| ***4.2.4.5 Dambrot*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Øving på prosedyrar i samband med hending (saman med naudetatane)<br>- Ha kunnskap om dambrotsanalysane til BKK.<br>- Ha kunnskap om aktuelle dammar i Masfjorden | 60 |

| ***4.2.5.0 Akutt forureining av drikkevasskjelde*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Etablering av reservevasskjelde<br>- Varsel ut til aktuelle husstandar og kommunale institusjonar | 65 |

| ***4.1.1.3 Lange turkeperiodar*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Betre tilsyn med unødvendig forbruk<br>- Plan for distribusjon av vatn til private | 34 |

| ***4.1.2.1 Flaum grunna mykje nedbør*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Følgja opp med risikovurderingar i reguleringsplanar<br>- Kartleggja skadepotensiale langs mindre nedbørsfelt nær busetnad/viktig infrastruktur med framlegg til avbøtande tiltak. | 37 |

| ***4.2.3.1 Forureining frå diesellager (entreprenør / bønder)*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Større fokus på tilsyn med farleg stoff | 52 |

| ***4.3.1.1 Utru tenar*** | *Analyse Side* |
|---|---|
| - Gode rutinar/ kontroll knytt til innkjøp/ økonomisystemet/ og oppfølging av økonomireglementet og IKT-reglementet til Masfjorden kommune. | 66 |

# 3. Metodeval og akseptkriteriar

Fyljande metode er nytta for gjennomføring av overordna risiko og sårbarheit:

1. Identifisering av uønska hendingar
2. Utredning av årsaker
3. Kartlegging av eksisterande tiltak
4. Vurdering av sannsyn og konsekvens
5. Berekning av risiko
6. Framlegg til avbøtande tiltak



I Masfjorden kommune er sannsyn vekta slik:

| SANNSYN | VEKT | DEFINISJON |
|---|---|---|
| Særs sannsynleg | 5 | Ei hending pr år eller oftare |
| Mykje sannsynleg | 4 | Ei hending pr 1 – 10 år |
| Sannsynleg | 3 | Ei henging pr 10 – 100 år |
| Mindre sannsynleg | 2 | Ei hending pr 100 – 1000 år |
| Lite sannsynleg | 1 | Mindre enn ei hending pr 1000 år |

Vekting av konsekvens:

Tre hovudområde:

- Menneske – liv og helse
- Miljø – jord, vatn, luft m.m.
- Materiell – økonomiske verdiar

| KONSEKVENS | VEKT | MENNESKER (liv og helse) | YTRE MILJØ (luft, vatn, jord ...) | MATERIELLE VERDIAR (økonomiske tap) |
|---|---|---|---|---|
| Katastrofalt | 5 | Meir enn 3 døde, eller 10 alvorleg skadde | Varig større skade på ytre miljø. | Skader for meir enn 60 mill. |
| Kritisk | 4 | Inntil 3 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde | Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø. | Skader mellom 5 mill – 60 mill |
| Alvorleg | 3 | Inntil 4 alvorleg personskader, eller mange | Store skader på ytre miljø men som vil utbetrast | Skader mellom 500 000 – 5 mill |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | mindre personskader men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag. | på sikt. | |
| Ei viss fare | 2 | Mindre skader som treng medisinsk handsaming ev. kortare sjukefråver. | Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort sikt. | Skader mellom 50 000 – 500 000 |
| ufarleg | 1 | Ingen eller små personskader | Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø | Skader for inntil 50 000 |

Risikomatrise

Fyljande risikomatrise er vedteken i Masfjorden kommunestyre:






Medfører uakseptabel risiko. Det skal utførast meir detaljert ROS-analyser for å eventuelt avkrefte risiko eller avklare om risikoreduserande tiltak kan gjennomførast



ALARP-sone, dvs tiltak kan gjennomførast for å redusere risikoen. Detaljert ROS-analyse. Det vil vere naturleg å legge ein kost / nytte analyse til grunn for vurdering av fleire risikoreduserande tiltak.



I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar

# 4. Vedlegg 1 - Oversikt over kartlagt risiko

Oversikta over kartlagt risiko er delt inn i følgjande kapittel:

4.1 - Naturskapte hendingar

4.2 - Store ulukker

4.3 - Tilsikta hendingar

## *4.1 Naturskapte hendingar*

Hendingar med ekstremver har vorte meir vanleg. Om dette er tilfeldig eller ein konsekvens av endra klima er uvisst. Like fullt har hendingar i seinare tid vist at veret medfører uønska situasjonar som ein treng å vera budde på. Eksempel på ekstremver som representerer ein risiko kan vera:

### *4.1.1 - Ekstremver*

#### *4.1.1.1 Storm og orkan*

Masfjorden kommune har ikkje vore verst råka av dei store stormane som har herja Vestlandet dei seinare åra. Kommunen har likevel ein geografi og infrastruktur som er sårbar dersom marginane ikkje er på vår side. Slik tilhøva har vore under dei siste storstormane, har ein ikkje vore langt frå at ein har hatt situasjonar som kunne vore kritiske både for einskildpersonar, i samband med nød og redningsaksjonar, men også for den overordna drifta av kommunen. Dette kan handle om stengde vegar, ferje som ligg vêrfast i samband med uver og driftsstans i anna offentleg infrastruktur.

#### *4.1.1.2 .Ekstremnedbør*

Overvatn på avvegar har synt seg å gje store skadar på bustadar og andre innretningar fleire stadar rundt i landet. I Masfjorden har me vore skåna for dei store skadane grunna store nedbørsmengder, men det er likevel viktig at ein har stort fokus på dette i alt planarbeid som kommunen gjennomfører og godkjenner. Gode retningsliner for velfungerande flomvegar og overvass system er naudsynt for å kunna handtera store nedbørsmengder når desse kjem. Statistikk og forsking tilseier at desse kjem hyppigare og tiltek i storleik i tida frametter.

#### *4.1.1.3 Lange turkeperiodar*

I seinare tid har lange turkeperiodar medført utfordringar knytt til risiko for uønska hendingar. Det mest kontroversielle er at slike periodar også har skjedd på vinterstid. Utfordringane har ført til fyringsforbod i skog og mark utanom det generelle forbodet om sumaren.
I tillegg har me også erfart at folk får tomme brønnar. Dette har, dei siste åra, vore vanleg både i vinter og sumar halvåret.

#### *4.1.1.4 Høg vasstand /stormflo*

I Masfjorden kommune er det ingen som bur slik til at bustaden vert trua av høg vasstand. Derimot er det nokre verksemder, uthus, kaiar og naust som er utsette. Denne situasjonen kan gje vasskadar, og i kombinasjon med vind og bølgjer, kan skadeomfanget verta omfattande (sjå også 2.1.22)

Stormflo er ein avgrensa risiko i Masfjorden. Den største risikoen er mot kaiar, naust og butikkar som ligg ved kaiar.

## 4.1.2 - Flaum

### *4.1.2.1 Flaum grunna mykje nedbør*

Det er fleire relativt store vassdrag i kommunen. Som eksempel kan nemnast Haugsdalsvassdraget, Matrevassdraget og Frøysetvassdraget.
Det er viktig at løyve til tiltak i tilknyting til og ved desse vassdraga tek omsyn til flaumfare og høg vasstand, og at endringar kan gje uønska effekter.
Mindre vassdrag kan gje lokalt store skader om nedbørsintensiteten vert høg nok.

## 4.1.3 - Skred

### *4.1.3.1 Steinsprang*

Det er utarbeidd aktsemdkart for steinsprang for Masfjorden kommune. Dette er eit teoretisk kart utarbeidd på bakgrunn av hellingsvinkel for terrenget. Analysen viser at 18,2 % av bygningsmassen i kommunen ligg innanfor aktsemdkartet for steinsprang.

### *4.1.3.2 Snøskred/ sørpeskred*

Fjellområda i og rundt Stordalen vert meir og meir nytta til rekreasjon. I tillegg til områda langs E-39, er dette det området som utmerkar seg mest som skredutsett i kommunen. Snømengda her kan enkelte år vera så stor at den representerer ein risiko for uønska hendingar. Aktsemdkartet som er utarbeidd tek også for seg snøskred. Stengde vegar knytt til snøskred kan og gje store utfordringar.

## 4.1.4 - Epidemi

### *4.1.4.1 Epidemi*

Masfjorden kommune skil seg ikkje vesentleg ut i høve til andre kommunar når det gjeld epidemiologi. Eit lite og oversiktleg samfunn, samt godt førebyggjande arbeid kan vera årsaka til at det ikkje er ein spesielt stor risiko i kommunen.

### *4.1.4.2 Pandemi*

Pandemi er ikkje ein serskild risiko i Masfjorden kommune.
Etter svineinfluensaen i 2009 er det utarbeidd pandemiplan for Masfjorden kommune.

## 4.1.5 - Brann i skog og utmark

### *4.1.5.1 Skogbrann*

Masfjorden kommune har ca 273 000 dekar produktiv skog. Det har ikkje vore skogbrannar av større målestokk i kommunen i nyare tid.
Om det skulle oppstå ein brann i nokon av skogsområda i kommunen, er det eit sannsyn for at denne kan truga bebyggde områder. Kommunen har ikkje utarbeidd spesielle planar for førebygging eller innsats i samband med større skogbrannar.

### *4.1.5.2 Brann i gras og kratt*

Det har så langt ikkje vore dei store brannane i gras og kratt i vår kommune. Det skjer av og til mindre brannar av denne kategorien i kommunen, men ingen av desse har vore av ein storleik som har medført innsats over fleire døgn. Det er like fullt eit aktuelt tema som ein må vera budd på. Vinteren 2013 – 2014 er eit eksempel på dette. Det er ikkje kvardagskost at ein lyt innføra forbod mot open eld i skog og mark midtvinters, men det var tilfellet denne vinteren.

## 4.2 Store ulukker

Sidan forliset til «D/S Masfjord» under førre verdskrig, har Masfjorden kommune vore skåna for dei store ulukkene. Innbyggjarane i Masfjorden, som elles i samfunnet, er meir på farten enn før. Dette medfører ein auka risiko for at dei store ulukkene også kan råka oss. Med dette som bakteppe er det viktig å vera budd på slike hendingar. Store ulukker kan vera: Ulykker med fly, bussar, brann i forsamlingslokale/ institusjonar.

### 4.2.1 - Veg

#### 4.2.1.1 Større trafikkulukker

Trass i stor gjennomgangstrafikk med jamlege stygge ulukker, har me vore forskåna for dei store trafikkulukkene.

Det går mange bussar på vegane i Masfjorden. Det kan vera bussar i lokalruter, ekspressbussar som Trondheimsekspressen og liknande, eller bussar med skuleborn. Det siste eksempelet er ei hending som føregår med jamne mellomrom.

#### 4.2.1.2 Tunnelulukke med mange involverte

Det er mange tunnelar i Masfjorden kommune. Fleire av desse har ei utforming og ei trafikkbelastning som tilseier at dei representerer ei stor tryggleiksmessig utfordring. Ei av utfordringane her er manglande helseradionett i fleire av desse. Dette gjev store innsats og tryggleiksmessige utfordringar om ulukker skulle oppstå.

#### 4.2.1.3 Trafikkulukke med farleg gods

Trafikkbelastninga, spesielt på stamvegen (E-39), er aukande. Dette gjeld også køyretøy lasta med farleg gods. Det har enno ikkje vore hendingar der farleg gods har vore utfordringa. Brannvesenet (GMBR) har eit avgrensa depot av utstyr til handtering av mindre hendingar der farleg gods er ein del av utfordringa. I tillegg har ein ny spesialhengar på Brekke stasjon for handtering av slike hendingar. Det er likevel avgrensa kva hendingar det kommunale brannvesenet vil klara å handtera sjølv. Skjer det ulykker med

dei farlegaste stoffa, avgrensar innsatsen seg til identifisering av stoffet, sikring (sperresoner, etc.) og livreddande innsats. Resten av oppgåva med skadeavgrensing må løysast med bistand frå Lindås og Meland brann og redning (LMBR) og/eller Bergen brannvesen (BB).

#### 4.2.1.4 *Fergetrafikk på (Pulsbelastning) E-39*

Kartlagt ÅDT på vår gjennomfartsveg (E-39) er relativt låg. Risikoen på E39 er likevel høg kvar gong det kjem ei ferje til Oppedal og heile bilkolonnen (inntil 120 bilar) frå ferja køyrer samstundes sørover mot Bergen.

### 4.2.2 - Sjø

#### 4.2.2.1 *Tankskipulukke / større akutt forureining på sjø*

Tankskiptrafikk i våre farvatn er, i stor grad, knytt opp mot Statoil Mongstad, Gulen industrihamn i Sløvåg og Skiparvik port.
Dette er alle verksemder som ligg i andre kommunar, men som representerer ein konsekvens for oss som nabo om uhellet skulle vera ute.

Dersom ein får ei tankskipulukke i eller i tilknyting til Fensfjordbassenget, er Haugsøytangen og resten av skjergarden i ytre Masfjorden i faresona.
Så langt har Masfjordne kommune vore spart for dei store akutte forureiningane på sjø frå desse risikoverksemdene, men konsekvensen av ei slik hending er stor. Difor er dette ein aktuell risiko å kartlegga.

#### 4.2.2.2 *Ferjeulukke*

I Masfjorden har me i dag eit ferjesamband. Kabelferja «Fjon-M» går i sambandet Duesund – Masfjordnes. Ferga er eit viktig element i den daglege drifta av kommunen. Både folk og køyretøy som kryssar fjorden er avhengige av ferja.

Ei ulukke på kabelferja representerer ein risiko. Både i forhold til menneske, dagleg drift av kommunen, men også i høve til brann og medisinsk beredskap.

#### 4.2.2.3 *Småbåtulukke*

Småbåttrafikken på fjordane våre er aukande. Sjølv om krava til småbåtførarar er skjerpa, er det framleis mange som ikkje har naudsynt respekt for det å ferdast på sjøen.

## 4.2.3 - Næringsverksemd / industri

### 4.2.3.1 Forureining frå diesellager (entreprenørar / bønder)

Det eksisterer eit uttal av diesellager rundt omkring i kommunen. Desse er, i all hovudsak, av mindre skala (200 liter). Dette er bønder som har dieselfat til lagring av diesel som dei treng til traktorar og andre landbruksmaskiner i næringa. I tillegg har maskinentreprenørar stasjonære og mobile tankar som dei flyttar rundt på ulike prosjekt som er under arbeid.
Den største risikoen er der tankane er plassert slik at ein eventuell lekkasje kan forureina nærliggande drikkevasskjelder og vassdrag.

### 4.2.3.2 Utslepp av farlege stoff / gassar

Lagring av farlege gassar er ein avgrensa risiko i Masfjorden, men det eksisterer likevel nokre tilfelle. Det er viktig at ein har ei god oversikt over desse og at ein har eit godt planverk for å handtera slike hendingar om desse skulle oppstå, men mest av alt at ein har gode rutinar for å førebyggja at hendingane ikkje skjer.

### 4.2.3.3 Rømming av fisk frå oppdrettsanlegg

Spesielt stormen vinteren 2015 har synt oss at oppdrettsanlegg kan få store skader, og at oppdrettslaks i stor tal kan rømme ut i fjordsystemet. Kva konsekvensar dette har for Masfjorden kommune er det avgrensa kunnskap om.

### 4.2.3.4 Brann /eksplosjon i farlege gassar

Det er avgrensa lagring av store volum brann og eksplosjonsfarlege gassar i kommunen. Volum utover tradisjonelle 50 liters flasker som vert nytta på vanlege verkstader rundt omkring er det få av, men dei eksisterer. Desse utgjer ein særskild risiko.

### 4.2.3.5 Brann i kraftverk / trafoeksplosjon

BKK produksjon har fleire store trafoar i kommunen. Ein eksplosjon i ein av desse, ville utgjera ein stor økonomisk risiko for eigar.

## 4.2.4 - Andre hendingar

### 4.2.4.1 Brann på sjukeheimen

Masfjorden sjukeheim er den einaste sjukeheimen i kommunen. Bygget vart teke i bruk om lag ved tusenårsskiftet og er eit relativt oversiktleg bygg med gode rømmingstilhøve, og ha god tilkomst for brann og redningsinnsats.

Bygget er også seksjonert og fullsprinkla. Om ein skulle få ein storbrann på sjukeheimen, kunne dette likevel få store konsekvensar for bebuarar, tilsette og for bygningar rundt.

### 4.2.4.2 Brann i omsorgsbustader

Alle omsorgsbustadane i Masfjorden har bustadsprinkling. I tillegg har alle automatisk brannalarm knytt mot alarmsentral (110).

### 4.2.4.3 Storbrann ved større verksemder

Kommunen har ikkje så mange store verksemder. Dei største verksemdene driv innanfor oppdrettsnæringa, trelasthandel og ikkje minst kraftproduksjon. Ein storbrann i ei av desse verksemdene ville få store konsekvensar.

### 4.2.4.4 Hendingar i nabokommunar som kan få konsekvensar i Masfjorden

Gulen industrihamn er distriktet sitt største næringsområde. Her er mange bedrifter samla og industrihamna er stadig under ekspansjon.
Det er fleire grunnar til at ei uønska hending her ville fått ein konsekvens for Masfjorden. Mange av dei tilsette ved verksemdene bur i Masfjorden, og om ein skulle få ei hending på nivå med Vest Tank ulykka i 2007, er avstanden liten over kommunegrensa til Masfjorden.

### 4.2.4.5 Dambrot

Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap (BKK) har fleire dammar i Masfjorden. Desse ligg i tilknyting til Haugsdalsvassdraget og Matre-vassdraget. Om ein skulle få store dambrot her, vil det føra til store konsekvensar både i indre Haugsdalen og på Matre.

### 4.2.4.6 Kollaps /totalhavari av store bygningar

Det er lite sannsynleg at store bygningar i Masfjorden skal kollapse. Konsekvensen ville vore stor om dette skulle skje. Store bygningar der ei slik hending kunne representert ein stor risiko er:

- Masfjorden sjukeheim
- Kommunehuset
- Skular

### 4.2.4.7 Langvarig bortfall av energiforsyning

Innbyggjarane i Masfjorden er nok, som resten av landet, særs avhengig av straumforsyning for å få kvardagen til å gå i hop. Om straumforsyninga skulle vera fråverande over lengre tid, ville konsekvensane vera store. Både for den einskilde innbyggjar sine daglege gjeremål, men også for drifta av heile kommunen. Både drikkevassforsyninga, telefoni og radiosambandssystem for naudetatane vil verta råka, samt utfordringar med å halda varme i bygningar og halda oppe tenestetilbod. Evakuering av innbyggjarar og pasientar vil fort verta aktuelt.

### 4.2.4.8 Langvarig bortfall telefoni / IKT

Samfunnet er vorte svært avhengig av telefoni og data. Alle desse elektroniske hjelpemiddela er nyttige i kvardagen, men det viser seg at om dei brått vert borte, får dette store konsekvensar for tryggleiken i kommunen. Det har synt seg (også i inneverande år) at både den daglege drifta, men mest kritisk av alt, utalarmering og samband for naudetatane, vert hardt ramma når straum og telefoni er borte.

| |
|---|
| **4.2.4.9 *Langvarig bortfall av drikkevassforsyning grunna leidningsbrot*** |
| Det er 5 kommunale vassverk i kommunen. I Masfjorden kommune er dei fleste som bur i tettbygde bygder forsynt frå kommunale vassverk. Andelen er på ca 50 % hus/hytter tilknytt kommunalt vassverk. Om ei drikkevasskjelde vert ureina, kan det få store og langvarige konsekvensar for abonnentane, men det er også kritiske om ein skulle få brot på leidningar. |
| **4.2.5.0 *Akutt forureining av drikkevasskjelde*** |
| Sjølv om ein har internkontrollsystem og overvaking av drikkevassforsyninga i kommunen, er det ein stor risiko knytt til akutt forureining av desse. |
| **4.2.5.1 *Brann på campingplass*** |
| Masfjorden kommune har fire campingplassar. Det er spesielt brann og brannspreiing som representerer ein stor risiko her. |



## *4.3 Tilsikta hendingar*

Gjennom media ser me jamleg at det er ein aukande trend for tilsikta hendingar i verda omkring oss. Noreg har i seinare tid, meir enn før, auka beredskapsnivået over det normale i høve til dette trusselbiletet. 22. juli saka viser at det ikkje treng vera ekstremistar frå andre land og kulturar som iverkset tilsikta hendingar. På bakgrunn av dette har kommunen vald ut følgjande risiko ein vil sjå nærare på i analysen:

## 4.3.1 – Kriminelle handlingar

### *4.3.1.1 Utru tenar*

Det representerer ein risiko om ein har tilsette som misbrukar tilgangen til sensitiv informasjon som ein har fått i kraft av si stilling. Det er difor viktig å ha god praksis og prosedyrar, for å hindra at viktig intern informasjon og materielle verdiar ikkje kjem på avvegar.

### *4.3.1.2. PLIVO (pågåande livstruande vold)*

Gjennom media ser ein jamnleg ei aukande trend med truslar og vald. Det er viktig å ha god praksis og prosedyrar for å førebyggja og redusera faren for slike hendingar. Slik vald kan vera relatert til mange ulike miljø og einskildpersonar.

## 4.3.2 - Digitale rom

### *4.3.2.1 Utanforståane som fysisk kjem på innsida av brannmuren vår*

Om ein utanforståande person som har uærlege hensikter, får tilgang til ei datamaskin som står på innsida av brannmurane i vårt nettverk, kan ein mista/spreia gradert informasjon, til dømes sensitive personopplysningar.

| |
|---|
| Det er ikkje mange minuttane den rette personen treng for å gjera fysiske inngrep på ei nettverksmaskin, som kan gje tilgang til vårt datasystem, og som kan få store konsekvensar. |

Under er eit oppsett av element som er vurdert men ikkje sett på som ein spesiell risiko i Masfjorden kommune:

| |
|---|
| Terrorangrep |
| Bombetrussel |
| PLIVO (Pågåande livstruande vold) |
| Sabotasje av kritisk infrastruktur |
| Jordskjelv |
| Kvikkleireskred |
| Kidnapping |
| Fjellskred |
| Brann / eksplosjon i sprengstofflager |
| Brann på bensinstasjon |
| Lyn og torden |
| Uønska hendingar under større arrangement |



# 5. Vedlegg 2 - Risikovurdering av kartlagt risiko

**Definisjonar:**

| | | |
|---|---|---|
| Sannsyn | - | Kor sannsynleg er det at hendinga vil skje. |
| Sårbarheit | - | Kor sårbar er drifta av kommunen om ei slik hending oppstår.(Graderast i tre nivå: Avgrensa, alvorleg og kritisk) |
| Konsekvens | - | Kva kan verta konsekvensen av ei slik hending. |
| Usikkerheit | - | Grad av erfaring med eller kjennskap til kva som må til for å handtera ei slik hending. |
| Styrbarheit | - | Grad av mogelegheit til å kontrollere/styre risikoen for at ei hending skal skje (førebyggjande tiltak)og kor lett det er å iverksetta konsekvensreduserande tiltak om hendinga inntreff. |
| Overførbarheit | - | Andre liknande områder der tilsvarande hending kan skje. |

Risikovurderingane er under sett opp og nummererte likt som i kapittel 4.

4.1 - Naturskapte hendingar

4.2 - Store ulukker

4.3 - Tilsikta hendingar

## 4.1 Naturskapte hendingar

### 4.1.1 - Ekstremvær

#### *4.1.1.1 Storm og orkan*

**Hending:**

Vindfall over Fv 570 (Einestrand – Masfjordnes)

**Sannsyn:**

Mykje sannsynleg (Ei hending pr 1 – 10 år).

**Sårbarheit:**

Alvorleg. Vindfall som stengjer vegen gjer at naudetatane ikkje kjem seg fram. Alternativ omkjøringsveg er svært lang.

**Konsekvens:**

Alvorleg ( Inntil 4 alvorleg personskadar eller mange mindre skadar )

**Etablerte barrierar (tiltak):**

Ingen spesielle tiltak

**Behov for befolkningsvarsling:**

Ja

**Usikkerheit:**

Stor kunnskap.

**Styrbarheit:**

Dialog med Statens Vegvesen og grunneigarar om hogst langs vegen.

**Overførbarheit:**

Mange liknande og meir trafikkerte vegar i kommunen.

| | |
|---|---|
| 4.1.1.2 | *Ekstremnedbør* |
| | **Hending:** |
| | Sandneslia byggjefelt. Etter ein lengre kuldeperiode kjem mildver med store nedbørsmengder. Slukar på overvassystemet er frosne og vatnet finn alternativ veg. |
| | **Sannsyn:** |
| | Sannsynleg (ei hending pr 10 – 100 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Avgrensa. Materielle skadar på hus og infrastruktur. |
| | **Konsekvens:** |
| | Alvorleg (Skadar mellom 500 000 – 5 mill) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Kvalitetssikring i samband med godkjenning av reguleringsplanar, samt utbetring av dreneringssystem. |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Nei |
| | **Usikkerheit:** |
| | Liten grad av erfaring. Stor grad av kjennskap til handtering |
| | **Styrbarheit:** |
| | Stor grad av styrbarheit ved hjelp av godt planarbeid og gode rutinar for vedlikehald |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |
| 4.1.1.3 | *Lange turkeperiodar* |
| | **Hending:** |
| | Ein stor del av innbyggjarane i kommunen har privat vassforsyning. Desse vil, når tørkeperioden vert langvarig, etter kvart få tomme brønnar |

| | |
|---|---|
| | Sannsyn: |
| | Mykje sannsynleg (Ei hending pr 1 – 10 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Alvorleg. Grunnleggande behov som kommunen må løyse. |
| | Konsekvens: |
| | Ei viss fare (Skader mellom 50 000 – 500 000) |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Innføring av restriksjonar for bruk av vatn på offentleg vassverk i lange tørkeperiodar. |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Ja, informasjon må ut via post og heimesidene til kommunen. |
| | Usikkerheit: |
| | Liten grad av erfaring. Normal grad av kjennskap til tiltak |
| | Styrbarheit: |
| | Avgrensa styrbarheit i forhold til førebyggjande tiltak. Normal grad av mogelegheit til å iverksetta konsekvensreduserande tiltak |
| | Overførbarheit: |
| | Ja |
| *4.1.1.4* | *Høg vasstand/stormflo* |
| | Hending: |
| | Stormflo kombinert med nordvest storm grev ut massar på Fv 570, ved Kjekallvågen. Deler av vegen vert vaska på sjøen. |
| | Sannsyn: |
| | Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Alvorleg. Sentral veg inn/ut av kommunen. |

| | |
|---|---|
| | Konsekvens: |
| | Alvorleg (Inntil 4 alvorleg personskadar / Skader mellom 500 000 – 5 mill.)) |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Utbetring av vegen/ plastring mot sjøen. |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Nei |
| | Usikkerheit: |
| | Normal grad av erfaring. Normal grad av kjennskap til tiltak ved hending |
| | Styrbarheit: |
| | Normal grad av styrbarheit i forhold til førebyggjande tiltak. Liten grad av styrbarheit når hendinga er eit faktum |
| | Overførbarheit: |
| | Ja |



| 4.1.2 - Flaum | |
|---|---|
| *4.1.2.1* | *Flaum grunna mykje nedbør* |
| | **Hending:** |
| | Bustader på Kjetland råka av flaum grunna opphoping av snø og is ovanfor Haukeland. Elva lagar propp og deretter løyser alt seg opp brått. |
| | **Sannsyn:** |
| | Mindre sannsynleg (Ei hending pr 100 – 1000 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Avgrensa. Materielle skadar på hus, gardsvegar og anna areal |
| | **Konsekvens:** |
| | Alvorleg (skadar mellom 500 000 – 5 mill) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | |

| | |
|---|---|
| | Fokus på flomvegar i samband med arealforvaltinga. |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja |
| | **Usikkerheit:** |
| | Ingen erfaring. Normal kjennskap til handtering ved hending |
| | **Styrbarheit:** |
| | Normal grad av mogelegheit til førebyggjande tiltak. Liten grad av mogelegheit til konsekvensreduserande tiltak ved hending |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |

| 4.1.3 - Skred | |
|---|---|
| *4.1.3.1* | *Steinsprang* |
| | **Hending:** |
| | Steinsprang på Masfjordvegen (Fv 379) i kombinasjon med at ferja ligg verfast (uver). |
| | **Sannsyn:** |
| | Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Avgrensa grunna spreidd busetnad. Analyser viser at 18,2% av bygningsmassen i kommunen ligg innafor aktsemdkartet for steinsprang. Risikoen med ei slik hending er store steinar som treff bustader, men og knytt til akutt brot på tilkomst for mellom anna naudetatane, og for etatar knytt til heimebasert pleie og omsorg. |
| | **Konsekvens:** |
| | Alvorleg. ( Inntil 4 alvorleg personskader.) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | |

| | |
|---|---|
| | Det er utarbeidd aktsemdskart for ras i Masfjorden kommune |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja |
| | **Usikkerheit:** |
| | Ingen erfaring. Normal kunnskap om handtering ved hending. |
| | **Styrbarheit:** |
| | Normalt styrbart. Viktig med planverk som sikrar alternativ transport og at pasienthandtering kan skje raskt, samt at heimebasert pleie/ omsorg kan ivaretakast på ein god måte. |
| | **Overførbarheit:** |
| | Til ein viss grad (i kombinasjon med andre vegsperringar som Fv 570) |
| *4.1.3.2* | *Snøskred/ sørpeskred* |
| | **Hending:** |
| | Snøskred i Haukelandsdalen (langs E-39) |
| | **Sannsyn:** |
| | Mykje sannsynleg (Ei hending pr 1 – 10 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Alvorleg. Hovudvegg inn/ut til indre del av kommunen og for gjennomgangstrafikk i regionen. |
| | **Konsekvens:** |
| | Kritisk (inntil 3 døde eller 10 alvorleg skadde) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Delar av vegstrekninga har rasvollar |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja. Statens Vegvesen sitt ansvar. |
| | **Usikkerheit:** |
| | |

| | |
|---|---|
| | Ingen erfaring. Normal kunnskap om handtering ved hending. |
| | **Styrbarheit:** |
| | Høg styrbarheit |
| | **Overførbarheit:** |
| | Kan skje fleire andre stader. Spesielt i indre del av kommunen. |

| 4.1.4 - Epidemi | |
|---|---|
| *4.1.4.1* | *Epidemi* |
| | **Hending:** |
| | Epidemi |
| | **Sannsyn:** |
| | Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Avgrensa. Dette på grunn av spreidd busetnad som fører til lågt smittepress. |
| | **Konsekvens:** |
| | Kritisk (Inntil 3 døde eller fare for inntil 10 alvorleg skadde). |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Smittevernplan |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja |
| | **Usikkerheit:** |
| | Stor grad av kunnskap. |
| | **Styrbarheit:** |
| | |

| | |
|---|---|
| | Styrbart om hendinga inntreff med avbøtande tiltak. |
| | Overførbarheit: |
| | Kan skje i heile kommunen. |

| | |
|---|---|
| *4.1.4.2* | *Pandemi* |
| | Hending: |
| | Pandemi |
| | Sannsyn: |
| | Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Avgrensa. Dette på grunn av spreidd busetnad som fører til lågt smittepress. |
| | Konsekvens: |
| | Kritisk (Inntil 3 døde eller fare for inntil 10 alvorleg skadde). |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Pandemiplanen til Masfjorden kommune. |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Ja |
| | Usikkerheit: |
| | Stor grad av kunnskap. |
| | Styrbarheit: |
| | Styrbart om hendinga inntreff med avbøtande tiltak. |
| | Overførbarheit: |
| | Kan skje i heile kommunen. |

## 4.1.5 - Brann i skog og utmark

### 4.1.5.1 *Skogbrann*

| | |
|---|---|
| **Hending:** | *Skogbrann på Duesundfjellet i kombinasjon med kraftig fønvind frå søraust* |
| **Sannsyn:** | Sansynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| **Sårbarheit:** | Kritisk. Legekontor, sjukeheim, omsorgsbustader, byggjefelt og skule/barnehage m.m. truga |
| **Konsekvens:** | Kritisk (Inntil 3 døde eller fare for inntil 10 alvorleg skadde) |
| **Etablerte barrierar (tiltak):** | Mindre /lettare utstyr for skogbranninnsats i brannvesenet |
| **Behov for befolkningsvarsling:** | Ja |
| **Usikkerheit:** | Liten grad av erfaring. Normal grad av kunnskap om handtering av ei slik hending |
| **Styrbarheit:** | Styrbart ved hjelp av god brannberedskap |
| **Overførbarheit:** | Kan skje fleire stader i kommunen |

### 4.1.5.2 Brann i gras og kratt

| | |
|---|---|
| Hending: | |
| *Brann i skogbotn i samband med linjearbeid mellom Elvik og Hope med vind frå nordvest* | |
| Sannsyn: | |
| Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) | |
| Sårbarheit: | |
| Avgrensa. Spredd busetnad og ingen vital infrastruktur truga av hendinga. | |
| Konsekvens: | |
| Alvorleg (Skadar mellom 500 000 – 5 mill) | |
| Etablerte barrierar (tiltak): | |
| Utvida forbod om open eld i skog og mark (utover ordinær april – sept) | |
| Behov for befolkningsvarsling: | |
| Ja | |
| Usikkerheit: | |
| Normal erfaring med slike hendingar. Normal grad av kunnskap for å handtere slike hendingar | |
| Styrbarheit: | |
| Normal grad av styrbarheit i forhold til førebyggjande tiltak. Stor grad av konsekvensreduserande tiltak | |
| Overførbarheit: | |
| Kan skje i heile kommunen. | |

## 4.2 Store ulukker

### 4.2.1 - Veg

#### 4.2.1.1 *Større trafikkulukker*

**Hending:**

*Møteulukke på E-39 mellom skulebuss og lastebil.*

**Sannsyn:**

Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år)

**Sårbarheit:**

Avgrensa. Alternative omkøyringsvegar

**Konsekvens:**

Katastrofalt (Meir enn 3 døde eller 10 alvorleg skadde).

**Etablerte barrierar (tiltak):**

TS revisjonar (TS = trafikksikkerheitsrevisjonar).
Fartssreduserande tiltak.

**Behov for befolkningsvarsling:**

Nei

**Usikkerheit:**

Normal usikkerheit. Noko erfaring med store ulukker, men ikkje av denne storleiken (Har øvd på liknande hendingar som dette).

**Styrbarheit:**

Vanskeleg med førebyggjande tiltak. Styrbart om hendinga inntreff med avbøtande tiltak.

**Overførbarheit:**

Kan skje på fleire av vegane våre




E 39

| | |
|---|---|
| 4.2.1.2 | *Tunnelulukke med mange involverte* |
| | Hending: |
| | *Buss mot personbil i Jernfjelltunnelen (E-39)* |
| | Sannsyn: |
| | Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Avgrensa. Alternative omkøyringsvegar |
| | Konsekvens: |
| | Katastrofalt (Meir enn 3 døde eller 10 alvorleg skadde). |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | TS-revisjonar (vurdering av eksisterande kommunikasjon, ventilasjon, m.m.) |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Ja |
| | Usikkerheit: |
| | Normal usikkerheit. Har øvd på hendinga. |
| | Styrbarheit: |
| | Dårleg styrbarheit i dag. Kan betrast om avbøtande tiltak kjem på plass. |
| | Overførbarheit: |
| | Kan skje i fleire tunnelar i kommunen. |
| 4.2.1.3 | *Trafikkulykke med farleg gods* |
| | Hending: |
| | Tankbil med salpetersyre kolliderer med varebil på brua i austre utløp av Matresbergtunnelen. Lågtrykk, stor vassføring i elva. |

| | |
|---|---|
| | **Sannsyn:** |
| | Sannsynleg ( Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Kritisk. Avrenning til kommunalt vassverk, samt næring, skule og barnehage i nærleiken. |
| | **Konsekvens:** |
| | Kritisk (Inntil 3 døde eller fare for inntil 10 alvorleg skadde) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Trafikkontrollar<br>Skilt med oppmoding om å halda fartsgrensa |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja (for å få folk til å halda seg inne og styra andre trafikkavviklinga |
| | **Usikkerheit:** |
| | Liten grad av røynsle. Normal grad av usikkerheit i høve til innsats |
| | **Styrbarheit:** |
| | Normal grad av mogelegheiter både til førebyggjande tiltak og konsekvensreduserande tiltak om hendinga inntreff |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |
| *4.2.1.4* | *Fergetrafikk på E–39 (Pulsbelastning)* |
| | **Hending:** |
| | Fergekøen frå Oppedal mot Bergen ligg tett og heldt høg fart. Små og store bilar i same køen. På veg ned Jernfjelltunnelen er det ein bil som køyrer forbi i ein kurve. Møteulukke med motgåande trailer. Buss, trailer og fleire personbilar er involvert i ulukka. |
| | **Sannsyn:** |
| | Mykje sannsynleg (Ei hending pr 1 – 10 år) |

| | |
|---|---|
| | Sårbarheit: |
| | Avgrensa. Primært gjennomgangstrafikk på vegen. |
| | Konsekvens: |
| | Katastrofalt (Meir enn 3 døde eller 10 alvorleg skadde) |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Trafikkontrollar<br>Skilt med oppmoding om å halda fartsgrensa<br>TS-revisjonar (vurdering av eksisterande kommunikasjon, ventilasjon, m.m.) |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Ja |
| | Usikkerheit: |
| | Normal usikkerheit. Har øvd på hendinga. |
| | Styrbarheit: |
| | Dårleg styrbarheit i dag. Kan betrast om avbøtande tiltak kjem på plass. |
| | Overførbarheit: |
| | Ja |



4.2.2 - Sjø

### *4.2.2.1 Tankskipulukke / Større akutt forureining på sjø*

**Hending:**

*Ein supplybåt på veg frå Mongstadbase til Sløvåg, får akutt svikt i styresystemet og kolliderer med eit tankskip som er på veg inn til Statoil Mongstad. Brann i fartøy og utslepp av 30 000 tonn råolje til sjø.*

**Sannsyn:**

Mindre sannsynleg ( Ei hending pr 100 – 1000 år)

**Sårbarheit:**

Avgrensa. Kritiske samfunnsfunksjonar i Masfjorden kommune er fysisk relativt langt unna

**Konsekvens:**

Katastrofal (Meir enn 3 døde eller 10 alvorleg skadde / skader > 60 mill)

| | |
|---|---|
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | God overvaking av skipstrafikken i Fensfjordbassenget |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Nei |
| | Usikkerheit: |
| | Liten grad av røynsle. Stor grad av kunnskap om handtering ved hending |
| | Styrbarheit: |
| | Normal grad av styrbarheit i høve til førebyggjande tiltak. Liten grad av styrbarheit om hendinga inntreff |
| | Overførbarheit: |
| | Nei |

| | |
|---|---|
| *4.2.2.2* | *Ferjeulukke* |
| | Hending: |
| | Kabelferga «K/F Fjon» er midt i Sandnesosen. Ein stykkgodsbil, som er om bord, får ein eksplosjon i lasta som skadar fleire av passasjerane og ferga slik at den ikkje lenger har framdrift. |
| | Sannsyn: |
| | Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Alvorleg. Ferjesambandet er sentralt i høve til drifta av kommunen |
| | Konsekvens: |
| | Kritisk (Inntil 3 døde eller fare for inntil 10 alvorleg skadde) |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Hyppige øvingar («øvelse mobilisering av team»)<br>Eigen beredskapstelefon hjå rederi |

| | |
|---|---|
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Nei |
| | Usikkerheit: |
| | Liten grad av erfaring. Normal usikkerheit i høve til kva som må til for å handtera hendinga. |
| | Styrbarheit: |
| | Normal grad styrbarheit |
| | Overførbarheit: |
| | Nei |

| | |
|---|---|
| *4.2.2.3* | *Småbåtulukke* |
| | Hending: |
| | I samband med fiskefestival på Sandnes, er det nokon som skal kryssa fjorden på natta. Båten er liten og overfylt og føraren er urøynd og rusa |
| | Sannsyn: |
| | Mykje sannsynleg (Ei hending pr 1 – 10 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Avgrensa. Hendinga vil ha liten påverknad for drifta av kommunen |
| | Konsekvens: |
| | Kritisk (Inntil 3 døde eller fare for inntil 10 alvorleg skadde) |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Krav om båtførerprøve |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Nei |
| | Usikkerheit: |
| | Liten grad av usikkerhet. Normal usikkerheit i forhold til kva som må til for å handtera hendinga. |

| | |
|---|---|
| | Styrbarheit: |
| | Normal grad styrbarheit |
| | Overførbarheit: |
| | Ja |



| | |
|---|---|
| 4.2.3 - | Næringsverksemd / industri |
| *4.2.3.1* | *Forureining frå diesellager (entreprenørar / bønder)* |
| | Hending: |
| | Trøttheitsbrot på utsleppsventil på mobil dieseltank (3000 l) ved kalkdoseringsanlegget ved Laufossen (Frøysetvassdraget) |
| | Sannsyn: |
| | Mindre sannsynleg (Ei hending pr 100 – 1000 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Avgrensa. Hendinga vil ha liten påverknad for drifta av kommunen |
| | Konsekvens: |
| | Alvorleg (Store skadar på ytre miljø, men som vil utbetrast på sikt) |

| | |
|---|---|
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Ingen |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Nei |
| | Usikkerheit: |
| | Liten grad av erfaring. Stor grad av kunnskap om handtering |
| | Styrbarheit: |
| | Stor grad av førebyggjande styrbarheit. Normal styrbarheit på konsekvensreduserande tiltak |
| | Overførbarheit: |
| | Ja |
| *4.2.3.2* | *Utslepp av farlege stoff / gassar* |
| | Hending: |
| | Lekkasje frå Havforskingsinstituttet sin ammoniakktank på Matre |
| | Sannsyn: |
| | Mindre sannsynleg (Ei hending pr 100 – 1000 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Alvorleg. Gjev store utfordringar knytt til drifta av det kommunale tenestetilbodet på Matre (skule, barnehage, etc.) |
| | Konsekvens: |
| | Ei viss fare (Mindre skadar som treng medisinsk behandling |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Ingen spesielle utover tilsyn i medhold til internt IK-system |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Ja |

| | |
|---|---|
| | Usikkerheit: |
| | Ingen erfaring. Stor kjennskap til tiltak ved hending |
| | Styrbarheit: |
| | Stor grad av mogelegheit for førebyggjande tiltak. Normal mogelegheit for konsekvensreduserande tiltak om hendinga skulle skje |
| | Overførbarheit: |
| | Ja |
| *4.2.3.3* | *Rømming av fisk frå oppdrettsanlegg* |
| | Hending: |
| | *I samband med dårleg vær rømmer 50 000 laks frå eit oppdrettsanlegg ved Kvamsøy* |
| | Sannsyn: |
| | Mykje sannsynleg (Ei hending pr 1 – 10 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Avgrensa. Hendinga vil ha liten påverknad for drifta av kommunen |
| | Konsekvens: |
| | Ei viss fare (ulemper på ytre miljø, men få negative konsekvensar for Masfjorden isolert sett.) |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Tiltak i henhold til krav i NYTEK-forskrift<br>Jamnleg dykkerinspeksjon av nøter |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Nei |
| | Usikkerheit: |
| | Stor grad av erfaring med slike hendingar. |
| | Styrbarheit: |
| | Normal grad av mogelegheiter både til førebyggjande tiltak og konsekvensreduserande tiltak om hendinga inntreff |

| | |
|---|---|
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |
| 4.2.3.4 | *Brann /eksplosjon i farlege gassar* |
| | **Hending:** |
| | Lekkasje i samband med fylling av propantank, Havforskingsinstituttet på Matre |
| | **Sannsyn:** |
| | Mindre sannsynleg (Ei hending pr 100 – 1000 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Alvorleg. Påverknad på drifta av kommunen lokalt på Matre |
| | **Konsekvens:** |
| | Kritisk (Inntil 3 døde eller 10 alvorleg skadde) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Gode skriftlege rutiner for tilsyn og vedlikehald |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja |
| | **Usikkerheit:** |
| | Liten grad av erfaring. Normal grad av usikkerheit i forhold til innsats |
| | **Styrbarheit:** |
| | Normal grad av mogelegheiter både til førebyggjande tiltak og konsekvensreduserande tiltak om hendinga inntreff |
| | **Overførbarheit:** |
| | Nei |

| 4.2.3.5 | *Trafoeksplosjon* |
|---|---|
| | **Hending:** |
| | *Trafoeksplosjon i kraftstasjonen på Matre* |
| | **Sannsyn:** |
| | Mindre sansynleg (Ei hending pr 100 – 1000 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Avgrensa. Hendinga vil ha liten praktisk påverknad av drifta av kommunen. |
| | **Konsekvens:** |
| | Kritisk ( Inntil 3 døde eller fare for inntil 10 alvorleg skadde) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Oljeprøver<br>Vern<br>Tilsyn |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Nei |
| | **Usikkerheit:** |
| | Liten erfaring med hendingar. Stor grad av kjennskap til kva tiltak som må iverksettast om hendinga inntreff |
| | **Styrbarheit:** |
| | Stor grad av styrbarheit i forhold til førebyggjande tiltak. Avgrensa styrbarheit i samband med hending |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |

## 4.2.4 - Andre hendingar

### 4.2.4.1 *Brann på sjukeheimen*

**Hending:**

Brann / eksplosjon i heismaskinrom, kjeller, med stor røykutvikling oppover i fellesareal (gang, kantine, hovudinngang)

**Sannsyn:**

Mindre sansynleg (Ei hending pr 100 – 1000 år)

**Sårbarheit:**

Kritisk. Einaste sjukeheimen i kommunen

**Konsekvens:**

Kritisk (inntil 3 døde eller fare for inntil 10 alvorleg skadde)

**Etablerte barrierar (tiltak):**

Fullsprinkla
Brannalarm med direktevarsling til 110
Seksjonert bygg med rømming direkte til det fri (alle bebuarar på 1 plan)

**Behov for befolkningsvarsling:**

Nei

**Usikkerheit:**

Ingen erfaring, men god kunnskap

**Styrbarheit:**

Stor grad av styrbarheit

**Overførbarheit:**

Nei

| | |
|---|---|
| 4.2.4.2 | *Brann i omsorgsbustader* |
| | **Hending:** |
| | Tørrkoking i leiligheit 1. etg, omsorgsbustad Sandnes, som spreier seg i ventilasjonssystemet. |
| | **Sannsyn:** |
| | Mykje sannsynleg (Ei hending pr 1 – 10 år ) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Kritisk. 6 leilegheiter med bebuarar som treng assistert rømming. Ingen fast personale på bygget |
| | **Konsekvens:** |
| | Kritisk (Inntil 3 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Brannalarmanlegg med direktevarsling til 110<br>Bustadsprinkling |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Nei |
| | **Usikkerheit:** |
| | Ingen erfaring. Stor kunnskap |
| | **Styrbarheit:** |
| | Stor grad av styrbarheit |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja, til alle omsorgsbustadane i kommunen |
| 4.2.4.3 | *Storbrann ved større verksemder* |
| | **Hending:** |
| | Brann i produksjonsanlegget til Marine Harvest på Kvingo med ukontrollert oksygentilførsel |

| | |
|---|---|
| | Sannsyn: |
| | Mindre sannsynleg (Ei hending pr 100 – 1000 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Avgrensa. Hendinga vil ha liten påverknad for drifta av kommunen. |
| | Konsekvens: |
| | Katastrofalt (Skader for meir enn 60 mill) |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Ventiler for avstenging av distribusjonsnett |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Ja |
| | Usikkerheit: |
| | Liten erfaring. Normal kunnskap til handtering |
| | Styrbarheit: |
| | Stor grad av styrbarheit i forhold til førebyggjande tiltak. Avgrensa styrbarheit i samband med hending |
| | Overførbarheit: |
| | Ja |
| *4.2.4.4* | *Hendingar i nabokommunar som kan få konsekvensar i Masfjorden* |
| | Hending: |
| | Brann i skip ved kai 8 i Sløvåg, i samband med lasting av petroleumsprodukt frå Alexela Sløvåg, brann som får eskalere til tankgård |
| | Sannsyn: |
| | Mindre sannsynleg (Ei hending pr 100 – 1000 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Avgrensa. Hendinga vil ha liten påverknad på drifta av Masfjorden kommune. |

| | |
|---|---|
| | Konsekvens: |
| | Kritisk ( Inntil 3 døde eller fare for inntil 10 alvorleg skadde |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Tilsyn i medhald av storulykkeforskrifta. |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Ja |
| | Usikkerheit: |
| | Noko erfaring. Normal grad av kjennskap til handtering |
| | Styrbarheit: |
| | Stor grad av styrbarheit i forhold til førebyggjande tiltak. Liten grad av styrbarheit i høve til konsekvensreduserande tiltak |
| | Overførbarheit: |
| | Nei |
| *4.2.4.5* | *Dammbrot* |
| | Hending: |
| | Brot i dammen på Krokevatnet, som medfører brot på dammen i Stordalsvatnet, som har ein pårekneleg konsekvens at store deler av Matre sentrum med busetnad, offentlege bygg, E-39, m.m. vert overfløymd. |
| | Sannsyn: |
| | Mindre sannsynleg (Ei hending pr 100 – 1000 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Alvorleg. All privat og kommunal aktivitet på Matre vil opphøyra. |
| | Konsekvens: |
| | Kritisk (Inntil 3 døde eller fare for inntil 10 alvorleg skadde / Skadar mellom 5 – 60 mill) |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Gode rutiner for tilsyn og vedlikehald |

| | |
|---|---|
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja, og det må skje raskt. |
| | **Usikkerheit:** |
| | Ingen røynsle. Normal grad av kjennskap til handtering |
| | **Styrbarheit:** |
| | Normal grad av styrbarheit i forhold til førebyggjande tiltak. Liten grad av konsekvensreduserande tiltak ved hending, med unnatak av rask evakuering og stenging av E-39. |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |
| *4.2.4.6* | *Kollaps /totalhavari av store bygningar* |
| | **Hending:** |
| | Kommunehuset på Sandnes kollapsar og vitale kommunale tenesteområder vert sette ut av drift |
| | **Sannsyn:** |
| | Lite sansynleg (Mindre enn ei hending pr 1000 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Kritisk. Mange kommunale tenesteområder vert set ut av spel |
| | **Konsekvens:** |
| | Alvorleg (Inntil 4 alvorleg personskader, eller mange mindre personskadar men med sjukefråvær |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Internkontrollsystem |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Nei |
| | **Usikkerheit:** |
| | Ingen erfaring. Liten kjennskap til handtering |

| | |
|---|---|
| | **Styrbarheit:** |
| | Stor grad av styrbarheit i forhold til førebygging. Liten grad av styrbarheit om hendinga inntreff |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |
| 4.2.4.7 | *Langvarig bortfall av energiforsyning* |
| | **Hending:** |
| | Fleire eldre heimebuande har berre elektrisk oppvarming. *Lynet slår ut Tangedal trafostasjon i kombinasjon med kulde og dårleg ver. Fleire feil på linjenettet medfører at store delar av kommunen er utan kraftforsyning.* |
| | **Sannsyn:** |
| | Mykje sannsynleg (Ei hending pr 1 – 10 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Kritisk. Samfunnsoppgåvene vert vanskeleg å stetta. Næringslivet slit. |
| | **Konsekvens:** |
| | Kritisk (Inntil 3 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | - Masfjorden sjukeheim har 100 % aggregatdekning<br>- Andvik trykkaukestasjon har aggregat |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja |
| | **Usikkerheit:** |
| | Normal grad av erfaring. Normal grad av kjennskap til tiltak ved hending |
| | **Styrbarheit:** |
| | Stor grad av styrbarheit i forhold til førebygging. Normal grad av mogelegheit til å iverksetta konsekvensreduserande tiltak ved hending |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |

| 4.2.4.8 | *Langvarig bortfall telefoni / IKT* |
|---|---|
| | **Hending:** |
| | Brann i Stordalen fjellstove. Radiobasestasjonen på Gleinefjell er ute av drift, fasttelefonen er nede og mobiltelefonen er også ute av drift |
| | **Sannsyn:** |
| | Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Katastrofalt. Ingen får varsla om hendinga, ingen naudetatar får varsel |
| | **Konsekvens:** |
| | Katastrofalt (Meir enn 3 døde, eller 10 alvorleg skadde) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Ingen barrierer på telefoni eller helseradionett |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja |
| | **Usikkerheit:** |
| | Normal grad av erfaring. Normal grad av kjennskap til tiltak ved hending |
| | **Styrbarheit:** |
| | Stor grad av mogelegheit for førebyggjande tiltak. Liten grad av mogelegheit til tiltak ved hending |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |

| | |
|---|---|
| *4.2.4.9* | *Langvarig bortfall av drikkevassforsyning grunna leidningsbrot* |
| | **Hending:** |
| | Brot på sjøleidning mellom Andvik og Mollandseidet (hovudvassverket) |
| | **Sannsyn:** |
| | Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Kritisk. Vil gje store utfordringar for sjukeheim, skular, legekontor, hushaldningsabonnentar og næringsliv. Etter kvart også utfordringar for brannberedskapen (brannvassforsyninga) |
| | **Konsekvens:** |
| | Kritisk (skadar mellom 5 – 60 mill) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Skilting om ankringsforbod |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja |
| | **Usikkerheit:** |
| | Ingen erfaring. Normal kjennskap grad av kjennskap til tiltak ved hending |
| | **Styrbarheit:** |
| | Liten grad av mogelegheit for førebyggjande tiltak. Normal grad av mogelegheit for å iverksetta konsekvensreduserande tiltak |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja (andre sjøleidningar på vassverket) |

| | |
|---|---|
| *4.2.5.0* | *Akutt forureining av drikkevasskjelde* |
| | **Hending:** |
| | Akutt forureining av, eller ved, borebrønnar i Andvik (hovudvassverket) |
| | **Sannsyn:** |
| | Mindre sannsynleg (Ei hending pr 100 – 1000 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Stor. Mellom anna grunna manglande reservevasskjelde |
| | **Konsekvens:** |
| | Kritisk (Inntil 3 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg sjuke) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Klausulering<br>Tilsynsrundar |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Ja |
| | **Usikkerheit:** |
| | Ingen erfaring. Stor kunnskap |
| | **Styrbarheit:** |
| | Stor grad av førebyggjande tiltak (barrierer) for normal risiko, men ingen spesielle for store hendingar som denne. |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ved alle vassverka |
| *4.2.5.1* | *Brann på campingplass* |
| | **Hending:** |
| | Brann i spikertelt på Nautesund camping som får utvikla seg. Sein natt til sundag i fellesferien |

| | |
|---|---|
| | **Sannsyn:** |
| | Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | **Sårbarheit:** |
| | Avgrensa |
| | **Konsekvens:** |
| | Kritisk (Inntil 3 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | - Registrert som særskilde brannobjekt (§ 13) |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Nei |
| | **Usikkerheit:** |
| | Ingen erfaring. Stor grad av kjennskap til tiltak ved hending |
| | **Styrbarheit:** |
| | Stor grad av styrbarheit i forhold til førebygging. Normal grad av mogelegheit for konsekvensreduserande tiltak ved hending |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |

## 4.3 Tilsikta hendingar

| 4.3.1 – Kriminelle handlingar | |
|---|---|
| *4.3.1.1* | *Utru tenar* |
| | **Hending:** |
| | *Utru tenarar* |

| | |
|---|---|
| | **Sannsyn:** |
| | Ei hending pr 10 – 100 år |
| | **Sårbarheit:** |
| | Kritisk. Fare for store økonomiske tap, samt tap av omdømme. |
| | **Konsekvens:** |
| | En viss fare ( verditap for mellom 50 000 – 500 000) |
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Nei |
| | **Usikkerheit:** |
| | Normal usikkerheit. |
| | **Styrbarheit:** |
| | Stor grad av mogelegheit til førebyggjanded tiltak i form av gode rutiner, haldningar og kultur for oppfølging. |
| | **Overførbarheit:** |
| | Kan skje ved alle større verksemder, samt offentlege etatar i heile kommunen. |

| | |
|---|---|
| *4.3.1.2* | *PLIVO (pågåande livstruande vald)* |
| | **Hending:** |
| | *Pågåande livstruande vald/trussel ved ei lokal verksemd/eining eller i familiær situasjon.* |
| | **Sannsyn:** |
| | Ei hending pr 10 – 100 år |
| | **Sårbarheit:** |
| | Kritisk. Nøkkelpersonar i den kommunale drifta kan verta sett ut av spel, eller einskildpersonar/ familimedlemmer. |

| | |
|---|---|
| | Konsekvens: |
| | Kritisk. (Inntil 3 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde) |
| | Etablerte barrierar (tiltak): |
| | Nasjonal prosedyre og lokal handlingsplan for vald i nære relasjonar. |
| | Behov for befolkningsvarsling: |
| | Nei |
| | Usikkerheit: |
| | Liten grad av erfaring. Nasjonal prosedyre for handtering. Behov for øving. |
| | Styrbarheit: |
| | Liten grad av forebyggjande styrbarheit. Normal styrbarheit på konsekvensreduserande tiltak ved hending. |
| | Overførbarheit: |
| | Nei |

| 4.3.2 - Digitale rom | |
|---|---|
| *4.3.2.1* | *Utanforståande som fysisk kjem på innsida av brannmuren vår* |
| | Hending: |
| | På ein travel dag forlet ein tilsett på kommunehuset kontoret sitt utan å logga seg av datamaskina. Ein «uidentifisert» person som står og les på eit høyringsdokument i resepsjonen, går inn på kontoret og hackar seg på maskina. |
| | Sannsyn: |
| | Sannsynleg (Ei hending pr 10 – 100 år) |
| | Sårbarheit: |
| | Alvorleg. Utanforståande kan få tilgang til sensitiv informasjon |
| | Konsekvens: |
| | Alvorleg (Skadar mellom 500 000 – 5 mill) |

| | |
|---|---|
| | **Etablerte barrierar (tiltak):** |
| | Passord |
| | **Behov for befolkningsvarsling:** |
| | Nei |
| | **Usikkerheit:** |
| | Liten røynsle med slike hendingar. Normal grad av kjennskap til handtering. |
| | **Styrbarheit:** |
| | Stor grad av styrbarheit i forhold til førebyggjande tiltak. Liten grad av mogelegheit til avgrensande tiltak ved hending |
| | **Overførbarheit:** |
| | Ja |

# 6. Vedlegg 3 - Vurderinga av kartlagt risiko opp mot beslutta akseptkriteriar

## 4.1 Naturskapte hendingar

### 4.1.1 - Ekstremvær

#### 4.1.1.1 *Storm og orkan*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 4 | 3 | 12 | RAUD |

#### 4.1.1.2 *Ekstremnedbør*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 3 | 9 | GUL |

#### 4.1.1.3 *Lange turkeperiodar*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 4 | 2 | 8 | GUL |

#### 4.1.1.4 *Høg vasstand /stormflo*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 3 | 9 | GUL |

### 4.1.2 - Flaum

#### 4.1.2.1

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 2 | 3 | 6 | GUL |

## 4.1.3 - Skred

### 4.1.3.1 Steinsprang

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 3 | 9 | GUL |

### 4.1.3.2 Snøskred/sørpeskred

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 4 | 4 | 16 | RAUD |

## 4.1.4 - Epidemi

### 4.1.4.1 Epidemi

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 4 | 12 | RAUD |

### 4.1.4.2 Pandemi

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 4 | 12 | RAUD |

## 4.1.5 - Brann i skog og utmark

### 4.1.5.1 Skogbrann

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 4 | 12 | RAUD |

### 4.1.5.2 Brann i gras og kratt

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 3 | 9 | GUL |



## 4.2 Store ulukker

### 4.2.1 - Veg

#### 4.2.1.1 Større trafikkulukker

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 5 | 15 | RAUD |

#### 4.2.1.2 Tunellulukke med mange involverte

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 5 | 15 | RAUD |

#### 4.2.1.3 Trafikkulukke med farleg gods

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 4 | 12 | RAUD |

#### 4.2.1.4 Fergetrafikk på E–39 (Pulsbelastning)

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 4 | 5 | 20 | RAUD |

## 4.2.2 - Sjø

### 4.2.2.1 Tankskipulukke / større akutt forureining på sjø

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 2 | 5 | 10 | RAUD |

### 4.2.2.2 Ferjeulukke

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 4 | 12 | RAUD |

### 4.2.2.3 Småbåtulukke

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 4 | 4 | 16 | RAUD |

## 4.2.3 - Næringsverksemd / industri

### 4.2.3.1 Forureining frå diesellager (Entreprenørar / bønder)

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 2 | 3 | 6 | GUL |

### 4.2.3.2 Utslepp av farlege stoff / gassar

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 2 | 2 | 4 | GRØN |

### 4.2.3.3 Rømming av fisk frå oppdrettsanlegg

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 4 | 2 | 8 | GUL |

### 4.2.3.4 Brann / eksplosjon i farlege gassar

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 2 | 4 | 8 | GUL |

| 4.2.3.5 | *Trafoeksplosjon* | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
| | 2 | 4 | 8 | GUL |

| 4.2.4 - Andre hendingar | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 4.2.4.1 | *Brann på sjukeheimen* | | | |
| | Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
| | 2 | 4 | 8 | GUL |
| 4.2.4.2 | *Brann i omsorgsbustader* | | | |
| | Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
| | 4 | 4 | 16 | RØD |
| 4.2.4.3 | *Storbrann ved større verksemder* | | | |
| | Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
| | 2 | 5 | 10 | RØD |
| 4.2.4.4 | *Hendingar i nabokommunar som kan få konsekvensar i Masfjorden* | | | |
| | Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
| | 2 | 4 | 8 | GUL |
| 4.2.4.5 | *Dammbrot* | | | |
| | Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
| | 2 | 4 | 8 | GUL |
| 4.2.4.6 | *Kollaps / totalhavari av store bygningar* | | | |
| | Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
| | 1 | 3 | 3 | GRØN |
| 4.2.4.7 | *Langvarig bortfall av energiforsyning* | | | |
| | Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
| | 3 | 4 | 12 | RAUD |

#### 4.2.4.8 *Langvarig bortfall av telefoni / IKT*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 5 | 15 | RAUD |

#### 4.2.4.9 *Langvarig bortfall av drikkevassforsyning grunna leidningsbrot*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 4 | 12 | RAUD |

#### 4.2.5.0 *Akutt forureining av drikkevasskjelde*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 2 | 4 | 8 | GUL |

#### 4.2.5.1 *Brann på campingplass*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 4 | 12 | RAUD |

## 4.3 Tilsikta hendingar

### 4.3.1 - Kriminelle handlingar

#### 4.3.1.1 *Utru tenar*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 2 | 6 | GUL |

#### 4.3.1.2 *PLIVO (Pågåande livstruande vald*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 4 | 12 | RAUD |

### 4.3.2 - Digitale rom

#### 4.3.2.1 *Utanforståane som fysisk kjem på innsida av brannmuren vår*

| Sannsyn | Konsekvens | Faktor | Farge |
|---|---|---|---|
| 3 | 3 | 9 | GUL |

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Frode Vee-Haugen | FA - U63 | 15/783 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 114/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 087/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Sandneskafeen**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Sandneskafeen ved løyvehavar Sigmund Holmaas, Austfjordvegen 2727, 5981 Masfjordnes.
2. Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden
3. Åsmund Kvinge, 5981 vert godkjend som styrar for skjenkeløyvet.
4. Serverings- og skjenkestaden får fritak for krav om avløysar(stedfortreder).
5. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i gnr. 30, bnr. 23:
   - Hovudlokale 1. etasje ca. 80 m2.
   - Uteområdet ca. 100 m2 med i inngjerda og skjerma hage.
   Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
6. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:
   Som alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
   Det er eit vilkår at det vert matservering i både pubdel og kafeteriadel av lokalet.
7. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing.
8. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
9. Det er ein føresetnad at verksemda vert registrert hjå Mattilsynet region Hordaland og Sogn og fjordane snarast og innan 10. november 2015.

**<u>Heimel</u>**
Serveringslova med forskrifter og alkohollova med forskrifter.

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**
Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen har tilbakeført verksemda til Sandneskafeen AS og søker om nytt serveringsløyve og alminneleg skjenkeløyve i samband med eigarskifte.

Eksisterande løyveperiode for alle skjenkestader gjeld fram til 31.03.2016.

**Uttale**

Skatteoppkrevjaren har i brev datert 08.10.15 gjeve slik uttale:

«Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til at Sandneskafeen AS får serverings- og skjenkeløyve.»

Lensmannen har i brev datert 06.10.15 gjeve slik uttale:

«Lensmannen har ikkje merknader, jfr. alkohollova§ 1-7b og serveringslova § 6, til nokon av dei ansvarlege som er opplyst om i dykkar brev m/vedlegg.»

Sosialtenesta har i brev datert 12.10.15 gjeve slik uttale:

«NAV Masfjorden viser til alkoholpolitisk handlingsplan for Masfjorden kommune i perioden 2012-2016. Målsettinga i planen punkt ein står det:

Planen har som målsetjing å avgrensa dei skader som alkoholforbruk kan innebera for samfunnet og enkeltindivid i Masfjorden kommune, redusera alkoholforbruket i tråd med nasjonal målsetjing".

Ut frå dette kan NAV Masfjorden ikkje tilrå skjenkeløyve ved Sandneskafeen. Vi kan tilrå serveringsløyve.»

**Fakta**
Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen har pr. 24.08.2015 tilbakeført verksemda til Sandneskafeen AS v/Sigmund Holmaas. I samband med eigarskifte søker Sandneskafeen AS om nytt serveringsløyve og skjenkeløyve slik serveringslova og alkohollova føreskriv.

Søknaden gjeld for alkoholkonsum under 22 %, dvs. gruppe 1 og 2.

Aldersgrensa 18 år skal gjelde frå kl. 23.00 - 02.00. Utanom denne tida skal det vera ein kafé som alle skal kunne bruke.

Skatteattest er motteken for søkjar. Opplysingar om skjenkestaden og teikningar blir ettersendt via post.

Opningstidene er sett opp slik:

kl. 11.00 - kl. 01.30 på alle dagar unnateke fredag og laurdag.

kl. 11.00 - kl. 02.30 på fredagar og laurdagar.

Det er søkt om skjenketid både inne og ute frå kl. 13.00 til kl. 02.00 alle dagar

Både innandørs og utandørs servering er ført opp med 70 sitteplassar, medan innearealet er ført opp med 80 kvm så er utearealet ført opp med 100 kvm.  Adresse: Austfjordvegen 2727, 5981 Masfjordnes.

Lokaliteten er tenkt brukt som restaurant. Vakthold vert vurdert etter behov.

I søknaden er Åsmund Kvinge, 5981 Masfjordnes er sett opp som dagleg leiar og styrar for verksemda. Dei søker om unntak frå avløysar. I e-post datert 30.09.2015 er dette korrigert slik at Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes skal vera dagleg leiar for serveringsløyve medan Åsmund Kvinge står som styrar for skjenkeløyvet.

Dagleg leiar for serveringsverksemda har etablererprøven og kunnskapsprøven, medan styrar for skjenkeløyvet har kunnskapsprøven i alkohollova.

Verksemda er førebels ikkje registrert hjå Mattilsynet. Det er lagt fram godkjend skatteattest verksemda.

Område for eksisterande serveringsløyve og skjenkeløyve:
Sandneskafeen overtek lokala til Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen

- Hovudlokale i 1. etasje inngang frå/til hovudlokale og uteområde med inngjerda og skjerma hage. Inngang frå/til hovudlokale.

Alle skjenkestader i kommunen har skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl. 13.00 – kl. 01.00. Johansens servering og catering frekk tildelt utvida skjenkeløyve til kl. 02.00 pr. 19.02.2015.
Fjellstovedrift har brennevinsløyve frå kl. 13.00 – kl. 24.00.

**Vurdering**
Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for dei skjenkestadene som har løyve. Erfaringane med dei etablerte løyva så langt har vore gode.

Sandneskafeen må også ha nytt serveringsløyve sidan dette vart overdrege til Johansens servering og catering september 2014.

Alkoholpolitisk handlingsplan er vedteken av kommunestyret for perioden2012 - 2016. I denne står det at skjenketidene for alkoholgruppe 1 og 2(under 22%) skal vera frå kl. 13.00 – 01.00, jf. alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 5. Viss ein skal gje alminneleg skjenkeløyve ut over denne perioden så må også alkoholpolitisk handlingsplan reviderast. Det er naturleg at dette vert gjort for den neste kommunestyreperioden når nytt kommunestyre er konstituert.

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader har stått sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra. Viss ein skal endre skjenketidene midt i perioden, så vil dette også få konsekvensar for dei andre skjenkestadene. Difor vil rådmannen halde fast ved at skjenketidene vert oppretthalde for den eksisterande perioden, men vurdert på nytt i samband med oppattnying av skjenkeløyva for alle skjenkestadene. Målsettinga for planen pkt. 1 bør vere førande i dette tilfellet jf. uttalen frå sosialtenesta.

Det skal sterke grunnar for å ha vesentleg ulike opningstider mellom skjenkestadene eller aldersgrense for nokon men ikkje for andre. Argumentasjonen for at nokre av skjenkestadane er
meir opphaldsstader for barn og ungdom enn andre må også vera sterk. Både barnehage og

skule ligg eit godt stykke unna dei fleste skjenkestadene

**Konklusjon**
Sandneskafeen ved Sigmund Holmaas får serveringsløyve og skjenkeløyve.
Anita Tepstad vert godkjend som dagleg leiar av serveringsstaden medan Åsmund Kvinge vert godkjend som styrar for skjenkeløyvet. Det vert gjeve fritak for avløysar slik det er søkt om.

Det vert også gjeve skjenkeløyve for øl og vin frå kl. 13.00 til 01.00 alle dagar. Det vert lov til uteskjenking i inngjerda område avgrensa til 70 sitteplassar.

Det vert gjeve utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Løyvet gjeld for perioden fram til 31.03.20.

**Formannskapet - 114/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Endringsframlegg frå Krf,**
Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve for Sandneskafeen, kun serveringsløyve.

**Endringsframlegg V,**
Det foreslås å endre tidspunktet i pkt 5 fra kl 01.00 til 02.00
**Røysting:**

Nytt serveringsløyve vart teke stilling til først – samrøystes tilrådd frå formannskapet

Endringsframlegget frå Krf vart røysta opp i mot framlegg til venstre, 4 for venstre sitt framlegg, og 1 for Krf sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**
1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Sandneskafeen ved løyvehavar Sigmund Holmaas, Austfjordvegen 2727, 5981 Masfjordnes.
2. Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden
3. Åsmund Kvinge, 5981 vert godkjend som styrar for skjenkeløyvet.
4. Serverings- og skjenkestaden får fritak for krav om avløysar(stedfortreder).
5. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i gnr. 30, bnr. 23:
   - Hovudlokale 1. etasje ca. 80 m2.
   - Uteområdet ca. 100 m2 med i inngjerda og skjerma hage.
   Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:

Som alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
Det er eit vilkår at det vert matservering i både pubdel og kafeteriadel av lokalet.

7. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing.
8. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
9. Det er ein føresetnad at verksemda vert registrert hjå Mattilsynet region Hordaland og Sogn og fjordane snarast og innan 10. november 2015.

**Heimel**
Serveringslova med forskrifter og alkohollova med forskrifter.

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Sveinung Toft | FE - 033 | 15/482 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 115/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 088/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |
| 011/2015 | Teknisk utval | PS | 20.10.2015 |

**Teknisk utval - tilbakemelding frå evalueringsgruppa**

32T

Evaluering av teknisk utval i Masfjorden

Teknisk utval - evaluering

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Saka vert lagt fram for drøfting i formannskapet.**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn og fakta:**

Det vert vist til sak 054/2015 som var til handsaming i kommunestyret den 18.06.2015. Heile saka er vist i vedlegget. I møtet vedtok kommunestyret å oppnemne ei evalueringsgruppe med Frode Langhelle, Bjørn Egil Nordland og Vigdis Søvik som leiar.

Gruppa v/ leiar har no sendt over dokumentet «Evaluering av teknisk utval i Masfjorden – 21.09.2015», med ulike vurderingar knytt til teknisk utval sitt arbeid og framtid, og kjem til slutt fram med følgjande tilråding:

**Tilråding:**

**Teknisk utval bør oppretthaldast også i neste kommunestyreperiode 2015 – 2019 med følgjande endringar og fornying:**

- **Private reguleringsplanar bør overførast til formannskapet.**
- **Høyringssaker knytt til miljø, tekniske saker og landbruk må gå til Teknisk utval.**
- **Møtene må formaliserast meir med faste møter, og TU må gjerast meir kjent for innbyggjarane.**
- **TU bør få nytt namn: <u>Utval for teknisk, miljø og landbruk.</u>**
- **Eige fast sekretariat til TU og arbeidet rundt møteinnkallinga må formaliserast**

**meir med kontaktmøte mellom leiar og administrasjon.**

**Vurdering:**

Rådmannen legg saka fram for formannskapet til vidare handsaming inn mot kommunestyret, som må ta endeleg avgjerd i saker som handlar om politisk styringsstruktur og delegering av oppgåver frå kommunestyret.

Heimelen for kommunestyret til å opprette faste utval og komitear finn ein i Kommunelova §10**.** *Faste utvalg. Komiteer.* Her går det fram at kommunestyret står fritt til å oppretta og nedlegga komitear etter eige skjøn. Dette er også innarbeidd i reglement for Masfjorden kommunestyre. Vert tilrådinga følgt må ein også revidera delegeringsreglementet som sist vart vedteke i kommunestyret den av 30.10.2012, sak 98/12.

**Formannskapet - 115/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.
Krf ønskte at saka vart handsama etter at ein var kjent med tilrådinga og innspel frå teknisk utval sjølv – evt. seinare i møte. Saka vart utsett og tatt opp seinare i møte.
Saka og utsettingsframlegg vart drøfta. Formannskapet forskyvde saka i møte, i påvente av vedtak frå teknisk utval (TU) som hadde møte same dag.
Vedtaket (TU) førelåg ikkje i det saka skulle handsamast i formannskapet, og saka gjekk til Kommunestyret utan innstilling frå formannskapet.

**FS - vedtak:**
Saka vart sendt direkte til Kommunestyret utan uttale/tilråding frå formannskapet

**Teknisk utval - 011/2015**

**TU - behandling:**
Fungerande tekniksjef orienterte om saka.

Saka vart drøfta og teknisk utval tilrår følgjande framlegg til vedtak:

**Teknisk utval bør oppretthaldast også i neste kommunestyreperiode 2015 – 2019 med følgjande endringar og fornying:**
**- Private reguleringsplanar skal vidareførast.**
**- Høyringssaker knytt til miljø, tekniske saker og landbruk må gå til Teknisk utval. TU bør få nytt namn: Utval for teknisk, miljø og landbruk.**
**-Utvalet må ha ein fleksibel møtefrekvens så dei kan handsama sakene når dei er klar**

**for handsaming.**

**TU må gjerast meir kjent for innbyggjarane.**

**Jamfør målsetjing med å betra den demokratiske prosessen.**

**TU - vedtak:**

**Teknisk utval bør oppretthaldast også i neste kommunestyreperiode 2015 – 2019 med følgjande endringar og fornying:**
**- Private reguleringsplanar skal vidareførast.**

**- Høyringssaker knytt til miljø, tekniske saker og landbruk må gå til Teknisk utval. TU bør få nytt namn: Utval for teknisk, miljø og landbruk.**

**-Utvalet må ha ein fleksibel møtefrekvens så dei kan handsama sakene når dei er klar for handsaming.**

**TU må gjerast meir kjent for innbyggjarane.**

**Jamfør målsetjing med å betra den demokratiske prosessen.**

# Evaluering av teknisk utval i Masfjorden - 21.09.2015

**Bakgrunn:** Kommunestyret vedtok i møte den 18.juni 2015 å oppretta eit utval for å evaluera arbeidet til teknisk utval(TU). Følgjande personar vart vald: Vigdis Søvik (leiar), Frode Langhelle og Bjørn Egil Nordland.

Utvalet har hatt to møter, den 23. juni og 26. august, og hadde i det første møtet også leiar i TU, John Torsvik med på drøftingane. I tillegg har assisterande rådmann Sveinung Toft delteke frå administrasjonen som skrivar og tilretteleggjar.

Utvalet har drøfta fordeler og ulemper med å ha eit eige teknisk utval. Semje om at utvalet har fungert, men at det har vore få saker. Litt uklare retningsliner, har få verktøy, ikkje noko budsjett. Det vert vist til vedlagde notat nedunder av 23.06.2015 med oversikt over typer og tal saker som har vore i teknisk utval:

## *«Oversikt saker i teknisk utval perioden 05.02.2013 til 27.05.2015*

| *Møtetidspunkt* | *Tal konkrete saker* | *Type saker* | *Merknad* | *Oppmøte* |
|---|---|---|---|---|
| *05.02.2013* | *2* | | *Første møtet, ei byggjesak og drøftingsak* | *5 politisk, 4 adm* |
| *10.06.2013* | *4* | *2 viltsaker, 2 private planar* | | *5 politisk, 4 adm* |
| *15.10.2013* | *6* | *-To private planar<br>-4 byggjesaker (klagesaker)* | | *5 politisk, 2 adm* |
| *13.03.2014* | *4* | *To byggjesaker, ei viltsak, sak om vegar* | | *5 politisk, 2 adm* |
| *18.06.2014* | *3* | *Ei viltsak, ei byggjesak, ein privat plan* | | *3 politisk, 3 adm* |
| *28.08.2014* | *1* | *Privat plansak* | *Synfaring båt* | *4 politisk, 1 adm* |
| *25.11.2014* | *1* | *Privat plansak* | | *5 politisk, 1 adm* |
| *27.05.2015* | *1* | *1 viltsak* | *Orientering plansak* | *5 politisk, 3 adm* |

***Litt om ressursbruk knytt til møtene:***

*Frå administrasjonen har vanlegvis ein eller to frå Teknisk, miljø og landbruk møtt, samt assisterande rådmann. Møtene har vanlegvis starta opp klokka 16.00, to møter starta opp klokka 14:00.*

*Tidsbruken ligg på rundt 2 - 2,5 timar per møte i snitt.*

***Kostnader (stipulerte):***

*Kostnaden per møte er krone 500,- i møtegodgjering X 4 medlemmer, pluss legitimerte køyreutgifter. Det betyr ca 2500,- per møte. Leiar får krone 625,- per månad i fast godgjering. = 7500,- i året. I tillegg kjem dei administrative kostnadane knytt til innkalling, føring og utsending av møtebok og organisering og deltaking på møtene m.v. Rundt rekna kan kostnadane stipulerast til rundt 30.000,- eit vanleg år.*

***Administrative vurderingar:***

*For administrasjonen medfører det ekstraarbeid å ha eit teknisk utval i tillegg til andre politiske utval. Mesteparten av arbeidet ligg i å planleggja og laga til møteinnkallinga, samt avhalde møtet på ettermiddagstid, og få på plass møtebok med utsending av vedtak til slutt. Dei politiske sidene vil administrasjonen ikkje ha noko meining om.»*

**Vurderingar:** Evalueringsutvalet meiner at både dei administrative kostnadane og kostnadane til møtegodgjering m.v. har vore heller låge, og at desse difor ikkje kan vektleggjast tungt som grunn for å leggja ned TU. Utvalet meiner at mykje kommunalt arbeid handlar om å følgja opp godkjente planar, og at her er det administrasjonen som har hovudansvaret.

Utvalet har stilt spørsmål om kor aktiv teknisk utval har vore til å ta initiativ til å løfta opp nye saker. Teknisk utval kunne t.d. bede om å få gjennomført fleire administrative utgreiingar, både for å få sett nærmare på saksfelt og for å få vurdert nærmare kostnader og konsekvensar.

Utvalet har i sitt arbeid teke utgangspunkt i saka i kommunestyret i 2012 om oppretting av teknisk utva,l og spesielt drøfta målsettinga som her vart definert i kulepunkt 2.

**Kulepunkt 2:**

- **Målsettinga til kommunestyret er å betra den demokratiske prosessen gjennom:**
- **Å arbeida for betre likebehandling**
- **Klarare retningslinjer og raskare avgjerder**
- **Fokusering på brukarane av tenestene**
- **Få eit meiningsfullt og engasjerande arbeidsområde for dei folkevalde**

Utvalet meiner at aminiistrasjonen i stor grad på eiga hand har klart å oppnå dei tre første målsettingane:

- Likebehandling
- Raske avgjerder
- Fokus på brukarane

Om teknisk utval har oppnådd målet med å gje eit meiningsfullt og engasjerande arbeidsområde for dei folkevalde er utvalet ikkje heilt sikker på. Utvalet meiner det framleis er viktig å oppretthalda det politiske engasjementet i kommunen. Spørsmålet er etter utvalet si vurdering om TU er det rette instrumentet. Behovet for å ha eit TU inn i neste 4 års-periode kan difor diskuterast, mellom anna fordi det har vore for få saker i høve til ønskjet om å oppretthalda eit høgt politisk engasjement.

Det vart difor drøfta om offentlege planar og andre saker burde vore lagt under teknisk utval i staden for formannskapet. Utvalet meiner det vil vera både fordeler og ulemper med det, men meiner at i mange saker er det viktig å sikra gjennomføringskraft vidare for kommunen, og då er det viktig at formannskapet har eigarskap til plansakene.

Utvalet har drøfta kva andre saksfelt ein bør ha meir fokus på i Masfjorden kommune, og meiner at spesielt landbruksnæringa og landbruksaker, miljø bør få meir fokus.

**Konklusjon:**



Evalueringsutvalet meiner at teknisk utval har gjort ein god jobb, men at rammene/ fullmaktene for TU har vore avgrensande for innhaldet og graden av engasjement.

Utvalet meiner at fleire faktorar knytt til TU sitt arbeid har vore avgrensande for arbeidet, og at det har vore utfordringar knytt til kapasitet og kompetanse i administrasjonen, samt avgrensa tid til å planleggja og utvikla innhaldet i møtene til TU.

Utvalet drøfta behovet for å få opp det politiske engasjementet og meir nærleik knytt til landbruk- og miljøsaker, og meiner at rolleavklaringa mellom TU og formannskapet burde vore klarare. Mange høyringssaker innanfor miljø, t.d. forureiningssaker, energisaker og vassdragsaker har gått direkte til formannskapet. Ein av grunnane til det skuldast korte høyringsfristar, og at det difor ikkje vert tid til å ha eigne møter i TU i slike saker.

Vidare meiner utvalet at alt planarbeidet bør liggja til ein stad, og at det er føremålsteneleg at formannskapet får ansvar for private reguleringsplanar også. Dette for å kunna sjå private planar opp mot overordna planar betre, men og for å sikra økonomisk og politisk gjennomslagskraft når planar er vedtekne. Det er mellom anna formannskapet som vil ha hand om utbyggingsavtalar, og som ivaretek det politiske ansvaret på dette området i høve noverande styringsstruktur.

Utvalet drøfta til slutt om kva konklusjon ein skulle ha om TU si framtid. Her kom det ulike synspunkt, frå nedlegging til ei forlenging i 4 nye år med litt andre rammer for arbeidet. Ønskjet om meir politisk engasjement innanfor teknisk, miljø og landbruk gjorde til slutt at utvalet kom fram til følgjande tilråding:

**Tilråding:**

**Teknisk utval bør opprethaldast også i neste kommunestyreperiode 2015 – 2019 med følgjande endringar og fornying:**

- **Private reguleringsplanar bør overførast til formannskapet.**
- **Høyringssaker knytt til miljø, tekniske saker og landbruk må gå til Teknisk utval.**
- **Møtene må formaliserast meir med faste møter, og TU må gjerast meir kjent for innbyggjarane.**
- **TU bør få nytt namn: <u>Utval for teknisk, miljø og landbruk.</u>**
- **Eige fast sekretariat til TU og arbeidet rundt møteinnkallinga må formaliserast meir med kontaktmøte mellom leiar og administrasjon.**

Vigdis Søvik

| | | |
|---|---|---|
| **Vigdis Søvik** | **Frode Langhelle (s)** | **Bjørn Egil Nordland (s)** |
| **leiar** | **medlem** | **medlem** |

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Sveinung Toft | FE - 033 | 15/482 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 074/2015 | Formannskapet | PS | 09.06.2015 |
| 054/2015 | Kommunestyret | PS | 18.06.2015 |

**Teknisk utval - evaluering**

**Vedlegg:**

KS sak 076 12 Ny

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Saka vert lagt fram til drøfting i formannskapet**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn og fakta:**

Kommunestyret oppretta teknisk utval i møte den 13.09.2012, sak 076/12, sjå vedlegg.
I kommunestyret vart då følgjande vedtak gjort:

**Kulepunkt 1:**

- **Masfjorden kommunestyre opprettar Utval for Teknisk, Miljø, Landbruk og Utvikling. (TMLU eller Teknisk utval). Utvalet får ansvar for bygge- og delesaker, private reguleringsplanar, landbrukssaker, herunder konsesjonssaker, saker etter matrikkellova, miljø og forureiningssaker, saker som høyrer inn under tema vilt og fisk og delegerte saker som er heimla i Plan- og bygningslova.**

  **Øvrige plansaker høyrer inn under formannskapet sitt virkeområde. Formannskapet er også klageinstans på vedtak fatta av TU.**

  **Utvalet rapporterer gjennom møtebok til formannskapet.**

  **Formannskapet og kommunestyret kan tildela saker til utvalet.**

  **Utvalet vert oppretta med verknad frå 01.11.2012. Utvalet har 5 medlemmer**

**med varamedlemmer. Delegering til utvalet, herunder fullmakter må vedtakast av kommunestyret i samband med delegeringsreglementet/val av medlemer til utvalet.**

**Utvalet vert evaluert etter eit år og ved utgangen av valperioden.**

**Kulepunkt 2:**

- **Målsettinga til kommunestyret er å betra den demokratiske prosessen gjennom:**
  - **Å arbeida for betre likebehandling**
  - **Klarare retningslinjer og raskare avgjerder**
  - **Fokusering på brukarane av tenestene**
  - **Få eit meiningsfullt og engasjerande arbeidsområde for dei folkevalde**

Dette utvalet vart i kommunestyret den 30.10.2012 sett med 5 medlemmer valt av kommunestyret med følgjande medlemmer og varamedlemmer :

## TEKNISK UTVAL:

| Parti | Medlemmer | Parti | Varamedlemmer i rekkefylgje: |
|---|---|---|---|
| H | John T. Torsvik, leiar | V | Tove Kristin Sleire Tistel |
| KrF | Lillian Andvik | H | Wenke Ekren |
| Frp | Willy Borge | Ap | Britt Inger M. Hope |
| Ap | Ragnvald Tangedal, nestleiar | Frp | Ørjan Daae |
| Sp | Geir Egil Haugsvær | H | Kjetil Fjellby |

**Leiar:** **John Torsvik**

**Nestleiar:** **Ragnvald Tangedal**

Målsettinga med utvalet vart definert slik:

*«Hensikta med dette utvalet er å betra den demokratiske prosessen, gjennom betre likebehandling, klårare retningslinjer, bevisstgjering, og samstundes få eit utval som har eit «mindre» og meir spissa arbeidsområde enn kva formannskapet i dag har. Dersom dette forslaget blir vedtatt, er det ein naturlig prosess og be administrasjonen utarbeide forslag til endring av delegeringsforskrifta»*

Heimelen for kommunestyret til å opprette faste utval og komitear finn ein i Kommunelova § 10**.** *Faste utvalg. Komiteer.* Her går det fram at kommunestyret står fritt til å opprette og nedlegge komitear etter eige skjønn. Dette er også innarbeidd i reglement for Masfjorden kommunestyre.

## Vurdering:

Denne saka handlar om Teknisk utval skulle vore evaluert etter eit år og ved utgangen av

valperioden. Det siste er no aktuelt, og difor vert saka no lagt fram for vidare handsaming.

Teknisk utval vart vedteke oppretta av kommunestyret etter ein politisk prosess. Styringsreglementet i ein kommune er ei politisk oppgåve å definere. Rådmannen ønskjer difor ikkje å leggja føringar for korleis evalueringa av teknisk utval skal skje, eller kven som bør gjera dette arbeidet. Rådmannen meiner likevel at det kan vera viktig at administrasjonen vert rådført, før endeleg vedtak vert fatta, då for å sikre at saka er skikkeleg opplyst.

Ei evaluering kan medføra fleire ulike vegval, som til dømes:

1. Vidareføring av eit teknisk utval med noverande mandat og struktur
2. Vidareføring av eit teknisk utval med endra mandat og struktur
3. Nedlegging av teknisk utval, der oppgåvene går over til formannskapet.

For å koma i gang med evalueringa meiner rådmannen at det må veljast ei mindre gruppe med representantar frå kommunestyret med fullmakt til å gjera ei evaluering innan 25.august. Då kan arbeidet leggjast fram for det siste kommunestyremøtet i denne perioden, og det noverande kommunestyret får då høve til å vedta ny eller å endra styringsreglementet før konstitueringa skal byrja å skje.

Saka vert med dette lagt fram til drøfting i formannskapet.

**Formannskapet - 074/2015**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet la fram følgjande framlegg til vedtak:

Det vert sett ned ei evalueringsgruppe beståande av Øystein Strand, Bjørn Egil Nordland og Vigdis Søvik som legg fram evaluering av utvalet innan 25. august.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vert samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**
**Det vert sett ned ei evalueringsgruppe beståande av Øystein Strand, Bjørn Egil**

**Nordland og Vigdis Søvik som legg fram evaluering av utvalet innan 25. august.**

**Kommunestyret - 054/2015**

**KS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Kommunestyret la fram framlegg til endring av vedtaket til formannskapet:

Øystein Strand går ut og Frode Langhelle kjem inn i evaluereingsgruppa. Vigdis Søvik er leiar av gruppa.

**Røysting:**

Framlegg til formannskapet med endring frå kommunestyret vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**
**Det vert sett ned ei evalueringsgruppe beståande av Frode Langhelle, Bjørn Egil Nordland og Vigdis Søvik som legg fram evaluering av utvalet innan 25. august. Vigdis Søvik er leiar av gruppa.**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Svein Helge Hofslundsengen | FE - 210, TI - &14 | 15/841 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 124/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 089/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Finansrapportering pr. 2.tertial 2015**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Finansrapportering pr. 2.tertial 2015 vert teken til vitring**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Økonomireglement kap. 19.8, rapportering og kontroll

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga. Rådmannen rapporter minst to gonger årleg til kommunestyret.

Rapporten skal innehalda:

1. Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
2. Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
3. Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
4. Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvenser rådmannen trekkjer av dette.

**Vurdering**

Avkastning av plasseringane pr. 2.tertial er samla sett veldig gode, dette til tross for negativ korrigering juli/august, og sjølvsagt risiko for ytterlegare reduksjonar utover året.

Renta er låg, og vil nok halde seg på eit rekordlågt nivå ut året, noko som vil ha konsekvensar både for renteinntektene og renteutgiftene, men samla sett positivt.

Langsiktig gjeld pr. inngangen til 2015 låg på knappe 42.000 pr. innbyggjar, og ein

del under landsgjennomsnittet som låg på kr. 54.588 ved utgangen av 2014. Over tid har utviklinga gått frå at Masfjorden hadde høgast lånegjeld pr. innbyggjar i Hordaland til nosituasjonen godt under snittet. Høg gjeld reduserer handlingsrommet til kommunen, og eit sentralt måltal er langsiktig gjeld (lån og pensjonsforpliktinga) sett i forhold til driftsinntektene, og kor Masfjorden hadde eit forholdstal på 165,4%, mot landsgjennomsnittet på 213,6% i 2014. Gjennomsnittskommunen har såleis gjeld som er meir enn dobbel så høg som dei årlege driftsinntektene. Låge rentekostnader fører til at mange kommunar låner kort, noko som kan gje refinansieringsrisiko. Masfjorden har all langsiktig gjeld med langsiktig horisont. Låneporteføljen er fordelt med ca. 95% flytande og 5% fastrente.

**Fakta**
Langsiktig gjeld; Kommunen har hittil teke opp 0,5 mill.kr. i startlån, og held på å ta opp auka startlånsramme 2015 med 2 mill.kr., slik at samla aukar ein lånegjelda i 2015 med 2,5 mill.kr. knytt til startlån. Kommunen har førebels ikkje føreteke låneopptak i 2015 til investeringsføremål, og status LG eksterne lån utgjer kr. 68,4 mill.kr. pr. 2.tertial 2015, men forventa å nærme seg 73 mill.kr. ved utgangen av året.

Viser elles til rekneskapen 2014, og note 10 er uendra når det gjeld lånetype og låneinstitusjon, rentekostnaden er litt lågare enn budsjettert. Prognose framover er framleis låg rente.

Ledig kortsiktig likviditet er plassert i bank med rente tilsvarande 3 mnd. NIBOR + 0,2%.




Rentenivå pr. okt.´15 tilseier såleis ei rente på 1,32% renta har vore låg i heile år, og

Norges bank har sett ned styringsrenta 2 gonger i år, og styringsrenta ligg på 0,75% og det er forventa låg rente lang tid framover.

Anna ledig likviditet og plassering av langsiktig finansiell aktiva har samla sett hatt ein god avkastning hittil i 2015, og langt over ordinær bankavkastning, og utgjer samla over 4,3%. To av plasseringane som er knytt til aksjefond har hatt større avkastning, men og større risiko. Eine aksjefondet har negativ avkastning.

Ramme for plasseringa; jf. økonomireglementet pkt. 19.6.c)

**c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva**
Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskot, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
- Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 15 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 15 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
- Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.

Avkastning av ledig likviditet og plassering av langsiktig finansiell aktiva utover bankinnskot;
Finansplasseringane viser god avkastning 1.halvår (+ nær 1,5mill.kr.), korrigering/nedgang juli/aug., slik at avkastning pr. 31.8. ligg på + 800.000,- og 4,4% av plassert kapital.

| | 01.01.2015 | 2015 | | |
|---|---|---|---|---|
| | | Resultat | Marknadsverdi | Avkasting |
| **Dnb Obligasjon 20** | **7 033 707,28** | **67 719,83** | **7 101 427,11** | **0,963 %** |
| **Holberg Kreditt obligasjonsfo** | **1 849 053,04** | **51 910,14** | **1 900 963,18** | **2,807 %** |
| **FS Delta** | **4 269 476,63** | **288 399,34** | **4 557 875,97** | **6,755 %** |
| **Holberg Global** | **1 515 036,85** | **144 187,33** | **1 659 224,18** | **9,517 %** |
| **Holberg Rurik** | **591 331,91** | **-21 694,27** | **569 637,64** | **-3,669 %** |
| **Spv Aksje** | **4 246 892,91** | **331 650,27** | **4 578 543,18** | **7,809 %** |
| **SUM** | **19 505 498,62** | **862 172,64** | **20 367 671,26** | **4,420 %** |

**Konklusjon**
Status pr. 2.tertial tilseier at vi går mot nok eit år med gode resultat på plasseringane, men det kan skje store endringar (både positivt og negativt) på kort tid om det f.eks skulle skje vesentlege endringar i globale forhold. Rapporten gir elles eit bilde av rentesituasjonen og status langsiktig gjeld. Tilrår at orienteringa/rapporten vert teken

til vitring.

**<u>Formannskapet - 124/2015</u>**

**FS - behandling:**
Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**<u>Røysting:</u>**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**
**Finansrapportering pr. 2.tertial 2015 vert teken til vitring**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Kristian Moen | | 15/472 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 123/2015 | Formannskapet | PS | 20.10.2015 |
| 090/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

## Økonomisk rapportering 2. tertial 2015

32T

Rapport 2. tertial 2015

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Økonomisk rapportering 2. tertial vert teken til vitring.**

**Med bakgrunn i nytt pristilbod på ventilasjon Sandnes skule og andre vedtekne og oppstarta investeringsprosjekt vert investeringsbudsjettet justert som følgjer**

| REKNESKAPSSKJEMA 2A - INVESTERING | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial | Framlegg budsjett-endringar |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2014 | 2014 | 2014 | 2013 | |
| **FINANSIERINGSBEHOV** | | | | | |
| Investering i anleggsmidlar | 8 391 925 | 5 900 000 | 5 900 000 | 5 727 645 | 5 900 000 |
| Utlån og forskoteringar | 1 400 000 | 500 000 | 500 000 | 932 594 | 2 500 000 |
| Kjøp av aksjar og andelar | | 250 000 | 250 000 | | 440 000 |
| Avdrag på lån | 516 279 | | | 718 341 | |
| Dekning av tidl. Års udekka | | | | | |
| Avsetjingar | | | | | |
| **Årets finansieringsbehov** | **10 308 204** | **6 650 000** | **6 650 000** | **7 378 580** | **8 840 000** |
| **FINANSIERING** | | | | | |
| Bruk av lånemidlar | | 4 500 000 | 4 500 000 | | 6 500 000 |
| Inntekter frå sal av anleggsmidlar | 180 000 | | | | |
| Tilskot til investeringar | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | 854 632 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 079 057 | 1 000 000 |
| Mottekne avdrag på utlån og refusjonar | 360 061 | | | 539 600 | |
| Andre inntekter | | | | | |
| **Sum ekstern finansiering** | **1 394 693** | **5 500 000** | **5 500 000** | **1 618 657** | **7 500 000** |
| Overført frå driftsrekneskapen | | | | | |
| Bruk av tidl. Års udisponert | | | | | |
| Bruk av avsetjingar | | 1 150 000 | 1 150 000 | 200 000 | 1 340 000 |
| **Sum finansiering** | **1 394 693** | **6 650 000** | **6 650 000** | **1 818 657** | **8 840 000** |
| **Udekka(-)/udisponert(+)** | **-8 913 511** | **0** | **0** | **-5 559 923** | **0** |

| REKNESKAPSSKJEMA 2B - INVESTERING | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial | Framlegg budsjett-endringar |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekt;** | | | | | |
| EDB - felles | | | | 5 518 | |
| Mobilutbygging | 1 086 750 | | | | 1 100 000 |
| Barnehage Sandnes - vognskur | | | | 182 624 | |
| Barnehage Nordbygda ombyggjing skulen | 110 544 | | | | 110 000 |
| Skule Matre - Ventilasjon | 3 598 | | | 2 184 476 | |
| Skule Nordbygda | | | | 504 388 | |
| Skule Sandnes - ventilasjon | 2 469 668 | 5 900 000 | 5 900 000 | 485 344 | 2 900 000 |
| Sjukeheimen - ventilasjon | | | | 319 155 | |
| Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland | 106 484 | | | | 110 000 |
| Kommunale bygg | 384 501 | | | 632 727 | 400 000 |
| Kommunale vegar | 362 500 | | | 19 875 | 400 000 |
| Brann - utstyr og bilar | | | | 1 277 508 | |
| Vassforsyning | 29 150 | | | 116 029 | 50 000 |
| Vassforsyning - Vatn til Gulen | 256 080 | | | | |
| Matre Idrettsbane | 3 582 650 | | | | 830 000 |
| **Summering investering i anleggsmidlar** | **8 391 925** | **5 900 000** | **5 900 000** | **5 727 644** | **5 900 000** |

**Saksopplysningar:**

## Bakgrunn

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gonger pr år.

I økonomireglementet for Masfjorden kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt.

Grunnlag for vedtak er omtala i vedlegg «Økonomisk rapportering 2. tertial 2015.

**Høyring**

Taldelen av økonomirapport for 2. tertial 2015 er lagra på WebRapportar på økonomiprogrammet. Avdelingane har kommentert sine ansvarsområder der.

**Konklusjon**
Det er i rapporteringa for driftsrekneskapen ikkje kome fram vesentlege forhold som gjer grunn til å endre dei vedtekne rammene i driftsbudsjettet.

Etter endringar i investeringsprosjektet ventilasjon på Sandnes skule, har administrasjonen innhenta nytt pristilbod på prosjektet på 2,9 mill. kr. Med andre vedtekne og oppstarta prosjekt vil administrasjonen legge fram forslag til budsjettjusteringar på investeringsbudsjettet.

**Formannskapet - 123/2015**

**FS - behandling:**
Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**
**Økonomisk rapportering 2. tertial vert teken til vitring.**

**Med bakgrunn i nytt pristilbod på ventilasjon Sandnes skule og andre vedtekne og oppstarta investeringsprosjekt vert investeringsbudsjettet justert som følgjer**

## REKNESKAPSSKJEMA 2A - INVESTERING

| | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial | Framlegg budsjett-endringar |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2014 | 2014 | 2014 | 2013 | |
| **FINANSIERINGSBEHOV** | | | | | |
| Investering i anleggsmidlar | 8 391 925 | 5 900 000 | 5 900 000 | 5 727 645 | 5 900 000 |
| Utlån og forskoteringar | 1 400 000 | 500 000 | 500 000 | 932 594 | 2 500 000 |
| Kjøp av aksjar og andelar | | 250 000 | 250 000 | | 440 000 |
| Avdrag på lån | 516 279 | | | 718 341 | |
| Dekning av tidl. Års udekka | | | | | |
| Avsetjingar | | | | | |
| **Årets finansieringsbehov** | **10 308 204** | **6 650 000** | **6 650 000** | **7 378 580** | **8 840 000** |
| **FINANSIERING** | | | | | |
| Bruk av lånemidlar | | 4 500 000 | 4 500 000 | | 6 500 000 |
| Inntekter frå sal av anleggsmidlar | 180 000 | | | | |
| Tilskot til investeringar | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | 854 632 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 079 057 | 1 000 000 |
| Mottekne avdrag på utlån og refusjonar | 360 061 | | | 539 600 | |
| Andre inntekter | | | | | |
| **Sum ekstern finansiering** | **1 394 693** | **5 500 000** | **5 500 000** | **1 618 657** | **7 500 000** |
| Overført frå driftsrekneskapen | | | | | |
| Bruk av tidl. Års udisponert | | | | | |
| Bruk av avsetjingar | | 1 150 000 | 1 150 000 | 200 000 | 1 340 000 |
| **Sum finansiering** | **1 394 693** | **6 650 000** | **6 650 000** | **1 818 657** | **8 840 000** |
| **Udekka(-)/udisponert(+)** | **-8 913 511** | **0** | **0** | **-5 559 923** | **0** |

## REKNESKAPSSKJEMA 2B - INVESTERING

| | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial | Framlegg budsjett-endringar |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekt;** | | | | | |
| EDB - felles | | | | 5 518 | |
| Mobilutbygging | 1 086 750 | | | | 1 100 000 |
| Barnehage Sandnes - vognskur | | | | 182 624 | |
| Barnehage Nordbygda ombyggjing skulen | 110 544 | | | | 110 000 |
| Skule Matre - Ventilasjon | 3 598 | | | 2 184 476 | |
| Skule Nordbygda | | | | 504 388 | |
| Skule Sandnes - ventilasjon | 2 469 668 | 5 900 000 | 5 900 000 | 485 344 | 2 900 000 |
| Sjukeheimen - ventilasjon | | | | 319 155 | |
| Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland | 106 484 | | | | 110 000 |
| Kommunale bygg | 384 501 | | | 632 727 | 400 000 |
| Kommunale vegar | 362 500 | | | 19 875 | 400 000 |
| Brann - utstyr og bilar | | | | 1 277 508 | |
| Vassforsyning | 29 150 | | | 116 029 | 50 000 |
| Vassforsyning - Vatn til Gulen | 256 080 | | | | |
| Matre Idrettsbane | 3 582 650 | | | | 830 000 |
| **Summering investering i anleggsmidlar** | **8 391 925** | **5 900 000** | **5 900 000** | **5 727 644** | **5 900 000** |

Masfjorden kommune

# ØKONOMISK RAPPORTERING – 2. TERTIAL 2015

## 1. INNLEIING

Økonomirapport pr. 2. tertial 2015 syner økonomisk status pr. 31. august 2015. Rapporten bygger på ajourført rekneskap i perioden, med vesentlege utviklingstrekk og synleggjering av eventuelle endra tilhøve sett i forhold til budsjett for 2015.

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gonger pr år. I økonomireglementet for Masfjorden kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt.

Til høgre i dei tabellane som er nytta er det sett inn ei referanse (”ref.”). Denne viser til aktuelt kapittel i rapporten der dette vert omtala nærare.

I følgje ”Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning” skal administrasjonssjefen minst to gongar i året leggja fram rapporter for kommunestyret som viser status for kommunen si finansforvaltning. Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som eit del av økonomiske statusrapportar når finansforvaltninga ikkje har endra risikokarakter frå førre status.

## 2. OPPSUMMERING AV ØKONOMISK STATUS FOR 2. TERTIAL 2015

Det er i rapporteringa frå rammeområda ikkje kome fram vesentlege forhold som gir grunn til å endre dei vedtekne rammene.

Rekneskapsresultat pr 31. august 2015 er på same nivå som tilsvarande periode i 2014. Det er grunn til å halde på eit forsiktig driftsnivå i resten av året. Usikre moment i 2015 er storleiken på premieavvik, kraftinntekter og avkasting på pengeplasseringar.

| ef. kap | TABELL 1 – sentrale poster (tal i hele 1000) | Budsj -15 | Prognose 2015 | Framlegg justering |
|---|---|---|---|---|
| 3.1 | Skatt og rammetilskot | 113 553 | 113 600 | |
| 3.2 | Eigedomsskatt | 24 300 | 24 220 | |
| 3.3 | Andre direkte og indirekte skatter | 2 360 | 2 360 | |
| 3.4 | Andre generelle statstilskot | 1 075 | 1 075 | |
| 3.5 | Renteinntekter og utbytte | 1 795 | | |
| 3.6 | Gevinst finansielle instrumenter | | | |
| 3.7 | Rente og avdragsutgifter | 6 302 | 6 302 | |
| 3.8 | Bruk av bundne driftsfond | | | |
| | Sum endring | | | |

På vedteke investeringsbudsjettet er det investeringar i anlegg på kr 5,9 mill. til ventilasjonsanlegg Sandnes skule.

Etter endringar i den tekniske løysinga av ventilasjonsanlegget har administrasjonen fått pristilbod på prosjektet på 2,9 mill.kr.

I løpet av året er det og starta opp andre prosjekt som må innarbeidast i budsjettet. Administrasjonen rår til følgjande budsjettendringar på investeringsbudsjettet

**REKNESKAPSSKJEMA 2A - INVESTERING**

| | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial | Framlegg budsjett-endringar |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2014 | 2014 | 2014 | 2013 | |
| **FINANSIERINGSBEHOV** | | | | | |
| Investering i anleggsmidlar | 8 391 925 | 5 900 000 | 5 900 000 | 5 727 645 | 5 900 000 |
| Utlån og forskoteringar | 1 400 000 | 500 000 | 500 000 | 932 594 | 2 500 000 |
| Kjøp av aksjar og andelar | | 250 000 | 250 000 | | 440 000 |
| Avdrag på lån | 516 279 | | | 718 341 | |
| Dekning av tidl. Års udekka | | | | | |
| Avsetjingar | | | | | |
| **Årets finansieringsbehov** | **10 308 204** | **6 650 000** | **6 650 000** | **7 378 580** | **8 840 000** |
| **FINANSIERING** | | | | | |
| Bruk av lånemidlar | | 4 500 000 | 4 500 000 | | 6 500 000 |
| Inntekter frå sal av anleggsmidlar | 180 000 | | | | |
| Tilskot til investeringar | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | 854 632 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 079 057 | 1 000 000 |
| Mottekne avdrag på utlån og refusjonar | 360 061 | | | 539 600 | |
| Andre inntekter | | | | | |
| **Sum ekstern finansiering** | **1 394 693** | **5 500 000** | **5 500 000** | **1 618 657** | **7 500 000** |
| Overført frå driftsrekneskapen | | | | | |
| Bruk av tidl. Års udisponert | | | | | |
| Bruk av avsetjingar | | 1 150 000 | 1 150 000 | 200 000 | 1 340 000 |
| **Sum finansiering** | **1 394 693** | **6 650 000** | **6 650 000** | **1 818 657** | **8 840 000** |
| **Udekka(-)/udisponert(+)** | **-8 913 511** | **0** | **0** | **-5 559 923** | **0** |

**REKNESKAPSSKJEMA 2B - INVESTERING**

| | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial | Framlegg budsjett-endringar |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekt;** | | | | | |
| EDB - felles | | | | 5 518 | |
| Mobilutbygging | 1 086 750 | | | | 1 100 000 |
| Barnehage Sandnes - vognskur | | | | 182 624 | |
| Barnehage Nordbygda ombyggjing skulen | 110 544 | | | | 110 000 |
| Skule Matre - Ventilasjon | 3 598 | | | 2 184 476 | |
| Skule Nordbygda | | | | 504 388 | |
| Skule Sandnes - ventilasjon | 2 469 668 | 5 900 000 | 5 900 000 | 485 344 | 2 900 000 |
| Sjukeheimen - ventilasjon | | | | 319 155 | |
| Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland | 106 484 | | | | 110 000 |
| Kommunale bygg | 384 501 | | | 632 727 | 400 000 |
| Kommunale vegar | 362 500 | | | 19 875 | 400 000 |
| Brann - utstyr og bilar | | | | 1 277 508 | |
| Vassforsyning | 29 150 | | | 116 029 | 50 000 |
| Vassforsyning - Vatn til Gulen | 256 080 | | | | |
| Matre Idrettsbane | 3 582 650 | | | | 830 000 |
| **Summering investering i anleggsmidlar** | **8 391 925** | **5 900 000** | **5 900 000** | **5 727 644** | **5 900 000** |

# 3. FRIE DISPONIBLE INNTEKTER

Ramme for driftsbudsjettet vert sett ut i frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det som vi kallar netto disponible frie inntekter. Dei fleste av desse inntektene har vi liten påverknad på, men dei er viktige å estimere desse så langt det gjer seg gjera.

## 3.1. Skatt og rammetilskot

I prognose for 2. tertial er det nytta KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot. Prognose-modellen er oppdatert med tal frå Kommuneproposisjonen og revidert nasjonalbudsjett.

I revidert nasjonalbudsjett er pårekna skattevekst førebels redusert frå 5,6 % til 4,6 % i forhold til 2014. For Masfjorden kommune sin del vil dette utgjer om lag 1,138 mill. meir i skatteinntekter i 2015 enn budsjettert. Pr. 31. august 2015 har kommunen ein skatteinngang på kr 36,736 mill., som er ei auke på 5,68 % i forhold til rekneskap i same periode i 2014.

## 3.2. Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er budsjettert med kr 24 300 mill. Etter 1. tertial er det inntektsført 18,164 mill. Utskriven eigedomsskatt for 2015 er kr 24,219 mill.

## 3.3. Andre direkte og indirekte skattar

Gjeld konsesjonsavgift til BKK produksjon.

## 3.4. Andre generelle statstilskot

Kommunen tek imot generelle statstilskot til mellom anna opplæring av innvandrarar, samt kompensasjon for låneopptak i samband med prosjekt innan skule, omsorgsbustadar og kyrkja. Her vert og ført tilskot frå Husbanken til vidareformidling.

Vedteke budsjett for 2015 er på 1,075 mill.

## 3.5. Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter er lågare enn 2014. Utbytte frå BKK er lågare i 2015 enn 2014. Dette er det tatt høgde for i tidlegare budsjettjusteringar.

## 3.6. Gevinst finansielle plasseringar.

Avkasting på finansielle plasseringar er ikkje ført, men disse vil og variere frå månad til månad med bakgrunn i forhold Masfjorden kommune ikkje rår over. Avkasting på finansielle plasseringar er ikkje budsjettert.

I 2. tertial har dei finansielle plasseringane ei ikkje bokført avkasting på kr 862 172 ei avkasting på 4,42 % av porteføljen.

## 3.7. Rente og avdragsutgifter

Rente- og avdragsutgifter ligg på lågare enn 2014.

## 3.8. Bruk av bundne driftsfond

Masfjorden kommune har i tidlegare år motteke tilskot til diverse oppgåver som ikkje er gjennomført. Desse midlane er sett av på bundne driftsfond, som nyttast når utgifta kjem.

Nordhordland revisjon har i sin årsrapport bede om at kommunen tar ei vurdering på bundne driftsfond. Dette vert gjennomført i samband med årsavslutninga for 2015.

| Bundne driftsfond 31.12.2014 : | |
|---|---|
| 2.5100.000 Avlaupsfond | 284 896 |
| 2.5100.103 Bustadtilskot | 124 390 |
| 2.5100.105 Bustadtilskot, avsetjing til tap | 81 000 |
| 2.5100.106 Kvalifiseringsprogrammet NAV | 141 198 |
| 2.5100.201 Barnehageområdet | 632 978 |
| 2.5100.240 Legekontor | 32 912 |
| 2.5100.241 Psykiatrimidlar | 307 265 |
| 2.5100.253 Prosjekt 501, pleie | 170 000 |
| 2.5100.254 Møteplass seniorar | 70 000 |
| 2.5100.255 Tilskot psykologstilling | 510 000 |
| 2.5100.506 Heimebuande demente | 510 000 |

# 4. RAMMEOMRÅDA

Kommentarar til rekneskapen 2. tertial 2015 er i store trekke henta frå avdelingane sine eigne kommentarar og vurderingar.

Rapporten til rammeområda er produsert 9. september 2015. I samband med periodisering av utgifter og inntekter er det i ettertid bokført bilag som ikkje var med i rapporten. Tala i dette heftet vil difor avvike noko frå dei tala som avdelingane har rapportert på. Det er ikkje vesentlege forskjellar i grunnlagstala.

## 4.1. Folkevalgte organ

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **1 478 703** | **1 534 333** | **2 301 500** | **1 197 138** |
| 10001 | Folkevalgte organ | 1 099 190 | 1 069 667 | 1 604 500 | 862 102 |
| 10002 | Støtte til politiske parti | 39 917 | 26 667 | 40 000 | 39 917 |
| 10003 | Val | 72 867 | 133 333 | 200 000 | 0 |
| 11000 | Kontroll og revisjon | 266 730 | 304 667 | 457 000 | 295 119 |

Folkevalgte organ om lag som periodisert budsjett for 2. tertial. I perioden er det ført utgifter som gjeld abonnement som gjeld heile året.

Utgifter påløpt i samband med komunevalet vert dekka av bruk av kapitalfond.

Elles ingen merknad til rammeområdet.

## 4.2. Administrasjon

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **10 660 270** | **9 161 867** | **13 742 800** | **10 056 037** |
| 12000 | Kantine | -2 968 | 0 | 0 | -1 267 |
| 12001 | Rådmannskontoret | 2 477 511 | 2 742 667 | 4 114 000 | 2 458 444 |
| 12002 | Kommunekassen | 1 275 209 | 1 226 667 | 1 840 000 | 1 193 083 |
| 12003 | Velferdstiltak | 59 212 | 0 | 0 | 18 474 |
| 12004 | Løn og personal | 745 339 | 1 143 534 | 1 715 300 | 644 941 |
| 12005 | Administrasjon teknisk | 630 861 | 934 000 | 1 401 000 | 944 457 |
| 12006 | Fellestenester | 4 134 217 | 1 553 667 | 2 330 500 | 2 933 978 |
| 12009 | Rådgjevargruppa | 1 340 888 | 1 561 333 | 2 342 000 | 1 863 927 |

Teneste 12000 Kantine vert motrekna mot trekk frå tilsette på kommunehuset.

På rammeomrpdet er det ikkje inntektsført interne overføringar og bruk av kraftfond. Elles ingen særskilde merknader.

Teneste 12006 Fellestenester. Ikkje inntektsført fordelte kostnader og interne overføringar. Ført utgifter til medlemsskap og abonnement som gjeld heile året. På tenesta er det og ført utgifter som vert fordelt ut til andre tenester i 3. tertial.

På tenesta er det og ført utgift på reperasjon av sjøkabel på netto kr 1,166 mill. Etter forlik er det i september inntekstsført kr 200 000 for dekking av utgifter i samband med kabelbrotet..

## 4.3. Barnehage

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **7 924 194** | **10 145 267** | **15 217 900** | **7 873 741** |
| 20101 | Nordbygda barnehage | 3 262 786 | 3 890 000 | 5 835 000 | 3 381 251 |
| 20102 | Sandnes barnehage | 2 288 304 | 3 120 333 | 4 680 500 | 2 225 482 |
| 20103 | Indre Masfjorden barnehage | 1 672 126 | 1 605 000 | 2 407 500 | 1 124 216 |
| 20104 | Felles barnehage | 137 763 | 247 600 | 371 400 | 110 370 |
| 21101 | Styrka tilbod Nordbygda barnehage | 303 165 | 238 333 | 357 500 | 373 512 |
| 21103 | Styrka tilbod Indre Masfjorden barnehage | 267 | 0 | 0 | 35 072 |
| 22101 | Lokaler og skyss Nordbygda barnehage | 141 490 | 398 000 | 597 000 | 354 653 |
| 22102 | Lokaler og skyss Sandnes barnehage | 47 414 | 355 333 | 533 000 | 94 821 |
| 22103 | Lokaler og skyss Indre Masfjorden barnehage | 70 879 | 290 667 | 436 000 | 174 364 |

### 4.3.1. Nordbygda barnehage

Styrka tilbod i Nordbygda barnehage ser ut til å gje eit meirforbruk, men samla ser tenestane ved Nordbygda barnehage ut til å gå i balanse

### 4.3.2. Sandnes barnehage

Sandnes barnehage har ei drift som gjer eit mindreforbruk i 2015. Årsaka ligg i auka inntekter og låg bemanning. Planlagt vedlikehald på lokale er ikkje gjennomfør hittil i år

### 4.3.3. Indre Masfjorden barnehage

Fleire barn i barnehagen gjer meirutgifter på lønsområdet, men vil og auke inntekta. Planlagt utbetring av garderobe i Revehiet er planlagt starta i september/oktober.

### 4.3.4. Felles barnehage

Usikre utgifter og inntekter som kjem på slutten av året. Gjeld i stor grad barnehagebarn i andre kommunar, men og utgifter til kurs på slutten av året.

## 4.4. Skule

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **21 685 967** | **25 650 667** | **38 476 000** | **21 938 129** |
| 20201 | Nordbygda skule | 6 669 927 | 7 061 334 | 10 592 000 | 6 336 389 |
| 20202 | Sandnes skule | 5 106 519 | 6 008 667 | 9 013 000 | 5 169 304 |
| 20203 | Matre skule | 6 270 657 | 6 389 000 | 9 583 500 | 5 846 628 |
| 20204 | PPT og fellesutgifter | 1 076 119 | 1 390 000 | 2 085 000 | 1 067 765 |
| 20205 | Den kulturelle skulesekken | 44 333 | 47 333 | 71 000 | 22 351 |
| 21300 | Vaksenopplæring | 212 485 | 116 667 | 175 000 | 480 |
| 21301 | Opplæring innvandrarar | 97 248 | 2 667 | 4 000 | -24 152 |
| 21501 | Nordbygda SFO | 227 156 | 118 333 | 177 500 | 148 414 |
| 21502 | Sandnes SFO | 47 816 | 95 000 | 142 500 | 78 986 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 21503 | Matre SFO | 227 245 | 201 333 | 302 000 | 146 897 |
| 22201 | Lokale Nordbygda skule | 347 335 | 1 400 333 | 2 100 500 | 999 365 |
| 22202 | Lokale Sandnes skule | 201 518 | 1 059 667 | 1 589 500 | 610 967 |
| 22203 | Lokale Matre skule | 260 135 | 912 333 | 1 368 500 | 657 863 |
| 22301 | Skuleskyss Nordbygda skule | 391 304 | 436 667 | 655 000 | 460 057 |
| 22302 | Skuleskyss Sandnes skule | 149 683 | 184 667 | 277 000 | 136 521 |
| 22303 | Skuleskyss Matre skule | 356 487 | 226 667 | 340 000 | 280 294 |

### 4.4.1. Nordbygda skule

*Teneste 20201 Nordbygda skule*. Nordbygda skule ser ut til å kome ut i balanse ved rekneskapsslutt. Konto 10101 Fastløn kommunalt tilsette har eit etter måten stort overforbruk. Dette skuldast auke i behovet for assistentar i grunnskulen, tildelt etter sakkunnig vurdering. Differansen mellom tildelt budsjett og forbruk vil auke dei siste månadane av rekneskapsåret. Samstundes vil inntektene truleg auke (overføring frå andre kommunar / overføring frå fylkeskommunen),slik at ein har god von om å kome ut i rekneskapsmessig balanse, kanskje med eit lite overskot.

*Teneste 201501 Nordbygda SFO.* Dette området kjem til å kome ut med eit klart underskot. Viktigaste grunnen til det, er at ein har måtta auka bemanninga på grunn av barn med særskilde behov. Samstundes har barnetalet samla sett har gått litt ned. Saman med dei nye reglane for søskenmoderasjon, gjer dette sitt til at foreldrebetalinga går monaleg ned.

SFO har eit så lite driftsbudsjett at det her er lite å spare inn med tanke på å redusere underskotet. Ein må difor pårekne at underskotet vil bli relativt stort ved rekneskapsslutt. At dei andre områda pr. i dag ser ut til å gå med eit lite overskot, vil vonleg kompensere for dette.

*Teneste 22201 Lokale Nordbygda skule.* Det er såleis uvisst korleis dette området vil kome ut, men vonleg vil ein kome ut i balanse.

*Teneste 22301 Skuleskyss Nordbygda skule*. Området vil truleg gå i balanse eller med eit lite mindreforbruk.

### 4.4.2. Sandnes skule

*Teneste 20202 Sandnes skule. Sandnes skule ligg an til å gå i balanse*.

*Teneste 21502 Sandnes SFO.* Auka aktivitet på SFO. Påløpne lønsutgifter, men og inntekter. Mt balanse i resultat..

*Teneste 22202 Lokale Sandnes skule.* Lite aktivitet.. Planlegg diverse vedlikehald og utbetring av Tarzanbana etter avviksmelding.

*Teneste 22302 Skuleskyss Sandnes skule*. I balanse.

### 4.4.3. Matre skule

*Teneste 20203 Matre skule.* Ser ut til å gå mot balanse.

*Teneste 21503 Matre SFO.* Utgifter sin forventa. Mot balanse.

*Teneste 22203 Lokale Matre skule.* Vil påløpe kostnader i samband med nærmiljøanlegg. Elles mot balanse.

*Teneste 22303 Skuleskyss Matre skule*. Går mot eit overforbruk, som skuldast elev som har tilbod i Knarvik..

### 4.4.4. Andre tenester under skule

*20204 PPT og fellesutgifter.* Går mot balanse.

*20205 Den kulturelle skulesekken.* Den kulturelle skulesekkens er ut til å gå mot balanse. Overføring frå fylkeskommunen kjem seinare i året.

*21300 Vaksenopplæring.* Går mot eit overforbruk på om lag kr 100 000. Kjøp av tenester av Lindås kommune er avslutta frå august 2015.

*21301 Opplæring innvandrarar.* Tenesta kjem til å komma i balanse etter kvart som statstilskot kjem inn. Så langt har vi ikkje fått noko statstilskot.

## 4.5. Helse

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **5 448 763** | **6 500 707** | **9 751 060** | **7 135 935** |
| 23200 | Helsesøsterteneste | 546 176 | 529 040 | 793 560 | 541 872 |
| 24101 | Legekontor | 2 577 143 | 3 264 667 | 4 897 000 | 2 531 974 |
| 24102 | Legevakt | 548 000 | 733 333 | 1 100 000 | 749 966 |
| 24104 | Fysioterapi | 111 249 | 303 667 | 455 500 | 354 445 |
| 24105 | Hjelpemiddelformidling | 156 179 | 165 334 | 248 000 | 127 662 |
| 24106 | Psykisk helse | 1 015 023 | 1 264 333 | 1 896 500 | 958 834 |
| 24107 | Fysioterapi - Driftsavtale | 238 056 | 240 333 | 360 500 | 228 530 |
| 24108 | Folkehelse | 0 | 0 | 0 | -71 928 |
| 24109 | Samhandlingsreform | 0 | 0 | 0 | 1 714 580 |
| 25600 | Døgnopphald akutthjelp | 256 937 | 0 | 0 | 0 |

Rammeområdet er omtrent som budsjettert. Inntekter frå eigenbetaling og diverse refusjonar frå stat og andre kjem inn i etterkant. Elles ingen merknad frå avdelinga.

### 4.6. Sosial og barnevern

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **3 498 034** | **3 812 333** | **5 718 500** | **3 643 295** |
| 23407 | Støttekontakt/ funksjonshemma | 236 093 | 672 333 | 1 008 500 | 775 583 |
| 24201 | Sosialkontortenester | 532 730 | 809 333 | 1 214 000 | 452 742 |
| 24205 | Sals- og skjenkekontroll | -26 362 | -13 333 | -20 000 | -28 927 |
| 24206 | NAV lokale | 0 | 92 667 | 139 000 | 0 |
| 24300 | Tilbod til personar med rusproblem | 0 | 40 667 | 61 000 | 4 900 |
| 24400 | Barnevernstenesta | 781 846 | 929 000 | 1 393 500 | 1 085 494 |
| 25100 | Barneverntiltak i familien | 165 954 | 252 667 | 379 000 | 465 732 |
| 25200 | Barneverntiltak utanfor familien | 734 787 | 794 333 | 1 191 500 | 747 343 |
| 28101 | Økonomisk hjelp | 272 987 | 234 667 | 352 000 | 140 429 |
| 31503 | Tilskot/lån husbankmidlar | 800 000 | 0 | 0 | 0 |

Sosiale tenester ligg pr 2 tertial an til å gå i balanse. Teneste 31503 Tilskot/lån husbankmidlar gjeld tilskot til reetablering av bustad. Frå husbanken har vi fått innvilga kr 800 000 i tilskot til etablering og kr 200 000 til utbetring av bustader.

Barnevern har drift i forhold til budsjett, men kan vere utfordringar i samband med fosterheimar. Følgas opp i siste del av året

### 3.1. Pleie og omsorg

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **27 970 863** | **30 330 367** | **45 495 550** | **24 808 788** |
| 25300 | Masfjorden sjukeheim pleie | 5 723 945 | 5 907 333 | 8 861 000 | 5 459 938 |
| 25301 | MS - Kjøkken | 1 437 071 | 1 283 333 | 1 925 000 | 2 571 847 |
| 25302 | Masfjorden sjukeheim - Nystova | 3 476 277 | 4 107 933 | 6 161 900 | 3 092 224 |
| 25303 | Masfjorden sjukeheim - Nystova/natt | 2 313 514 | 2 051 667 | 3 077 500 | 1 966 648 |
| 25305 | Pleie vakt felles | 234 816 | 179 000 | 268 500 | 178 090 |
| 25307 | Avlastningsbustad | 4 362 000 | 4 005 333 | 6 008 000 | 3 165 553 |
| 25308 | Fellestenester Masfjorden sjukeheim | -66 833 | 1 207 333 | 1 811 000 | 0 |
| 25400 | Heimetenester NORD | 3 127 346 | 3 356 667 | 5 035 000 | 3 029 479 |
| 25408 | Heimetenester SØR | 2 623 266 | 2 881 000 | 4 321 500 | 2 410 251 |
| 25409 | Heimetenester INDRE | 2 971 803 | 3 071 600 | 4 607 400 | 2 788 204 |
| 26100 | MS - institusjon, reinhald | 2 557 965 | 2 455 333 | 3 683 000 | 785 882 |
| 26501 | Omsorgsbustadar NORD | -170 696 | -65 733 | -98 600 | -140 120 |
| 26502 | Omsorgsbustadar SØR | -135 634 | -40 467 | -60 700 | -104 505 |
| 26503 | Omsorgsbustadar INDRE | -270 100 | -139 500 | -209 250 | -236 061 |
| 26504 | Omsorgsbustadar TTF | -27 666 | 68 200 | 102 300 | -17 383 |
| 26507 | Omsorg/psyk.bustadar NORD | -186 212 | 1 333 | 2 000 | -141 258 |

*Teneste 25300 Masfjorden sjukeheim pleie.* Rekneskap ved 2. tertialrapport er i balanse med budsjett. Fastløn ligg litt under budsjett. Dette har samanheng med at merkantil og aktivitør vart flytta over på eit eige budsjett - felles, men løna vart aldri flytta til den tenesta. Ein anna årsak er at

avdelinga har eit overbelegg på ca 5 pasientar konstant. Dette har vart over fleire år - og ser ut som det berre vil fortsette. Det medfører auka vikarutgifter.

Vikarutgifter til sjukefråvær er høgt, overtid er høgt. Alle postande på variabel løn - over budsjett. Dette viser og att i inntekter, for refusjon sjukefråvær er og høgare enn budsjett.

*Teneste 25301 MS Kjøkken, vaskeri og reinhald.* Lønsutgiftene er for høge i høve budsjett. Dette kan ha samanheng med at ein til 2015 budsjett trekte ut reinhald og vaskeri. Dette kan ha samanheng med at ein har splitta desse to tenestane - og har ikkje same fleksibiliteten når det gjeld personalet.

*Teneste 35302 Masfjorden sjukeheim – Nystova.* Fast lønsutgiftene til Nystova ligg langt over budsjett. Det er mange årsaker til dette. Inntekter på sjukefråvær og svangerskapspermisjon ligg også langt over budsjett. Desse postane har ein samanheng. På Nystova brukar dei fast tilsette sjukevikarar - desse får løna frå fastlønsbudsjett - som kanskje er ei feilføring.

Nystova har eit svært høgt sjukefråvær som ein kan sjå frå refusjon. Eit så stor sjukefråvær fører og til meirutgifter - så i realiteten har Nystova eit underskot. Det som gjer at det i oversikten ikkje viser underskot - er at tilskot til heimebuande demente ligg som inntekt på Nysota. Dette er ikkje midlar som skal brukast i den ordinere drifta. Noko av dette skal finansiere utgifter som er planlagt til dagtilbod. Dette er og siste året kommune får tilskotet - og difor må ein sette av dette på fond for å sikre at kommune klarer å oppretthalde tilbodet - frå 2016 er dette eit lovpålagt tilbod.

*Teneste 35303 Masfjorden sjukeheim – Nystova/natt.* Lønsutgiftene ligg under budsjett. Dette er fordi løn til 1 nattevakt er lagt inn i budsjett til avlastninga. Delar av løna til denne nattevakta går ut frå Nystova, mens litt av det går frå avlastninga. Difor må ein sjå avlastning og natt i samanheng.

Med bakgrunn i den forklaringa så ligg nattevakt budsjett i balanse.

*Teneste 25305 Pleie vakt felles.* Pleie vakt felles er bakvakt. Det har vore eit år med auka aktivitet ute og på sjukeheimen krev sjukepleie.

Rekneskapen viser eit overforbruk, eller under budsjettering. I budsjettet er det lagt inn ei bakvakt, men frå sommaren har PLO vore nøgd til å sette inn bakvakt på Sørsida pga brukarar som kan trenge assistanse på natt. Det er ikkje forsvarleg å ha bakvakt på den andre sida av fjorden på natt - difor er dette eit heilt nødvendig tiltak. Det er lits som tydar på at ein kan avslutte dette i 2015, eller i 2016.

Pleie vakt kjem til å med eit underskot i 2015. Usikkert kor mykje, men ca 150 000 til 200 000.

*Teneste 25307 Avlastingsbustad.* Lønsutgiftene på avlastning viser at det er eit overskot på løn. Ein grunn til dette er at nokon av nattevaktene blir løna ut frå Natt Nystova. Avlastning og natt Nystova må ein difor sjå i samanheng med at Natt Nystova har eit underskot på fastløn.

Nattevaktene ligg under Nystova sitt ansvar - og det er 3 nattevakter til saman 365 dagar i året. 1 nattevakt har ansvar for avlastinga - og difor har ein prøvd å legge løna til ei nattevakt under avlastinga. Men i praksis er dette vanskeleg - fordi nattevaktene bytter seg i mellom ved sjukdom, vikar m.m. og då blir lønsutgifter ofte ført på natt Nystova.

*Teneste 25308 Fellestenester Masfjorden sjukeheim.* Budsjett skal overførast til pleie.

*Teneste 25400 Heimetenester NORD.* Lønsutgiftene ligg under budsjett- dette har samanheng at ein ikkje fekk heilårsverkand på kvar leiar for forvaltning si løn er plassert. I tillegg så var det budsjettert med ei styrking på helg, denne har ein ikkje klart å effekturere på grunn av mangel på folk. Som igjen viser på overtid, vikar m.m.

Refusjon sjukepengar er langt høgare enn budsjett. Heimetenests Nord har eit overskot pr. 2 tertial.

Det er og høge driftsutgifter til leasing  bil. På slutten av året skal ein bil byttast inn, og det vil medføre ekstra kostander.

*Teneste 25408 Heimetenester SØR.* Fastløn ligg i rekneskap over budsjett pr. 2 tertial. ein årsak til dette er at avdelinga har hatt ei stilling i svangerskapspermisjon, som ikkje har vore ført på permisjonsutgifter. På inntekts sida er denne høgre enn budsjett, fordi ein har refusjon på foreldrepermisjon.

Driftsutgiftene er under budsjett, men avdelinga skal bytte inn ein leasing bil i haust som kan medføre ekstra driftsutgifter.

*Teneste 25409 Heimetenester INDRE.*

LØN: Litt mindre forbruk enn budsjettert så langt. Forventar likevel ein del utgifter framover som det ikkje er tatt høgde for i budsjettet.  Meirforbruk så langt og forventa framover ei tid av ekstrahjelp og overtid. Dette pga sjukepleiefagleg oppfølgjing av alvorleg sjuke brukarar i heimen utanom arbeidstid heile døgeret.

DRIFT:I balanse så langt. Litt lavt budsjettert medisinsk forbruksmateriell og forbruksmateriell reingjering og plast. Meirforbruk km godtgjersle skuldast utgifter til ny ordning med frakt av arbeidsklær til vask.

Berre 2 leasingbilar i drifta og meir kjøring fører til høge utgifter til km godtgjersle heimevitjing.

Forventar at budsjettet vil gå i balanse ved årets slutt.

INNTEKTER:Mindre inntekter enn forventa så langt pga brukarbetaling kjem etterskotsvis. I tillegg er det ikkje refusjon av sjukepengar pga ingen langtidssjukmeldingar.

*Teneste 26100 MS – institusjon og reinhald.* I dette budsjettet ligger lønsutgifter til vaskeri og koordinator vaskeri og reinhald sjukeheimen. Reinhald sjukeheimen ligg og på dette budsjettet. Når reinhald skulle splittast i 2015, vart det laga eit eige fellesbudsjett for vaskeri, merkantil og aktivitør. Dette budsjettet er det ikkje gått midlar ut frå, fordi løna til dei tilsette ikkje vart lytta. Under MS institusjon så går løn til vaskeri personalet og reinhald. Personalet her arbeidar integrert - og difor kan det vere vanskeleg å gjennomføre skilje heilt nøyaktig.

I lønsbudsjettet til MS inst. er det ikkje budsjettert med lønsutgifter. difor er det eit stort underskot på dette budsjettet. Delar av lønsutgiftene ligg under fellestenester, men det kan sjå ut som det er underbudsjetter.

Sjølv om det i 2 tertialrapport er ut som det er i balanse, vil det kome store driftsutgifter på bygge i løpet av hausten. Avgifter og årsgebyr - kjem periodevis. Fyringsolje, straum og utgifter til sjølve bygget viser ikkje før året er slutt.

*Teneste 26501 Omsorgsbustadar NORD.* Overskot så langt. Dette vil jevne seg meir ut ved årets slutt. Dette pga avskrivingar kjem på slutten av året, samt andre forventa faste utgifter. Det har og vore lite utgifter til vedlikehald.

Husleigeinntektene er noko høgare enn budsjettert. Dette vil kompensera for lågt budsjettert straumutgifter og utgifter til alarmsystem.

Samla sett vil dette gå i balanse evt eit lite overskot.

*Teneste 26502 Omsorgsbustadar SØR.* Overskot så langt. Årsak til det er bl.a at det ikkje er brukt midlar til vedlikehaldsarbeid så langt. Det er og mindre straumutgifter og utgifter til alarmsystem enn budsjettert. Dette vil gå mot balanse ved årets slutt når avskrivingar vert registrert. I tillegg er det mindre husleigeinntekter enn budsjettert.

*Teneste 26503 Omsorgsbustadar INDRE.* Overskot på om lag 55 000 så langt. Dette vil bli redusert i løpet av året når utgifter til utskifting av brannsentralen på Haugsvær vert registert. Måtte skiftast på grunn av av delar av brannvarslingsanlegget var øydelagt. Kostnadsrekna til omlag kr.23 000. I tillegg vil det bli litt svikt i husleigeinntekter, 1 ledig bustad frå 01.05.15.

*Teneste 26504 Omsorgsbustadar TTF.* Overskot. Årsak til det er at det ikkje er gjort noko vedlikehaldsarbeid på bygget i år så langt. Vil gå i balanse

*Teneste 26507 Omsorg/psyk.bustadar NORD.* Ikkje ført utgifter hittil i år.

### 4.7.Kultur

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **3 110 684** | **3 932 667** | **5 899 000** | **2 151 241** |
| 37001 | Folkebibliotek | 574 748 | 705 667 | 1 058 500 | 553 064 |
| 37301 | Bygdekino m.m | 18 008 | 0 | 0 | 0 |
| 37500 | Museum | 265 569 | 288 333 | 432 500 | 391 759 |
| 37504 | Sleire skulemuseum | 670 | 0 | 0 | 0 |
| 38002 | Drifts-/ anleggstøtte idretts.org. | 53 761 | 31 667 | 47 500 | 60 000 |
| 38003 | Idrettskulen | 110 874 | 199 667 | 299 500 | 164 506 |
| 38101 | Matre symjebasseng | 339 497 | 698 667 | 1 048 000 | 390 391 |
| 38102 | Idrettsbaner/sentralbaneanlegg | 159 678 | 219 333 | 329 000 | 4 936 |
| 38300 | Kultur- og musikkskulen | 1 383 135 | 1 567 333 | 2 351 000 | 1 350 453 |
| 38502 | Vaksenopplæring utanfor skuleverket | 20 000 | 26 667 | 40 000 | 20 000 |
| 38503 | Kulturvern og arkiv | 12 500 | 33 333 | 50 000 | 0 |
| 38505 | Støtte til frivillege lag/organisasjonar | 60 193 | 40 000 | 60 000 | 59 000 |
| 38506 | Andre kulturaktivitetar | 112 052 | 122 000 | 183 000 | -842 868 |

*Teneste 37001 Folkebibliotek.*Folkebibliotek vil koma ut i balanse eller med eit lite overskot.

.*Teneste 37500 Museum.* Det ser ut til å gå mot eit lite overforbruk på museum, sjølv om rekneskapen er i balanse så langt. Nokre utbetalingar kjem i september månad.

*Teneste 28002 Drifts-/anleggstøtte idretts.org*. Det går mot eit overforbruk på om lag kr 10000.

*Teneste 38003 Idrettsskulen.* Idrettsskulen kan komma ut med eit lite overskot i år.

*Teneste 38101 Matre symjebasseng.* Budsjettet ser ut til å halda.

*Teneste 38102 Idrettsbaner / sentralbaneanlegg.* Denne tenesta kjem til å gå i balanse.

*Teneste 38300 Kultur- og musikkskulen.* Budsjett vil gå i balanse, eller mot eit mindre overskot..

*Teneste 38502 Vaksenopplæring utanfor skuleverket.* Her er utgiftene under kontroll. Resten av dei budsjetterte midlane går ut i november.

*Teneste 38503 kulturvern og arkiv.* Viss det ikkje kjem fleire søknader om kulturvernmidar, vil det bli eit mindreforbruk på denne tenesta.

*Teneste 38505 Støtte til frivillege lag/organisasjonar.* Kulturmidlane er utbetalte, og det ser ut til å gå mot budsjettbalanse.

*Teneste 38506 Andre kulturaktiviteter.* Kulturmidlane er utbetalte. Det som står att, er søknader om midlar til særskilte kulturtiltak. Det ser ut til at budsjettet vil halda.

## 4.8. Kyrkja

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **2 127 499** | **2 371 133** | **3 556 700** | **1 861 533** |
| 39000 | Kyrkjer og MKF | 1 747 499 | 1 977 800 | 2 966 700 | 1 492 200 |
| 39200 | Andre religiøse formål | 0 | 13 333 | 20 000 | 0 |
| 39300 | Kyrkjegardar | 380 000 | 380 000 | 570 000 | 369 333 |

Ingen særskild merknad.

## 4.9. Teknisk

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **7 063 799** | **4 034 466** | **6 051 700** | **5 791 164** |
| 12901 | Gulen og Masfjorden brann og redning | 1 705 860 | 0 | 0 | 2 613 168 |
| 12950 | Reinhald SØR | 992 274 | 0 | 0 | 0 |
| 12951 | Reinhald NORD | 1 111 180 | 0 | 0 | 0 |
| 12952 | Reinhald INDRE | 735 431 | 0 | 0 | 0 |
| 12953 | Reinhald Sjukeheimen | 133 | 0 | 0 | 0 |
| 26505 | Gjennomgangsbustadar | 74 137 | -1 467 | -2 200 | 256 845 |
| 26506 | Utleigebygg Hosteland | -68 616 | -2 200 | -3 300 | -132 541 |
| 26508 | Utleigebustadar Sandnes | -194 847 | -68 200 | -102 300 | -143 408 |
| 28501 | Fylkesvegar | 0 | 533 | 800 | 37 510 |
| 30100 | Plansaker | 473 621 | 194 667 | 292 000 | 487 468 |
| 30200 | Byggjesaker | 195 595 | 141 133 | 211 700 | 125 400 |
| 30300 | Kart- og oppmåling | 153 907 | 418 200 | 627 300 | 519 969 |
| 31502 | Festetomtar | 87 934 | 62 667 | 94 000 | 87 434 |
| 32502 | Drift av utleigebygg m.m | 580 | 0 | 0 | 0 |
| 32901 | Skogbruk | 175 | 1 800 | 2 700 | 11 985 |
| 32902 | Jordbruk | 365 873 | 474 267 | 711 400 | 546 358 |
| 33301 | Kommunale vegar | 1 518 287 | 1 807 400 | 2 711 100 | 1 483 768 |
| 33305 | Gatelys | 93 761 | 130 600 | 195 900 | 102 758 |
| 33501 | Offentlege parkar og anlegg | 60 423 | 74 133 | 111 200 | 210 537 |
| 33503 | Offentlege toalett | 31 084 | 18 000 | 27 000 | 21 476 |
| 33801 | Feiieng og vanleg branntilsyn | 441 813 | 0 | 0 | 410 261 |
| 33901 | Brannvesen | 357 467 | 1 358 267 | 2 037 400 | 430 290 |
| 33902 | Beredskap mot akutt forureining | 0 | 20 667 | 31 000 | 0 |
| 34500 | Distribusjon av vatn (sal) | -800 654 | -231 866 | -347 800 | -849 074 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 35301 | Avløpsnett | -231 883 | -294 733 | -442 100 | -235 572 |
| 35401 | Septiktank/slamtømming | -179 189 | -27 200 | -40 800 | -169 283 |
| 35402 | Kloakkavgift | -21 000 | -85 333 | -128 000 | -126 000 |
| 36000 | Kalking av vassdrag | 129 007 | 0 | 0 | 86 761 |
| 36001 | Fiske- viltforvaltning og miljø | 4 716 | 10 467 | 15 700 | -13 056 |
| 36006 | Friluftsområder/badeplassar | 26 730 | 32 667 | 49 000 | 28 108 |

*Teneste 12901 Gulen og Masfjorden Brann og Redning.* Vanskelig å seie noko om lønsutgiftene. Mannskapet leverer timelister to gonger i året. Har ikkje sendt akonto refusjonskrav til Gulen.

*Teneste 12950 til 12952 Reinhald SØR, NORD og INDRE.* Utgifter her vert fordelt til dei ulike formålsbygg etter fordelingsnøkkel. Fordeling vert ført på slutten av året.

*Teneste 30100 Plansaker.* Utgifter i stor grad som skuldast konsulentbistand i samband med utarbeiding av planar. Noko refusjon kan kome inn.

Elles ingen kommentar frå avdelinga.

## 4.10. Andre tenesteområder

| Teneste | Tenestenamn | Rekneskap 2. tertial 2015 | Budsjett 2. tertial 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2. tertial 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt for rammeområdet** | **-897 500** | **-7 721 673** | **-11 582 510** | **707 457** |
| 13000 | Administrasjonslokale | 608 950 | 1 659 000 | 2 488 500 | 869 992 |
| 17001 | Årets premieavvik | 0 | -1 940 607 | -2 910 910 | 0 |
| 17101 | Amortisering tidl.års premieavvik | 0 | 639 333 | 959 000 | 0 |
| 18001 | Eldreråd | 1 129 | 13 400 | 20 100 | 0 |
| 18004 | Andre fellesutgifter | 226 990 | 133 333 | 200 000 | 219 188 |
| 18006 | Ungdomsråd | 0 | 30 000 | 45 000 | 15 000 |
| 18007 | Råd for funksjonshemma | 0 | 8 000 | 12 000 | 0 |
| 23104 | Støtte til barne- og ungdomsorganisasjonar | 23 000 | 26 667 | 40 000 | 11 000 |
| 23303 | Næringsmiddeltilsynet | 19 500 | 26 667 | 40 000 | 19 319 |
| 23306 | Veterinærtenester | 0 | 20 000 | 30 000 | 0 |
| 24207 | Koordinering flykningar | 172 817 | 0 | 0 | 0 |
| 32000 | Kommunal næringsverksemd | 0 | 0 | 0 | 1 800 |
| 32001 | Konsesjonskraft | -2 762 037 | -3 333 333 | -5 000 000 | -2 354 731 |
| 32501 | Næringsutvikling | 647 296 | 240 000 | 360 000 | 371 803 |
| 32504 | Kraftfond | 59 057 | 900 000 | 1 350 000 | 561 875 |
| 32505 | Pilotprosjekt | 63 602 | -400 000 | -600 000 | 472 924 |
| 33803 | Anna ulukkesførebyggjande arbeid | 22 946 | 0 | 0 | 2 756 |
| 86001 | Avskrivningar KOSTRA | 0 | -5 744 133 | -8 616 200 | 0 |
| 87001 | Renter eksterne lån | 19 250 | 0 | 0 | 16 530 |
| 88000 | Interne finasieringstransaksjonar | 0 | 0 | 0 | 500 000 |

*Teneste 13000 Administrasjonslokale.* Ikkje før avskriving. Førast i periode 12.

*Teneste 17001 Årets premieavvik.* Tidlegare estimat for premieavvik 2015 var på kr 3,9 mill. Nytt anslag sendt frå KLP viser eit premiavvik på kr 200 910. Administrasjonen budsjetterte med kr 2,9 mill. i budsjett for 2015.

*Teneste 18004 Andre fellesutgifter.* Her førast frikjøp av tillitsvalde.

*Teneste 24207 Koordinering flykningar.* Tenesta er ny på rammeområdet, og utgiftene vert dekka av statstilskot.

*Teneste 32501 Næringsutvikling.* Ført utgifter som gjeld 2015 til Regionrådet Nordhordland IKS, mellom anna sekretær kontrollutvalet, BRB kontingent, kompetanseprosjektet, Biosfæreprosjekt og felles IKT strategi.

## 5. Investeringsrekneskapen

Investeringsbudsjettet for 2015 er vedteke med ei investering i anleggsmidlar på kr 5,9 mill. Investeringa skal i sin heilhet gå til ventilasjonsanlegg på Sandnes skule. Etter endra kriterier for prosjektet var det innhenta pristilbod på kr 2,9 mill.

Mobilutbygging
Masfjorden kommune sine utgifter med mobilutbygging er foreløpig utgiftsført med kr 1 086 750

Nordbygda barnehage- ombygging av skulen
Nordbygda barnehage har teken i bruk lokalar på skulen. I samband med dette er delar av skulen bygd om for å passe til formålet.

Sandnes skule ventilasjon
Pr 2 tertial er det før kr 2 469 668 på prosjektet.

Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland
Kommunestyret har vedteke å gjennomføre forprosjekt for bustad for eldre og funksjonshemma på Hosteland. Utgifter pr 2 tertial er kr 106 484.

Kommunale bygg
Gjeld nytt tak på Matre skule.

Kommunale vegar
Kostnadar gjeld prosjekt Kjetland bru, og utbetring av veg i Stordalen.

Vassverk
Gjeld graving av for vassleidning og kum ved Nordland vassverk.

Vassprosjekt vatn til Gulen
Utgifter i samband med prosjekt for vassleidning til Gulen.

Matre Idrettsbane.

Masfjorden kommune har i sak KS-013/2015 vedteke å føra opp og finansiere nærmiljøanlegg med ein brutto kostnad på kr 826 000. I tillegg kan kommunen forskottera delkostnadane til fotballaget og idrettslaget etter nærare avtale. Kommunen har forskottert utgiftar i prosjektet, og tilbakebetaling bør vera på plass før årsavslutning.

## 6.1. Rekneskapsskjema drift

| REKNESKAPSSKJEMA 1A - DRIFT | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial |
|---|---|---|---|---|
| Skatt på inntekt og formue | 36 735 813 | 51 424 000 | 50 286 000 | 34 762 293 |
| Ordinært rammetilskudd | 41 184 981 | 62 176 000 | 63 267 000 | 41 610 253 |
| Skatt på eiendom | 18 164 322 | 24 220 000 | 24 300 000 | 18 195 639 |
| Andre direkte eller indirekte skatter | | 2 360 000 | 2 360 000 | |
| Andre generelle statstilskudd | 3 182 755 | 1 075 000 | 1 075 000 | 290 628 |
| **Sum frie disponible inntekter** | **99 267 871** | **141 255 000** | **141 288 000** | **94 858 813** |
| | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | 543 539 | 1 395 000 | 1 795 000 | 1 398 092 |
| Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler) | | | | |
| Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg. | 665 332 | 1 801 800 | 1 801 800 | 911 396 |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler) | | | | |
| Avdrag på lån | 2 781 238 | 4 500 000 | 4 500 000 | 2 501 038 |
| **Netto finansinnt./utg.** | **-2 903 031** | **-4 906 800** | **-4 506 800** | **-2 014 342** |
| | | | | |
| Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk | | | | |
| Til ubundne avsetninger | 1 097 268 | 6 059 840 | 2 310 000 | 49 266 |
| Til bundne avsetninger | 1 225 000 | 225 000 | | |
| Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk | 1 279 840 | 1 279 840 | | |
| Bruk av ubundne avsetninger | 124 769 | 2 985 000 | 2 985 000 | 116 000 |
| Bruk av bundne avsetninger | 825 500 | 300 000 | 300 000 | 500 000 |
| **Netto avsetninger** | **-92 159** | **-1 720 000** | **975 000** | **566 734** |
| | | | | |
| Overført til investeringsbudsjettet | | | | |
| **Til fordeling drift** | **96 272 681** | **134 628 200** | **137 756 200** | **93 411 205** |
| Sum fordelt til drift (fra skjema 1B) | 90 071 277 | 134 628 200 | 137 756 200 | 87 164 458 |
| **Mer/mindreforbruk** | **6 201 405** | **0** | **0** | **6 246 747** |

| BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial |
|---|---|---|---|---|
| 01 Folkevalgte organ | 1 478 703 | 2 301 500 | 2 281 500 | 1 197 138 |
| 02 Administrasjon | 10 660 270 | 13 742 800 | 14 308 800 | 10 056 037 |
| 03 Barnehage | 7 924 194 | 15 217 900 | 15 391 900 | 7 873 741 |
| 04 Skule | 21 685 967 | 38 476 000 | 38 822 500 | 21 938 129 |
| 05 Helse | 5 448 763 | 9 751 060 | 9 851 060 | 7 135 935 |
| 06 Sosial og barnevern | 3 498 034 | 5 718 500 | 5 778 500 | 3 643 295 |
| 07 Pleie og omsorg | 27 970 863 | 45 495 550 | 45 795 550 | 24 808 788 |
| 08 Kultur | 3 110 684 | 5 899 000 | 5 955 500 | 2 151 241 |
| 09 Kyrkja | 2 127 499 | 3 556 700 | 3 556 700 | 1 861 533 |
| 10 Teknisk | 7 063 799 | 6 051 700 | 6 226 700 | 5 791 164 |
| 11 Andre tenesteområder | -897 500 | -11 582 510 | -10 212 510 | 707 457 |
| **Sum overført til 1A** | **90 071 277** | **134 628 200** | **137 756 200** | **87 164 458** |

## 6.2.Økonomisk oversyn drift

| ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | | |
| Brukerbetalinger | 6 521 135 | 10 637 500 | 10 577 500 | 5 668 500 |
| Andre salgs- og leieinntekter | 5 811 410 | 10 925 700 | 10 869 700 | 5 786 637 |
| Overføringer med krav til motytelse | 12 598 956 | 23 156 600 | 22 319 600 | 9 800 506 |
| Rammetilskudd | 41 184 981 | 62 176 000 | 63 267 000 | 41 610 253 |
| Andre statlige overføringer | 3 182 755 | 1 075 000 | 1 075 000 | 290 628 |
| Andre overføringer | 2 879 365 | 7 107 300 | 5 907 300 | 3 391 111 |
| Skatt på inntekt og formue | 36 735 813 | 51 424 000 | 50 286 000 | 34 762 293 |
| Eiendomsskatt | 18 164 322 | 24 220 000 | 24 300 000 | 18 195 639 |
| Andre direkte og indirekte skatter | | 2 360 000 | 2 360 000 | |
| **Sum driftsinntekter** | **127 078 737** | **193 082 100** | **190 962 100** | **119 505 567** |
| **Driftsutgifter** | | | | |
| Lønnsutgifter | 71 325 666 | 112 206 660 | 112 680 660 | 66 183 399 |
| Sosiale utgifter | 16 940 432 | 25 500 240 | 25 524 240 | 15 820 423 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 15 764 027 | 23 902 750 | 24 091 250 | 14 710 570 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 6 277 725 | 15 165 450 | 15 560 950 | 7 582 084 |
| Overføringer | 7 590 740 | 10 545 200 | 10 563 200 | 7 567 834 |
| Avskrivninger | | 8 616 200 | 8 616 200 | |
| Fordelte utgifter | | -915 000 | -1 040 000 | |
| **Sum driftsutgifter** | **117 898 590** | **195 021 500** | **195 996 500** | **111 864 310** |
| **Brutto driftsresultat** | **9 180 147** | **-1 939 400** | **-5 034 400** | **7 641 256** |
| **Eksterne finanstransaskjonar** | | | | |
| **Finansinntekter** | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | 543 539 | 1 395 000 | 1 795 000 | 1 398 092 |
| Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | | | | |
| Mottatte avdrag på utlån | 80 245 | 50 000 | 50 000 | 76 617 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **623 784** | **1 445 000** | **1 845 000** | **1 474 709** |
| **Finansutgifter** | | | | |
| Renteutgifter og låneomkostninger | 665 332 | 1 801 800 | 1 801 800 | 911 396 |
| Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | | | | |
| Avdrag på lån | 2 781 238 | 4 500 000 | 4 500 000 | 2 501 038 |
| Utlån | 63 797 | 100 000 | 100 000 | 23 518 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **3 510 367** | **6 401 800** | **6 401 800** | **3 435 952** |
| **Resultat eksterne finanstransaksjoner** | **-2 886 583** | **-4 956 800** | **-4 556 800** | **-1 961 244** |
| Motpost avskrivninger | | 8 616 200 | 8 616 200 | |
| **Netto driftsresultat** | **6 293 564** | **1 720 000** | **-975 000** | **5 680 013** |
| | 4,95 % | 0,89 % | -0,51 % | 4,75 % |
| **Interne finanstransaksjoner** | | | | |
| Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk | 1 279 840 | 1 279 840 | | |
| Bruk av disposisjonsfond | 124 769 | 2 985 000 | 2 985 000 | 116 000 |
| Bruk av bundne fond | 825 500 | 300 000 | 300 000 | 500 000 |
| **Sum bruk av avsetninger** | **2 230 109** | **4 564 840** | **3 285 000** | **616 000** |
| Overført til investeringsregnskapet | | | | |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk | | | | |
| Avsatt til disposisjonsfond | 1 097 268 | 6 059 840 | 2 310 000 | 49 266 |
| Avsatt til bundne fond | 1 225 000 | 225 000 | | |
| **Sum avsetninger** | **2 322 268** | **6 284 840** | **2 310 000** | **49 266** |
| **Regnskapsmessig mer/mindreforbruk** | **6 201 405** | **0** | **0** | **6 246 747** |

### 6.3. Rekneskapsskjema Investering

| REKNESKAPSSKJEMA 2A - INVESTERING | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | R 2015 2. tertial 2014 | B 2015 regulert 2014 | B 2015 Opphaveleg 2014 | R 2014 2. tertial 2013 |
| **FINANSIERINGSBEHOV** | | | | |
| Investering i anleggsmidlar | 8 391 925 | 5 900 000 | 5 900 000 | 5 727 645 |
| Utlån og forskoteringar | 1 400 000 | 500 000 | 500 000 | 932 594 |
| Kjøp av aksjar og andelar | | 250 000 | 250 000 | |
| Avdrag på lån | 516 279 | | | 718 341 |
| Dekning av tidl. Års udekka | | | | |
| Avsetjingar | | | | |
| **Årets finansieringsbehov** | **10 308 204** | **6 650 000** | **6 650 000** | **7 378 580** |
| **FINANSIERING** | | | | |
| Bruk av lånemidlar | | 4 500 000 | 4 500 000 | |
| Inntekter frå sal av anleggsmidlar | 180 000 | | | |
| Tilskot til investeringar | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | 854 632 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 079 057 |
| Mottekne avdrag på utlån og refusjonar | 360 061 | | | 539 600 |
| Andre inntekter | | | | |
| **Sum ekstern finansiering** | **1 394 693** | **5 500 000** | **5 500 000** | **1 618 657** |
| Overført frå driftsrekneskapen | | | | |
| Bruk av tidl. Års udisponert | | | | |
| Bruk av avsetjingar | | 1 150 000 | 1 150 000 | 200 000 |
| **Sum finansiering** | **1 394 693** | **6 650 000** | **6 650 000** | **1 818 657** |
| **Udekka(-)/udisponert(+)** | **-8 913 511** | **0** | **0** | **-5 559 923** |

| REKNESKAPSSKJEMA 2B - INVESTERING | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial |
| **Investeringsprosjekt;** | | | | |
| EDB - felles | | | | 5 518 |
| Mobilutbygging | 1 086 750 | | | |
| Barnehage Sandnes - vognskur | | | | 182 624 |
| Barnehage Nordbygda ombyggjing skulen | 110 544 | | | |
| Skule Matre - Ventilasjon | 3 598 | | | 2 184 476 |
| Skule Nordbygda | | | | 504 388 |
| Skule Sandnes - ventilasjon | 2 469 668 | 5 900 000 | 5 900 000 | 485 344 |
| Sjukeheimen - ventilasjon | | | | 319 155 |
| Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland | 106 484 | | | |
| Kommunale bygg | 384 501 | | | 632 727 |
| Kommunale vegar | 362 500 | | | 19 875 |
| Brann - utstyr og bilar | | | | 1 277 508 |
| Vassforsyning | 29 150 | | | 116 029 |
| Vassforsyning - Vatn til Gulen | 256 080 | | | |
| Matre Idrettsbane | 3 582 650 | | | |
| **Summering investering i anleggsmidlar** | **8 391 925** | **5 900 000** | **5 900 000** | **5 727 644** |

## 6.4.Økonomisk oversyn investering

| ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | R 2015 2. tertial | B 2015 regulert | B 2015 Opphaveleg | R 2014 2. tertial |
| **INVESTERINGSINNTEKTER** | | | | |
| Sal av driftsmidlar og fast eigedom | 180 000 | | | |
| Andre salsinntekter | | | | |
| Overføringar med krav til motytelse | | | | 360 000 |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | 854 632 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 079 057 |
| Statlege overføringa | | | | |
| Andre overføringa | | | | |
| Renteinntekter | | | | |
| **Sum inntekter** | **1 034 632** | **1 000 000** | **1 000 000** | **1 439 057** |
| | | | | |
| **INVESTERINGSUTGIFTER** | | | | |
| Lønsutgifter | 4 724 | | | 18 782 |
| Sosiale utgifter | 393 | | | 1 926 |
| Varer og tenester i kommunal eigenprod. | 7 458 106 | 4 900 000 | 4 900 000 | 4 064 429 |
| Kjøp av tenester som erstattar eigenprod. | 74 071 | | | 563 450 |
| Overføringa | 854 632 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 079 057 |
| Renteutgifter og omkostningar | | | | |
| **Sum utgifter** | **8 391 925** | **5 900 000** | **5 900 000** | **5 727 645** |
| | | | | |
| **FINANSUTGIFTER** | | | | |
| Avdragsutgifter | 516 279 | | | 718 341 |
| Utlån | 1 400 000 | 500 000 | 500 000 | 932 594 |
| Kjøp av aksjar og andelar | | 250 000 | 250 000 | |
| Dekning av tidl.års udekka | | | | |
| Avsetjing fond | | | | |
| Avsetninger til likv.reserve | | | | |
| **Sum finanstransaksjoner** | **1 916 279** | **750 000** | **750 000** | **1 650 935** |
| | | | | |
| **Finanseringsbehov** | **9 273 572** | **5 650 000** | **5 650 000** | **5 939 523** |
| | | | | |
| **FINANSIERING** | | | | |
| Bruk av lån | | 4 500 000 | 4 500 000 | |
| Sal av aksjar og andelar | | | | |
| Mottekne avdrag på utlån | 360 061 | | | 179 600 |
| Overføring frå driftsrekneskapen | | | | |
| Bruk av tidl. års udisponert | | | | |
| Bruk av disposisjonsfond | | 900 000 | 900 000 | 200 000 |
| Bruk av bundne driftsfond | | | | |
| Bruk av ubundne investeringsfond | | 250 000 | 250 000 | |
| Bruk av bundne investeringsfond | | | | |
| bruk av likv.res | | | | |
| **Sum finansiering** | **360 061** | **5 650 000** | **5 650 000** | **379 600** |
| | | | | |
| **Udekket(-)/udisponert(+)** | **-8 913 511** | **0** | **0** | **-5 559 923** |

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Svein Helge Hofslundsengen | FE - 024, FE - 002 | 15/781 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 098/2015 | Formannskapet | PS | 29.09.2015 |
| 091/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Kommunikasjonsplan - Nordhordlandsalternativet/kommunereform**

32T

Kommunikasjonspl

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Som eit ledd i arbeidet med kommunereformprosessen har forhandlingsutvalet i alternativet  Nordhordland utarbeidd ein kommunikasjonsplan. Forhandslingsutvalet legg vekt på at prosessen skal vera open og at den skal leggja til rette for ein god og opplyst samfunnsdebatt. Kommunane skal jobba for å nå alle berørte partar med relevant informasjon, og tilpassa informasjonen og kommunikasjonen til dei aktuelle målgruppene. I tiltaksdelen er der skilt mellom kva som skjer regionalt og i den enkelte kommune. Kvar enkelt kommune har ansvar for å halda sine innbyggarar og tilsette orientert om prosjektet. Forhandlingsutvalet understrekar at det er viktig at kvar kommune har eit aktivt eigarskap til kommunikasjonsplanen og oppfølging av planen. Utvalet ber den enkelte kommune gå gjennom den oppsette tiltakslista og sjå på kva som er naturleg å gjennomføra, og eventuelt koma med andre forslag. Det skal leggast til rette for innbyggarmedverknad og innverknad. Informasjon skal aktivt delast og det skal leggast til rette for fysiske møteplassar og elektroniske kanalar der innbyggarane kan fremja sine synspunkt.

**Fakta**

sjå vedlegg og framlegg til kommunikasjonsplan.

**Konklusjon**

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.

**Formannskapet - 098/2015**

**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta

**Røysting:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.**

REGION NORDHORDLAND

**Regionrådet**
Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy

# Kommunikasjonsplan

# Nordhordland ein kommune – 2020?



Foto: NUI / Eivind Senneset

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

# 1. Bakgrunn og innleiing

Kommunereforma har som mål å legga til rette for at fleire kommunar slår seg saman til større og meir robuste kommunar. Færre og større kommunar skal gi betre kapasitet til å ivareta og vidareutvikle lovpålagte oppgåver, gje betre moglegheiter til å utvikle bærekraftige og gode lokalsamfunn, samt ivareta viktige frivillige oppgåver. Generalistkommuneprinsippet er eit utgangspunkt for reform, og kommunestrukturen skal legga til rette for ein einskapleg og oversiktlig forvaltning.

Regjering og Storting har difor gitt kommunane i oppdrag å sjå på kommunestrukturen ved å ta ein prat med nabokommunen(ane). I Nordhordland ønskjer 8 kommunar å sjå på mogelegheita for å gå saman i ein kommune. Det er Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Modalen, Radøy og Solund, Meland var med i starten.

Desse kommunane har danna eit forhandlingsutval som skal sjå på om det er mogeleg å få til ein kommune i Nordhordland. Forhandlingsutvalet består av tre politikarar frå kvar kommune valt av kommunestyret og i tillegg deltek rådmennene. Leiar i forhandlingsutvalet er ordførar Jon Askeland.

Forhandlingsutvalet skal utarbeide eit forhandlingsdokument som er ein intensjonsavtale. Den skal seia noko om korleis ein ønskjer at den nye kommunen skal vera og kva prinsipp som skal leggast til grunn. Det skal vera ferdig i januar/februar 2016.

Forhandlingsutvalet har oppretta eit arbeidsutval som består av Jon Askeland – ordførar Radøy, Karstein Totland – ordførar i Masfjorden og Bent Gunnar Næss – prosjektleiar.

For at me skal lukkast med dette prosjektet er det viktig at ein har ein open prosess og at ein får engasjert innbyggarane, frivillige lag, næringslivet, ungdom, tilsette.

I eit så stort prosjekt er det viktig å få lagt nokre prinsipp som ein kan vere einige om, og det må også vere avklart kven som har ansvaret for kva.

# 2. Strategi

Me ønskjer å legge fire prinsipp til grunn:

**Openheit**
Arbeidet med kommunereformprosessen i Nordhordland skal vere open og den skal legge til rette for ein god og opplyst samfunnsdebatt. Ein skal ha god dialog med media og sikre dei og innbyggarane innsyn.

**Medverknad**
Det skal leggast til rette for innbyggarmedverknad og innverknad. Informasjon skal aktiv delast og det skal leggast til rette for fysiske møteplassar og elektroniske kanalar der innbyggarane kan fremja sine synspunkt.

**Inkludering**
Me skal jobba for å nå alle berørte partar med relevant informasjon. Me skal tilpassa informasjonen og kommunikasjonen til dei aktuelle målgruppene.

**Aktiv**
Me skal vera aktive med å legga ut korrekt og aktuell informasjon så raskt som mogeleg.

# 3. Mål

Forhandlingsutvalet skal utarbeida eit forhandlingsdokument som er ein intensjonsavtale. Den skal seia noko om korleis ein ønskjer at den nye kommunen skal vera og kva prinsipp som skal leggast til grunn.

Forhandlingsutvalet ønskjer at dette forhandlingsdokumentet skal gje kommunane eit best mogeleg avgjerdsgrunnlag. Det kan me oppnå ved at:

- Forståing for arbeidet og engasjement for saka
- Legge til rette for at korrekt og oppdatert informasjon er tilgjengeleg
- Bidra til å formidle ein balansert heilskap
- Gjere det tydeleg på kva måte innbyggarane har høve til å påverke den endelege avgjerda

# 4. Organisering og ansvar

I eit slikt prosjekt er det viktig at det vert tydeleg kven som har ansvar for kva.

Kvar einskild kommune har ansvar for å halda sine innbyggarar og tilsette orientert om prosjektet. Kvar kommune peikar ut ein person som har ansvaret for å legga til rette for og syte for at kommunikasjonsplan og dei daglege kommunikasjonsoppgåvene vert følgt opp i kvar einskild kommune.

Prosjektleiar og arbeidsgruppa har ansvaret for å gjera arbeidet i forhandlingsutvalet kjent. Arbeidsgruppa har også ansvaret for å informera grupper på regionalt nivå.

Forhandlingsutvalet har gitt eit oppdrag om å gjennomføra ei felles spørjeundersøking til innbyggarane i alle kommunane. Gulen har allereie gjennomført ei slik undersøking.

Prosjektleiar kan yte bistand til kvar einskild kommune.

# 5. Målgruppe, tiltak og ansvar

I tabellen er der sett opp ulike målgrupper og korleis dei kan nåast med ulike tiltak, korleis det kan gjerast og kven som har ansvar for kva. Det er skilt mellom kva som er naturleg å gjennomføra på regionalt nivå og kva som bør gjennomførast i kvar einskild kommune. Dette er ein tiltaksplan som må oppdaterast fortløpande.

| **Tiltak og målgruppe** | **Ansvar** | **Kanal/verkemiddel/ tidspunkt** |
|---|---|---|
| Innkalling til forhandlingsutvalet skal sendast til alle medlemmene, kommunane sine postmottak og lokalavisene | Prosjektleiar | E-post - fortløpande |
| Referat frå forhandlingsutvalet skal sendast til alle medlemmene, kommunane sine postmottak og lokalavisene | Prosjektleiar | E-post - fortløpande |
| Innkalling, sakspapir og møteprotokoll vert fortløpande lagt ut på heimesida til Nordhordland Utviklingsselskap IKS / Region Nordhordland | Prosjektleiar | Heimesida http://www.nordhordland.net/ |
| Det skal gjennomførast innbyggarundersøking i alle kommunane om kommunereforma. Kvar einskild kommune gjer vedtak om evt eiga tilpassing<br>Prosjektleiar – samordnar undersøkinga med å henta inn tilbod | Forhandlingsutvalet<br>Kommunane<br>Arbeidsgruppa<br>Prosjektleiar | Telefon (engasjere eit byrå)<br>Ei undersøking så raskt som mogeleg, med ei oppfølging i slutten av 2015. |
| Næringslivet i regionen | Arbeidsgruppa/ prosjektleiar | Fokusgrupper/-møte<br>Frukostmøte |
| Tillitsvalde – fagorganisasjonane – regionalt nivå | Arbeidsgruppa/ prosjektleiar | Invitere til informasjonsmøte |
| Kyrkjeleg fellesråd/kyrkjeverje - samla for regionen | Arbeidsgruppa/ prosjektleiar | Fokusgrupper/møte |

| | | |
|---|---|---|
| Eldreråda i regionen | Arbeidsgruppa/ prosjektleiar | Fokusgrupper/møte |
| Ungdommane i regionen | Arbeidsgruppa/ prosjektleiar | Invitere til eit felles møte i Nordhordland.<br>Bruke dei to vidaregåande skulane |
| Tiltaksplan i kvar einskild kommune – den må kvar einskild kommune ta ansvar for. *(Noko av det som står her er forslag og det kan vere andre tiltak/målgrupper i den einskilde kommune)* | | |
| | | |
| Kommunestyra | Ordførar i kvar einskild kommune | Halde kommunestyret fortløpande orientert om kva som skjer. |
| Folkemøte i kvar einskild kommune – brei invitasjon | Ordførar i kvar einskild kommune | Møte - fortløpande |
| Kyrkjeleg fellesråd/kyrkjeverje - | Ordførar i kvar einskild kommune | Fokusgrupper/møte |
| Tillitsvalde – fagorganisasjonane – kommunalt nivå | Rådmann i kvar einskild kommune | Invitere til informasjonsmøte |
| Eldreråd | Ordførar i kvar einskild kommune | Fokusgrupper/møte |
| Ungdom – Ungdoms råd | Ordførar i kvar einskild kommune | Fokusgrupper/møte |
| Frivillige lag og organisasjonar | Ordførar i kvar einskild kommune | Fokusgrupper/møte |
| Næringslivet i kommunen | Ordførar i kvar einskild kommune | Fokusgrupper/møte |
| | | |

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Maud Sleire Holmaas | | 15/869 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 092/2015 | Kommunestyret | PS | 28.10.2015 |

**Referatsak**

**32T**

1, Møteutskrift kontrollutvalet den 23.09.2015

2, Skatt på formue og inntekt pr 30. september 2015

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering

**Saksopplysningar:**

Masfjorden kommune

**KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE**
**MØTEUTSKRIFT**

| | |
|---|---|
| **Møtedato:** | **23.09.2015** |
| Stad: | Kommunehuset - Sandnes |
| Kl.: | 09.15 - 12.15 |
| Tilstade: | Vigdis Søvik (leiar), Jan Otto Daae (nestleiar) og Øystein Bolset Strand |
| Innkalla: | Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og ordførar Karstein Totland til sak 11/15, 12/15 og 15/15 |
| Revisjon: | Reidar Bjørsvik |
| Sekretær: | Tonje Husum Aarland |
| Forfall: | |

..........................................................................................................................................

**08/15 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Samrøystes vedtak:**
Innkalling og saksliste vart godkjent.

**09/15 Godkjenning av møteutskrift**

**Samrøystes vedtak:**
Møteutskrift frå 29.04.15 vart godkjent.

**10/15 Skriv og meldingar**

- Brev om val av kontrollutval frå NKRF og FKT

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til orientering.
Kontrollutvalet opplever samarbeidet i eit utval med 3 medlemmer som godt og anbefaler ein slik samansetjing vidare.

**11/15 Oppfølging av revisjonens atterhald i revisjonsrapport nr. 11 – manglande dokumenter til inntektsført billettinntekter**
Sakstilfang: Brev frå revisjonen, brev frå assisterande rådmann m/vedlegg

Kontrollutvalet vurderte kontrollutvalsmedlem Øystein Bolset Strand inhabil i saka. Kontrollutvalet vel å følgje kommunestyret sin praksis ved at et inhabilt kontrollutvalsmedlem går ut av møterommet under saka.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik, rådmann Svein Helge Hofslundsengen og ordførar Karstein Totland orienterte.

I revisjonsrapport nr. 11 var det atterhald om manglande dokumenter til inntektsført billettinntekter. Desse skulle etter planen følgt tidlegare oppretta rutinar, men desse var ikkje følgt. Kontrollutvalet ser det som viktig at det i alle kommunale arrangement er tydelege retningslinjer og gode rutinar for sal av billetter.

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.
Kontrollutvalet viser til revisjonen sitt brev frå 11.09.15 og oppmodar til at regelverket og oppretta rutinar vert følgt i alle kommunale arrangement.

**12/15 Sal av bustadtomter i kommunale bustadfelt**
Sakstilfang: Kjøpeavtale for bustadtomt i kommunalt bustadfelt.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og ordførar Karstein Totland orienterte om saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

**13/15 Oppsummering kontrollutvalet 2011 - 2015**
Sakstilfang: Utkast til oppsummering

Utkast til oppsummering av perioden vart gjennomgått i møte.

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet godkjente oppsummeringa slik den ligg føre.

**14/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet hadde ingen merknadar til møteprotokollane.

**15/15 Eventuelt**
Denne saka vart behandla før sak 13/15.

Ordførar Karstein Totland orienterte om kommunen sin tilstand og framtid og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Ordførar orienterte blant anna om:

- Kommunesamanslåing
- Eigedomsskatt
- Masfjordsambandet
- Bustadfelt
- Tannlege

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om arbeidet med rekneskapet og om budsjettet som etter planen skal leggas fram for kommunestyret i oktober.

**Samrøystes vedtak:**
Kontrollutvalet takka for god orientering.

Dette er siste møtet til kontrollutvalet i denne perioden. Kontrollutvalet ønskjer å takka for godt samarbeid og ønskjer nye kontrollutval velkommen.

Masfjorden, 23.09.15

Vigdis Søvik/leiar

Tonje Husum Aarland/sekretær

Masfjorden kommune

# Oppsummering av arbeidet i kontrollutvalet – Masfjorden kommune – perioden 2011 - 2015

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i valperioden 2011 – 2015. I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

Faste medlemmer:
- Vigdis Søvik (leiar)
- Jan Otto Daae (nestleiar)
- Øystein Bolset Strand

Varemedlemmer:
- 1. Birger Wergeland
- 2. Ellen Andvik
- 3. Marianne Ulvatn

Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret. Kontrollutvalet rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret. Frå og med 01.07.13 er kontrollutvalet sine møter opne på lik linje med andre politiske møter. Kontrollutvalet kan i praksis sjå på alle saker og område i kommunen som kan definerast som kontroll eller tilsyn. I den varsla Stortingsmeldinga om forholdet mellom stat og kommune seier kommunalministeren mellom anna følgjande i eit innlegg på kommunedagane i Oslo mai 2011;

*"Samanhengen mellom kommunal eigenkontroll og statleg tilsyn må bli betre. Regjeringa legg til grunn at ein aktiv og systematisk forvaltningsrevisjon og administrativ internkontroll i kommunane bør kunne redusere behovet for statleg tilsyn og kontroll.*

*Ei statleg styring som byggjer på at kommunane har ansvar for å kontrollere eiga verksemd, gjev høgast effektivitet og det beste grunnlaget for eit levande lokal¬demokrati og lokalt tilpassa oppgåveløysing."*

Kontrollutvalet sitt arbeid er difor viktig for å styrke det lokale sjølvstyre, bidra til at midlane i kommunen vert nytta på ein effektiv måte og vere med å bygge opp under innbyggarane sin tillit til den kommunale forvaltninga. Det er i dette perspektivet kontrollutvalet har utført sitt arbeid i denne perioden.

**Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**
Kontrollutvalet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig og avgjerande reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er også viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjonen og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetre og kvalitetssikre tenestene. I planen for forvaltningsrevisjon som kommunestyret har vedtatt så skal følgjande område/prosjekt prioriterast i denne perioden:
- Planarbeidet i kommune – prosess, ressursbruk og resultat
- Organisering, drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Brannvern – organisering og ressursbruk
- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov

Masfjorden kommune

Kontrollutvalet har i løpet av perioden sett behov for å endre noko på den oppsette planen fordi det har kome innspel til tema som kontrollutvalet har sett det som viktig å følgje opp. I løpet av denne perioden har vi hatt forvaltningsrevisjonsprosjekt som har sett på følgjande tema:

- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov – vart lagt fram for KU i møte 03.06.13

Dette prosjektet har satt fokus på ulike tema som er viktig for kommunen. Kommunen har behov for å ha ein god dokumentasjon på ressursbruken innafor dei store tenesteområda som er skule og pleie og omsorg. Det er viktig at administrasjon føl opp dei tilrådingane som revisjon kjem med i sine rapportar.

Kontrollutvalet har også følgt opp tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt for å sikre at dei tilrådingane som kommunestyret har slutta seg til vert følgt opp. Det gjeld for følgjande prosjekt:

- Oppfølging av rapport om «Tenestetilbodet til barn og unge med særskilte behov»

Kontrollutvalet ønsket å ha selskapskontroll av AS Einekavane (100% eigd av kommunen) jf. sak 31/14 selskapskontroll. Dette er ikkje vore gjort i denne perioden. Kontrollutvalet ønskjer at dette vert gjennomført i neste periode.

Kontrollutvalet har handsama følgjande prosjekt-byggerekneskap:

- Byggerekneskap Utleigebustadane på Sadnes
- Prosjektrekneskap Visma
- Byggerekneskap Matre Symjebasseng
- Prosjektrekneskap Matre Vassverk

**Kommunen sin økonomi og rekneskap**

Kommunen har dei siste åra oppnådd tilfredstillande netto driftsresultat. Dette er viktig for å kunne gi kommunen tilstrekkeleg handlefridom og gode tenestetilbod til innbyggarane framover. Ein del av inntektene til kommunen er usikre og det er difor viktig at ein har ein god buffer i resultatet i gode år.

Kontrollutvalet har peika fleire gonger på at investeringsrekneskapen skjema 2B ofte viser ein del avvik i forhold til vedteke budsjett. Det kan sjå ut til å vere behov for å gjere endringar i budsjettet i løpet av året slik at det vert betre samsvar mellom budsjettet og rekneskapen på dei ulike prosjekta.

I reglementet for finansreglement, kap. 19 i økonomireglementet har kommunen vedteke korleis finansforvaltninga skal vere og krav til rapportering (kap. 19.8). Det står mellom anna at kommunen skal forvalta sine midlar slik at tilfredstillande avkastning kan oppnåast, utan at det inneber vesentleg finansiell risiko. Kontrollutvalet viser til eiga finansrapport – sak 034/15 i kommunestyret.

Kontrollutvalet har fått orientering om den økonomiske stoda til kommunen kvart år i løpet av perioden.

**Andre saker som kontrollutvalet har sett på eller fått orientering om**

- Orientering om den administrative organiseringa i kommunen
- Rutinar ved sal av biletter
- Personalsituasjon ved Gulen og Masfjorden brannvern
- Brukarundersøking skule
- Avtalen om vedlikehald på sentralidrettsanlegget Hosteland
- Orientering om tenesteområdet helse og omsorg
- Orientering om tenesteområdet teknisk og landbruk
- Salet av «gamle banken»
- Kommunen sitt arbeid med etikk og varsling
- Gjennomgang av oversikten over selskap
- B-saker

Kontrollutvalet har vore opptatt av at kommunen skal ha gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte. Ein kommune er avhengig av at innbyggarane har tillit til at ressursane i kommunen vert nytta på ein best mogeleg måte. Det er difor viktig at kommunen har eit aktivt tilsyns- og kontrollorgan, som kan følgje opp kommunestyret sine vedtak og føresetnader, slik det kjem fram i kommunelova § 77 punkt 4. For at kontrollutvalet skal kunne gjere den jobben er det viktig at kommunestyret løyver nok midlar til formålet.

Kontrollutvalet har deltatt aktivt i kurs og opplæring, og leiar har deltatt på kurs for kontrollutvalsleiarar. Kontrollutvalet ser på det som viktig og svært nyttig at kontrollutvalet deltar i slike kurs.

Masfjordnes, 23. september 2015

Vigdis Søvik

Vigdis Søvik
Leiar

Fylkesmannen i
Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
19.10.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/4358 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

**Skatt på formue og inntekt per 30.september 2015**

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 30.september d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 3,7 prosent dei første ni månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 4,9 prosent.

Innbetalt skatt per 30.september d.å. i prosent av budsjett 2015 var 80,6 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 81,0 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 5,1 prosent for kommunane samla i landet. Det er lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet på 4,6 prosent.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anne Kjersti Sande<br>seksjonsleiar | Håvard Rød<br>seniorrådgivar |

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Statens hus
Kaigaten 9, 5020 Bergen
Telefon: 55 57 20 00
Telefaks: 55 57 28 51

Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Postboks 7310, 5020 Bergen
Org.nr: 974760665

E-post:
postmottak@fmho.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/hordaland

**SKATT PÅ EIGE OG INNTEKT FOR KOMMUNANE I HORDALAND**
**Totalbeløp i kr. 1.000,- .**

| KOMMUNE | INNGANG 30.sep 2014 | INNGANG 30.sep 2015 | AUKE I % | INNGANG 30.sep PR. INNB. | BUDSJETT 2015 | AUKE I % BUDSJETT 2015 REKNESKAP 2014 | INNBET. PR. 30.sep I % AV BUDSJETT 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bergen | 6 057 100 | 6 355 200 | 4,9% | 23100 | 7849900 | 3,8 | 81,0 |
| Etne | 74 600 | 74 400 | -0,3% | 18133 | 95400 | 5,9 | 78,0 |
| Sveio | 95 500 | 98 200 | 2,8% | 17825 | 123470 | 5,2 | 79,5 |
| Bømlo | 227 400 | 234 400 | 3,1% | 19930 | 298600 | 5,3 | 78,5 |
| Stord | 368 300 | 390 700 | 6,1% | 20910 | 489325 | 8,7 | 79,8 |
| Fitjar | 59 100 | 64 200 | 8,6% | 20757 | 76930 | 3,5 | 83,5 |
| Tysnes | 52 800 | 56 500 | 7,0% | 20309 | 66000 | 0,9 | 85,6 |
| Kvinnherad | 255 400 | 263 500 | 3,2% | 19911 | 342250 | 7,9 | 77,0 |
| Jondal | 20 700 | 21 300 | 2,9% | 19364 | 27459 | 11,2 | 77,6 |
| Odda | 152 200 | 151 300 | -0,6% | 21764 | 193800 | 1,8 | 78,1 |
| Ullensvang | 64 200 | 65 600 | 2,2% | 19232 | 79000 | 2,1 | 83,0 |
| Eidfjord | 43 500 | 44 800 | 3,0% | 47158 | 48550 | -1,9 | 92,3 |
| Ulvik | 28 100 | 28 500 | 1,4% | 25745 | 32650 | -0,5 | 87,3 |
| Granvin | 14 800 | 16 200 | 9,5% | 17590 | 18460 | -1,3 | 87,8 |
| Voss | 263 600 | 275 200 | 4,4% | 19182 | 343614 | 4,9 | 80,1 |
| Kvam | 154 200 | 157 600 | 2,2% | 18456 | 196449 | 2,4 | 80,2 |
| Fusa | 77 300 | 75 800 | -1,9% | 19750 | 97652 | 8,6 | 77,6 |
| Samnanger | 47 000 | 49 900 | 6,2% | 20426 | 56860 | -0,9 | 87,8 |
| Os | 363 500 | 378 100 | 4,0% | 19799 | 480100 | 7,9 | 78,8 |
| Austevoll | 137 200 | 154 700 | 12,8% | 30866 | 147455 | -11,8 | 104,9 |
| Sund | 121 100 | 126 000 | 4,0% | 18661 | 158470 | 4,9 | 79,5 |
| Fjell | 491 400 | 511 400 | 4,1% | 20936 | 633256 | 3,4 | 80,8 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Askøy | 498 700 | 522 000 | 4,7% | 18738 | 637874 | 4,1 | 81,8 |
| Vaksdal | 77 400 | 79 600 | 2,8% | 19434 | 92700 | 1,0 | 85,9 |
| | | | | | | | |
| Modalen | 22 200 | 22 700 | 2,3% | 60053 | 22600 | -3,0 | 100,4 |
| Osterøy | 130 400 | 133 900 | 2,7% | 17075 | 166100 | 4,2 | 80,6 |
| Meland | 130 600 | 139 700 | 7,0% | 18058 | 192820 | 19,8 | 72,5 |
| Øygarden | 87 900 | 86 900 | -1,1% | 18360 | 113293 | 6,8 | 76,7 |
| Radøy | 89 000 | 91 200 | 2,5% | 18189 | 115665 | 4,2 | 78,8 |
| | | | | | | | |
| Lindås | 305 400 | 307 700 | 0,8% | 19978 | 382495 | 3,1 | 80,4 |
| Austrheim | 68 400 | 65 100 | -4,8% | 22794 | 89800 | 6,1 | 72,5 |
| Fedje | 10 000 | 10 300 | 3,0% | 18295 | 14100 | 11,0 | 73,0 |
| Masfjorden | 41 400 | 43 700 | 5,6% | 25646 | 50286 | -1,0 | 86,9 |
| SUM: | 10630400 | 11096300 | 4,4% | 21700 | 13 733 383 | 4,2 | 80,8 |
| SUM UTANOM BERGEN | 4573300 | 4741100 | 3,7% | 20069 | 5 883 483 | 4,7 | 80,6 |

Kontroll skatt

| | | |
|---|---|---|
| Bergen | | 7 561 500 |
| Etne | | 90 100 |
| | | |
| Sveio | | 117 400 |
| Bømlo | | 283 600 |

| | |
|---|---|
| Stord | 450 100 |
| Fitjar | 74 300 |
| Tysnes | 65 400 |
| Kvinnherad | 317 300 |
| Jondal | 24 700 |
| Odda | 190 300 |
| Ullensvang | 77 400 |
| Eidfjord | 49 500 |
| Ulvik | 32 800 |
| Granvin | 18 700 |
| Voss | 327 700 |
| Kvam | 191 900 |
| Fusa | 89 900 |
| Samnanger | 57 400 |
| Os | 444 900 |
| Austevoll | 167 200 |
| Sund | 151 100 |
| Fjell | 612 200 |
| Askøy | 613 000 |
| Vaksdal | 91 800 |
| Modalen | 23 300 |
| Osterøy | 159 400 |
| Meland | 160 900 |
| Øygarden | 106 100 |
| Radøy | 111 000 |
| Lindås | 371 000 |
| Austrheim | 84 600 |
| Fedje | 12 700 |
| Masfjorden | 50 800 |
| SUM: | 13 180 000 |
| SUM UTANOM BERGEN | 5 618 500 |